

Allmennkringkastings- rapporten 2024

Delrapport om NRK

– Vurdering av programverksemda og korleis NRK
oppfylte allmennkringkastingsoppdraget



Innhold

1	Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK	4
1.1	Oppsummering av tilsynsresultatet for 2024	5
2	Vurdering av NRKs programverksemd i 2024	11
2.1	NRKs demokratiske rolle	11
2.2	Bidrag til det norske mediemangfaldet	15
2.3	Høg kvalitet, mangfald og nyskaping	32
2.4	Nyheits- og aktualitetsdekninga	53
2.5	Distrikt	61
2.6	Barn og unge	68
2.7	Samisk språk, identitet og kultur	76
2.8	Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfaldet	84
2.9	Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film	102
2.10	Tilgjengelegheit og beredskap	123
2.11	Redaksjonelt uavhengig og reklamefri	141



Allmennkringkastingsoppdraget
og finansieringa av NRK

1 Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK

NRK er organisert som eit statleg aksjeselskap, og Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) forvaltar eigarskapet. Kultur- og likestillingsministeren er generalforsamlinga i NRK og fastset vedtektene til selskapet.

Stortinget fastset dei overordna krava og rammene for allmennkringkastingsoppdraget i NRK-plakaten, og i 2023 fastsette Stortinget dei første fireårige styringssignala for dei økonomiske rammene til NRK fram til og med 2026.¹ Stortinget løyvde vel 6 milliardar kroner til NRK i 2024 i tillegg til å dekke NRKs utgifter til utgåande meirverdiavgift. For åra 2024–2026 bestemte Stortinget at den økonomiske ramma til NRK kvart år skal justerast i takt med lønns- og prisvekst. Den nye ordninga med langsiktige styringssignal skal bidra til å gjere økonomien meir føreseieleg og styrke sjølvstendet for NRK.² Stortinget har også slutta seg til at Kultur- og likestillingsdepartementet kvart fjerde år skal vurdere om det er behov for endringar i allmennkringkastingsoppdraget til NRK og sjå på korleis tilbodet til NRK påverkar kommersielle medium og det totale medietilbodet til publikum. Våren 2025 fekk Medietilsynet i oppdrag å utarbeide ein rapport om korleis NRK bidrar til mediemangfaldet og korleis verksemda til NRK verkar inn på konkurransesituasjonen i den norske mediemarknaden.³ Dette blir tredje gongen Medietilsynet gjer ei slik brei utgreiing om NRKs rolle i mediemarknaden. Dei føregåande rapportane blei lagt fram i 2018 og 2021.⁴ Oppdraget Medietilsynet har fått i 2025 er i hovudtrekk likt som i 2021, og departementet ber Medietilsynet om å bruke same metode og datagrunnlag som blei nytta i den førre NRK-utgreiinga der det er hensiktsmessig. Slik er det mogleg å samanlikne rapportane og sjå utviklinga over tid.

Allmennkringkastingsoppdraget er formelt gitt i vedtektene til NRK, der NRK-plakaten er tatt inn i sin heilskap og utdjupa med meir detaljerte krav til allmennkringkastingsverksemda. Oppdraget til NRK er utvida og presisert gjennom dei siste åra, seinast frå 2023 i tråd med

¹ På oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet bidrog Medietilsynet til det faktabaserte grunnlaget for utforminga av dei fireårige styringssignala for perioden 2023–2026, både for dei økonomiske rammene til NRK og om det var behov for å gjere endringar i allmennkringkastingsoppdraget til NRK, sjå Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet 2021 – En analyse av NRKs bidrag til innholds- og bruksmangfoldet, NRKs samarbeid med andre medieaktører og konkurransemessige virkningar av NRKs nyhets- og aktualitetstilbud på nett*.

² Ordninga med fireårige styringssignal er lovfesta i mediestøttelova (Lov 18. desember 202 nr. 153 om økonomisk støtte til mediene §1).

³ Brev av 31. mars 2025 frå Kultur- og likestillingsdepartementet Oppdragsbrev til Medietilsynet – NRKs bidrag til mediemangfoldet og konkurransemessige virkningar av NRKs tilbud.

⁴ Medietilsynet (2018) *NRKs bidrag til mediemangfoldet* og Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet*.

Stortingets vedtak om ny NRK-plakat i 2022.⁵ Innholdet i den tidlegare NRK-plakaten er i stor grad vidareført. NRK fekk samtidig nokre nye krav, og andre krav blei skjerpa.

Krava i vedtektene til NRK ligg til grunn for Medietilsynets vurdering og tilsyn med korleis NRK oppfyller oppdraget sitt. Det følger av kringkastingslova at Medietilsynet kvart år skal utarbeide ein rapport om korleis kringkastarane oppfyller allmennkringkastingsforpliktingane sine. Tilsynet med forpliktingane til NRK er basert på ein gjennomgang av allmennkringkastarrekeskapen, der NRK gjer greie for programtilbodet det siste året og korleis forpliktingane er oppfylte. Generalforsamlinga til NRK følger opp Medietilsynets vurdering av NRK og eventuelle brott på krava i vedtektene.

1.1 Oppsummering av tilsynsresultatet for 2024

NRK skal som offentleg finansiert allmennkringkastar fylle ei særskilt demokratisk, kulturell og sosial rolle i den norske mediemarknaden. For å fremme auka innhalds- og bruksmangfald er det viktig at NRK kombinerer samlande, folkelege tilbod med brei appell og tilbod som enten ut frå tema eller målgruppe har ein smalare publikumsappell. Oppdraget til NRK er derfor utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som er tilgjengeleg for heile befolkninga, slik at NRK bidrar til innhalds- og bruksmangfald gjennom verksemda som allmennkringkastar.

Samansette truslar som påverking gjennom falske nyheiter og desinformasjon på sosiale medium er framheva av Totalberedskapskommisjonen som ein av dei største truslane mot dei liberale, demokratiske verdiane og den høge tilliten som pregar det norske samfunnet.⁶ Utviklinga gjer at rolla NRK og andre redaktørstyrte journalistiske medium har for den demokratiske infrastrukturen stadig er viktig – og kanskje viktigare enn nokon gong. I 2024 har NRK vidareført samarbeidet med andre norske medium og faktisk.no om faktasjekk og verifisering av bilde og videoar frå krigsområde som Ukraina og Israel/Gaza. Materialet blir også gjort tilgjengeleg for alle norske redaktørstyrte journalistiske medium uavhengig om dei deltar i prosjektet eller ikkje. Dette tiltaket representerer ei god tilnærming i det viktige arbeidet for å motverke feil- og desinformasjon.

Faktisk Verifiserbar og Samarbeidsdesken er gode eksempel på korleis NRK og andre redaktørstyrte journalistiske medium gjennom samarbeid kan trekke vekslar på den respektive kompetansen i dei ulike miljøa og utvikle ny kompetanse til beste for mediemangfaldet og publikum. Faktabasert og sanningssøkande journalistikk er avgjerande for å oppretthalde rolla og tilliten som dei redaktørstyrte journalistiske media har i samfunnet. Medietilsynet ser også positivt på korleis innsikt og ressursar både blir henta og delt på tvers

⁵ Vedtektene for NRK blei sist endra i ekstraordinær generalforsamling 27. januar 2023, tilgjengeleg 01.06.2024 på <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/film-og-medier/innsiktsartikler/kringkasting---regelverk/id86810/>. Stortingets behandling av innstillinga til statsbudsjettet for 2023 under rammeområde 3 (omfattar kapittel under Kultur- og likestillingsdepartementet), tilgjengeleg på <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/film-og-medier/innsiktsartikler/kringkasting---regelverk/id86810/>

⁶ NOU 2023:17 Nå er det alvor – Totalberedskapskommisjonen

av ulike medium lokalt, regionalt og nasjonalt og samarbeidet med kompetansemiljø som faktisk.no og Senter for undersøkende journalistikk (SUJO).

Tilsynsresultatet for programåret 2024 viser at NRK i det store og det heile oppfylte samfunnsoppdraget sitt i samsvar med krava. Utreiinga frå NRK viser at allmennkringkastaren jobbar godt for å vareta dei utvida musikk- og språkkrava som inngår i oppdraget frå 2023. Medietilsynet har komme fram til at NRK har brote eitt av dei rundt 50 krava til programverksemda. Dette gjeld kravet om 25 prosent nynorsk på nett. NRK ligg med 23,2 prosent nynorsk på nrk.no i 2024 nærmare minstekravet for bruk av nynorsk på nett enn nokon gong tidlegare og innfridde i 2024 også for første gong sidan 2019 nynorskkravet på radio.

Nokre utvalde konklusjonar frå tilsynet i 2024:

- NRK styrker mediemangfaldet i Noreg gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget sitt.
- NRK har i alle år hatt utfordringar med å oppfylle kravet til minst 25 prosent nynorsk på alle medieplattformer, men i 2024 oppfylte NRK for første gong på fem år nynorskkravet på radio med eit snitt på 25,2 prosent nynorsk. NRK oppfylte også kravet på tv, med eit snitt på 29,4 prosent nynorsk. På nett ligg NRK framleis under kravet med 23,2 prosent nynorsk i 2024.
- NRK har hatt distriktssendingar alle kvardagar både på tv og radio og har eit løpande oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på nett. NRK oppfylte også kravet om å vere til stades i alle fylka og har tilpassa organiseringa til den nye fylkesinndelinga som gjaldt frå januar 2024. Brei lokal forankring i dekninga av distrikta og tilbodet til ulike minoritetsgrupper speglar ulike sider av den norske verkelegheita.
- NRK Nyheiter produserer løpande nyheitsdekning på radio, tv og nett. NRK hadde i 2024 eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod, ei rekke debattprogram og faste program som forklarar nyheitsbildet og set det i ein større samanheng. Gjennom nyheits- og samfunnsprogramma bidrog NRK også til auka kunnskap om internasjonale forhold. Nyheits- og aktualitetstilbodet er retta mot ulike aldersgrupper inkludert barn og unge.
- NRK satsar på undersøkende journalistikk og har fleire eksempel på større prosjekt, program og nettsaker i 2024 der kritikkverdige forhold både på individ- og systemnivå er belyste. NRK oppfylte kravet om å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å verne enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå offentlege myndigheiter og institusjonar, private føretak eller andre. Det er føresett at NRK har høge etiske standardar og er godt rusta til å handtere presseetiske dilemma, ikkje minst innanfor produksjon og formidling av fakta- og dokumentarstoff. I lys av brotta på god presseskikk som PFU konkluderte med i dokumentarserien *Ingen elsker Bamsegutt*, er tiltaka NRK gjer for å styrke det presseetiske arbeidet i krevjande saker, viktig.

- Det samla tilbodet til NRK hadde høg kvalitet og ei stor breidde i tematikk og sjangrar i 2024. Vidare hadde NRK eit solid innhaldstilbod som kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap. NRK oppfylte også kravet om å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar. I tråd med oppdraget tilbydde NRK innhald som er tilrettelagt for skoleverket.
- I 2024 har NRK gjennom ulike sjangrar, som dramasatsinga *Makta* og serien *Leo og de farlige*, tatt opp samfunnsrelevante tema som er med på å sette dagsorden og skape debatt. Dette er eksempel på korleis NRK i ulike prosjekt foreinar underhaldning, opplysning og synleggjering av ulike tema og grupper som samla sett skapar meirverdi i tilbodet.
- NRK Sápmi har daglege samiskspråklege program for den samiske befolkninga og har sendt innhald på både nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. NRK oppfylte også krava til jamlege program på samisk for barn og unge. Tiltaka NRK gjer med omsyn til å rekruttere, motivere og utvikle samiskspråklege journalistar, har ein meirverdi med omsyn til samisk representasjon og språkutvikling utover at det styrker NRKs evne til å oppfylle oppdraget sitt som allmennkringkastar.
- NRK oppfylte kravet om å ha eit tilbod til både breie og smale grupper i befolkninga og tilbod som appellerer til alle aldersgrupper.
- NRK bidrar til det norske mediemangfaldet både regionalt og nasjonalt, blant anna gjennom ei rekke ulike tiltak og samarbeid med andre medieaktørar. Utgreiinga frå NRK viser at allmennkringkastaren ofte tar initiativ til samarbeid og viser openheit med omsyn til deling av kompetanse og kunnskap, og at samarbeidstiltaka samla fremmer mediemangfaldet.
- NRK oppfylte kravet om å tilby kulturstoff til både smale og breie grupper inkludert eigne kulturprogram. NRKs utgreiing viser at det er ei breidde i kulturformidlinga der ein brei variasjon av kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og kulturinstitusjonar i Noreg er representerte i formidlinga. Kulturtema som har eit smalare publikumspotensial, er også ein del av tilbodet til NRK. NRK oppfylte i 2024 også kravet om å ha eit løpande oppdatert tilbod innanfor kunst, kultur og underhaldning på nett.
- NRK oppfylte krava om å formidle norsk drama og film og stimulere norske produksjonsmiljø. NRK oppfylte også kravet om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet på tv frå 2022 til og med 2024 med eit snitt på 49,7 prosent.
- NRK oppfylte kravet om å formidle innhald frå Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, nordisk kultur og språk i 2024. Medlemskapet i Nordvisjon og dei langsiktige produksjonsavtalane med dei andre nordiske allmennkringkastarane bidrar positivt til at NRK oppfyller dette kravet.
- NRK oppfylte krava knytte til å fremme retten barn har til ytringsfridom og informasjon og til å skjerme barn mot skadelege former for innhald. NRK hadde i 2024 daglege

norskspråklege program for barn under tolv år og jamlege norskspråklege program for unge. NRK oppfylte også kravet om å ha eigenutvikla innhald for barn og unge på internett som blir løpande oppdatert.

- NRK spelte minst 40 prosent norsk musikk i NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheiter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk i 2024. Medietilsynet vurderer også at NRK i desse ti kanalane la vekt på norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk. NRK oppfylte også krava om å fremme musikk frå samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar og å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg. Distriktskontora er viktige i formidlinga av lokale artistar, komponistar og tekstforfattarar.
- NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og nett. Medietilsynets vurdering er at NRK i 2024 oppfylte kravet om at tilbodet i hovudsak skal ha norskspråkleg innhald. Vidare oppfylte NRK språkoppdraget knytt til innhald for teiknspråklege og på teiknspråk i 2024.
- NRK arbeider systematisk og godt med universell utforming av innhaldstilbodet og har eit breitt tilbod til syns- og hørselshemma.
- NRK formidlar kunnskap om og viser mangfaldet i det norske samfunnet både gjennom fleirkulturell kompetanse og innhaldstilbod. Den generelle innhaldsstrategien og arbeidet med å rekruttere og bygge mangfaldskompetanse gjer at NRK på ein god måte bidrar til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfald av identitetar.
- NRK har sendt program for nasjonale og språklege minoritetar i 2024. NRK tilbyr program og nettsaker på kvensk og oppfylte delar av kravet om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk i 2024. NRK sende også ein kortfilm der hovudspråket var romanes våren 2024. Medietilsynet har forståing for at manglande normering av skriftspråka til romani og romanes utfordrar innhaldsproduksjonen og ser positivt på initiativet NRK har tatt for å kartlegge språksituasjonen med sikte på å utvikle innhald på desse to minoritetsspråka. Medietilsynet meiner vidare at NRK i tematikken sin og programlegginga om og til dei nasjonale minoritetane har mange eksempel som handlar om å synleggjere og fremme kulturen og språka deira, noko som også bidrar til å oppfylle formålet om at nasjonale minoritetar deltar aktivt og kan uttrykke og vidareutvikle språket sitt og kulturen sin. Ein eigen konsertserie med KORK bidrog i 2024 til å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg.
- NRK har samla formidla og belyst eit breitt spekter av religiøse perspektiv og livssyn i 2024. Formidlinga har eit tyngdepunkt i kristne tradisjonar i tilbodet, men speglar også eit mangfald av livssyn og religionar i det norske samfunnet. NRK har dei seinare åra styrkt formidlinga frå islamske høgtider.
- NRK har i 2024 hatt sportssendingar som dekte både breidda i norsk idrettssliv og store idrettshendingar. NRK har også dekt idrettsøvingar for personar med funksjonsvariasjonar.

- NRK oppfyller krava til at allmennkringkastingstilbodet skal vere reklamefritt, og at NRKs redaksjonelle avgjerder ikkje er styrte av kommersielle omsyn. NRK oppfyller også kravet om ein avgrensa bruk av sponning og har generelt høg merksemd og etablerte rutinar for bruk av sponning i organisasjonen.
- I lys av det særskilde beredskapsansvaret NRK har i ei eventuell nasjonal krise, er det positivt at NRK i 2024 har oppdatert innsikta om risikofaktorane i trusselbildet og gjennomførte tiltak for å sikre ein meir robust publiserings- og sendeevne.



Vurdering av programverksemda til NRK

2 Vurdering av NRKs programverksemd i 2024

2.1 NRKs demokratiske rolle

Vedtektene:

§ 12 NRK skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet.

§ 13 NRK skal ivareta ytringsfrihet og ytringsvilkår for borgerne. NRK skal være redaksjonelt uavhengig og være balansert over tid. NRK skal bidra til å fremme den offentlige samtalen og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser.

NRK skal med det samla allmennkringkastingstilbudet støtte og styrke demokratiet og oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. Det overordna kravet i § 12 fortel om formålet med allmennkringkastingsoppdraget til NRK. § 13 reflekterer at NRK har ein viktig funksjon knytt til det såkalla infrastrukturkravet i Grunnlova § 100 sjette ledd, som inneber at staten har ansvar for å legge til rette for kanalar og institusjonar som bidrar til ein open og opplyst offentlig samtale. NRK har eit særleg ansvar for å fremme den offentlege samtalen, og § 13 presiserer at dette inneber å legge til rette for ytringsfridommen og ytringsvilkåra til borgarane. Oppdraget inneheld fleire krav som skal sikre at NRK gir løpande oppdatert og fordypande informasjon som er relevant for den offentlege debatten i eit velfungerande demokrati.

Vurderinga av korleis NRK oppfyller dei overordna krava i §§ 12 og 13 bygger på ei totalvurdering av korleis dei meir spesifikke krava til innhaldstilbudet blir oppfylte. Samla viser delvurderingane at NRK på eit overordna plan løyser allmennkringkastingsoppdraget på ein god måte.

NRK viser til at 91 prosent av befolkninga brukte eit eller fleire av NRKs tilbod i 2024, noko som støttar opp om at NRK fyller rolla som ein fellesarena på tvers av ulike grupper i det norske samfunnet. NRK gjer greie for et kontinuerleg arbeid for å tilpasse og vidareutvikle strategien for å oppfylle allmennkringkastaroppdraget i takt med skiftande samfunnsforhold og endringar i mediebruken. Dei tre måla NRK har løfta opp som dei viktigaste i den reviderte strategien frå 2024, er at NRK skal «styrke og utvikle demokratiet», «løfte og berike norsk og samisk språk og kultur» og «samle og engasjere alle som bor i Norge». Strategien reflekterer korleis NRK styrer verksemda etter formålet med allmennkringkastingsoppdraget om å bidra til å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. NRK gjer greie for korleis dei konkrete måla for prioritering av innhald og produktutvikling blir reviderte i årlege strategiprosessar. NRK har peikt ut fire område som det er viktig å lukkast med for å kunne løyse allmennkringkastingsoppdraget i framtida:

- «NRK skal skape store fellesopplevelser»: NRK meiner at dette kan gjerast både gjennom at NRK samlar mange på same tid, og gjennom at NRK set agenda og skaper felles referansar.

- «NRK skal være først med det siste, forklare og vise sammenhenger»: Dette inneber blant anna at publikum skal kunne stole på at NRK er raskt ute med å dekke og forklare bakgrunn og samanhengar når det skjer noko viktig i Noreg eller i verda.
- «NRK skal begeistre med innhold ingen andre lager»: NRK forklarar at vi i global konkurranse og med eit lite språk treng ein allmennkringkastar som speglar vår eiga verkelegheit og løfter stemmer og perspektiv som er unike for Noreg.
- «NRK skal være attraktiv for hver ny generasjon»: Her har NRK blant anna eit mål om å lage innhald for nye generasjonar slik at dei får ein sjølvstendig relasjon til NRK og opplever NRK som relevant.

NRK viser til at framveksten av autoritære regime og ei svekking av liberale demokrati krev ein auka innsats for journalistikken. Medietilsynet er samd med NRK i at når nyheitsbildet er prega av vedvarande kriser, krigar og naturkatastrofar, skjerpar det krava til sannferdig, balansert og kritisk journalistikk som skal hjelpe befolkninga med å analysere og forstå nyheitsbildet og samfunnet. NRK er opptatt av at omdømmet til NRK heng saman med kvaliteten på innhaldet som blir formidla. Vidare viser NRK til at utbreiinga og bruken av kunstig intelligens understrekar kor viktig rolle NRK spelar gjennom sannferdig formidling og det å avsløre løgn og falske historier. *Oppdatert* er ein av dei mest populære podkastane i Noreg og er eit av innhaldstilboda til NRK som skal bidra til å forklare samanhengar og gi bakgrunn for å forstå nyheitsbildet.

Prinsippet om at NRK skal vere redaksjonelt uavhengig, er grunnleggande for at NRK skal kunne løyse allmennkringkastingsoppdraget på ein tilfredsstillande måte. Det er også viktig at NRK er balansert over tid, ikkje minst i opplysningsaktiviteten sin. NRK viser til at høg tillit er ein av dei viktigaste indikatorane på ein sterk og uavhengig allmennkringkastar. NRKs eiga årlege profilundersøking måler kva oppfatning befolkninga har av NRK, og kor nøgde dei er med NRK. I 2024 sa 84 prosent at dei hadde tillit til NRK. Dette er på same nivå som dei tre føregåande åra. Tilliten er stabilt høg i alle publikumssegmenta. 84 prosent meinte NRK er viktig for samfunnet, og 70 prosent meinte at NRK er viktig for dei personleg. Vidare meinte 87 prosent at NRK oppfyller allmennkringkastarmandatet, og 91 prosent meinte at NRK tilbydde «troverdige nyheter informasjon og dokumentarer» i 2024. Resultata samsvarer med den årlege undersøkinga frå Ipsos som måler omdømmet norske verksemdar har i den norske befolkninga. I 2024 viste undersøkinga at 80 prosent hadde eit svært godt eller ganske godt inntrykk av NRK. Mediemangfaldsrekneskapen til Medietilsynet viser at det er høg tillit til dei redaktørstyrte media i Noreg, og NRK er det mediet som har tillit hos den største andelen av befolkninga (79 prosent hadde høg eller ganske høg tillit til NRK hausten 2024).⁷

Allmennkringkastarrekneskapen for 2024 viser at NRK har eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod. Ei rekke debattprogram og andre faste program forklarar nyheitsbildet og set det inn i ein større samanheng. NRK gjer greie for at både *Debatten* og *Dagsnytt 18* dekker tematisk breitt og bidrar til å drive den offentlege samtalen, saman med program som *Politisk kvarter* og *Helgemorgen*. Radio- og tv-programmet *Helgemorgen* blir produsert i og publisert frå Tromsø, noko som bidrar til betre geografisk spreing og eit større mangfald av

⁷ Medietilsynet (2025) *Mediemangfaldsrekneskapen – Mediemangfald i eit bruksperspektiv*, mai 2025.

bruken av kjelder. NRK gjer greie for at det eit strategisk mål å føre mest mogleg av dialogen med publikum på NRKs eigne plattformer heller enn på tredjepartsplattformer som Facebook, X og Instagram. NRK har også eit avgrensa nærvær på tredjeparts plattformer generelt. Gjennom *Debatten digitalt* og *NRK Svarer* tar NRK den digitale debatten heim til sin eigen arena for å skape eit trygt og konstruktivt ytringsrom, og såleis bidrar NRK til å styrke den offentlege samtalen. NRK gir også eksempel på at tilbod innanfor andre sjangrar og format bidrog til den opne og opplyste offentlege samtalen i 2024. I dokumentarserien *Leo og de farlige* møtte Leo Ajkic forvaringsdømte, skildra historiene deira og tok opp spørsmål som inviterte til refleksjon. Serien bidrog til offentlig debatt om soningsforhold og rehabilitering av dei som sonar forvaringsdommar for grov kriminalitet.

NRK er medlem i Norsk Presseforbund og følger dei felles etiske regelverka til media, som Redaktørplakaten og Ver Varsam-plakaten. NRK viser til at regelverka, og vurderingar knytte til dei, jamleg blir diskuterte, og at for eksempel utbreiinga og bruken av kunstig intelligens skaper eit behov for å tydeleggjere korleis reglane skal haldast ved lag når nye verktøy blir tatt i bruk. I 2024 har NRK innført eigne retningslinjer for redaksjonell bruk av KI. Medietilsynet viser til at eit av dei nye spørsmåla i 2024-undersøkinga om motivasjon og interesse for nyheiter i bruksmangfaldsrapporten⁸ tyder på at svært mange er usikre på bruken av KI i norske nyheitsmedium. Heile 70 prosent svarte «veit ikkje» eller «verken eller» på spørsmålet om dei meiner norske nyheitsmedium bruker KI på ein forsvarleg måte eller ikkje. Dette understrekar kor viktig det er at NRK og andre norske redaktørstyrte medium er opne om dei journalistiske arbeidsmetodane sine og om korleis redaksjonane sikrar faktasjekk og ei forsvarleg bruk av KI.

Konklusjon: Medietilsynet har etter ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller krava til allmennkringkastingsverksemda, komme fram til at dei overordna krava i §§ 12 og 13 er oppfylte i 2024.

⁸ Medietilsynet (2025) *Mediemangfaldsrekneskapen – mediemangfald i eit bruksperspektiv*



Bidrag til det norske mediemangfaldet

2.2 Bidrag til det norske mediemangfaldet

Vedtektene:

§ 14 NRK skal ha et selvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfoldet (regionalt og nasjonalt).

§ 26 NRK skal ha et særlig ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner.

NRK oppfyller kravet om å bidra til det norske mediemangfoldet nasjonalt og regionalt, gjennom å utføre oppdraget som er nedfelt i NRK-plakaten og vedtektene og gjennom samarbeid med andre medieaktører – både lokalt, regionalt og nasjonalt. I vurderinga av korleis dette kravet blir oppfylt, legg Medietilsynet også vekt på kva rutinar NRK har for å gjere arkiva sine tilgjengelege, og kva praksis NRK har for å sitere og kreditere andre redaksjonelle medium.

Oppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga. NRK viser til dei tre dimensjonane i mediemangfaldet: mangfald i avsendarar (inkludert geografi), mangfald i innhald og mangfald i bruk. I allmennkringkastarrekneskapen dokumenterer NRK at verksemda bidrar til innhaldsmangfald. Dette blir gjort gjennom ei stor sjangerbreidde for breie og smale grupper, og med innhald for alle aldersgrupper. I tillegg er NRK redaksjonelt til stades over heile landet, dei publiserer nyheiter og aktualitetar frå distrikta til eit nasjonalt publikum, og dei tilbyr ei brei utanriksdekning. NRK gjer også innhaldet tilgjengeleg for personar med funksjonsvariasjonar. Medietilsynet vurderer at NRK på denne måten bidrar til det norske mediemangfaldet gjennom å oppfylle allmennkringkastingsoppdraget sitt.

Kravet om at NRK skal bidra til det norske mediemangfaldet, bygger på ei einigheit i Stortinget om at NRK har ei særstilling i det norske medielandskapet.⁹ Stortinget meinte at mangfaldet blir skapt ved at alle aktører, inkludert NRK, bidrar til å utvikle journalistikk og meningsutveksling innanfor dei rammene som til kvar tid eksisterer. Samtidig var det einigheit i Stortinget om at NRK skal sjå til at aktiviteten deira ikkje er til hinder for andre aktører i den norske mediemarknaden. Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) har presisert at ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner må balanserast mot ansvaret NRK har for å bidra til det norske mediemangfaldet. Samtidig som kravet i vedtektene framhevar ansvaret NRK har for det lokale mediemangfaldet, har KUD understreka betydninga av at distriktskontora til NRK ikkje definerer seg som ein konkurrent til lokalavisene, men at NRK lokalt bidrar til å styrke det lokale mediemangfaldet og det samla tilbodet til publikum.

Vurderingar av kva konkurranseeffektar NRK har for kommersielle aktører i marknaden blir ikkje gjorde i det årlege tilsynet med allmennkringkastingsoppdraget, men som ein del av faktagrunnlaget i samband med at Stortinget skal fastsette dei langsiktige økonomiske rammene for mediestøtta – inkludert NRK. Sist Medietilsynet gjorde ein slik analyse, var på

⁹ Sjå Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst – Allmennkringkasting og mediemangfald*, behandla i Innst. 178 S (2015–2016) og drøfta og vedtatt i Stortinget 1. mars 2016.

oppdrag frå KUD i 2021.¹⁰ Medietilsynet har i 2025 fått eit tilsvarande oppdrag frå KUD der det blant anna skal gjennomførast ein ny analyse av dei konkurransemessige verknadene av NRKs nyheits- og aktualitetstilbod på nett, nasjonalt og regionalt.¹¹

Medietilsynet legg til grunn at dei empiriske undersøkingane som blei innhenta til 2021-rapporten og statusrapportane i Mediemangfoldsrekneskapen, gir viktig innsikt i kva tematiske og geografiske blindsoner som finst.¹² Kunnskapen er eit viktig supplement til NRKs egne kartleggingar og vurderingar av journalistiske blindsoner. Vidare er det gjennom tilsynspraksis dei siste åra slått fast at NRKs utgreiing om samarbeid med andre medieaktørar, inkludert praksis for å kreditere og sitere, går inn i vurderingsgrunnlaget for korleis NRK oppfyller kravet om å bidra til det norske mediemangfoldet, nasjonalt og regionalt.¹³

2.2.1 NRKs samarbeid med andre aktørar

I vurderinga av om NRK bidrar til det norske mediemangfoldet gjennom samarbeid med andre, legg Medietilsynet vekt på at NRK kan dokumentere å vere ein open og aktiv initiativtakar til samarbeid, og at alle medieaktørar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå får like moglegheiter til å inngå slike samarbeid.

NRK har ein eigen redaktør for mediemangfold og samarbeid som har som hovudoppgåve å legge til rette for at heile NRK leverer på oppdraget om å bidra til det norske mediemangfoldet.¹⁴ Redaktøren fungerer som kontaktpunkt inn i NRK for aktørar som enten ønsker samarbeid eller kontakt med andre miljø i NRK.

NRK hadde i 2024 møte og dialog jamleg med ulike mediehus, konsernleiarar, enkeltredaktørar, interesseorganisasjonar, forskarar og utdanningsinstitusjonar. Møta gir

¹⁰ Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – Rapport fra Medietilsynet til Kulturdepartementet*.

¹¹ Kulturdepartementet har gitt Medietilsynet i oppdrag å utarbeide ein rapport om korleis NRK bidrar til mediemangfoldet og korleis verksemda til NRK verkar inn på konkurransesituasjonen i den norske mediemarknaden. Bakgrunnen for oppdraget er å skaffe eit faktabasert grunnlag for utforminga av fireårige styringssignal for perioden 2027–2030 for dei økonomiske rammene for NRK, og for vurderinga av om det er behov for endringar i NRKs allmennkringkastingsoppdrag. Fristen for levere rapporten er april 2026.

¹² Sjå rapportane på nettstaden til Medietilsynet, <https://www.medietilsynet.no/fakta/rapporter/mediemangfoldsregnskapet/>

¹³ I Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfold og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* slutta KUD seg til Medietilsynets vurdering i rapporten frå 2018 om NRKs bidrag til mediemangfold når det gjeld korleis NRK praktiserer samarbeid med andre medieaktørar, kreditering og sitering. Departementet slutta seg til at NRK bør vere tilbakehaldne med å sitere for mykje frå saker som kommersielle medieaktørar har publisert i betalingsløysingane sine, for å sikre at insentivet til – og meirverdien ved – å oppsøke originalkjelda blir oppretthalden. NRK bør også ha ein konsekvent og raus praksis for å kreditere. Vidare bør NRK aktivt søke å samarbeide med andre medieaktørar, for eksempel i samband med dekning av val.

¹⁴ NRK opplyser at redaktøren for mediemangfold og samarbeid er plassert i divisjonen for strategi og medium.

NRK oppdatert kunnskap om dei eksterne forventningane og behova knytte til oppdraget til NRK. NRK meiner det er viktig for ein offentlig allmennkringkastar å ha ein låg terskel for å samarbeide med andre. NRK held fram med det interne arbeidet for å sikre mediemangfald og samarbeid i redaksjonane til NRK og tar initiativ til nye prosjekt saman med andre mediehus. Målet med arbeidet er at tiltaka skal gi publikum over heile landet eit betre medietilbod. Det går vidare fram av allmennkringkastarreknescapen at utgangspunktet for NRKs arbeid med mediemangfaldsoppdraget er å gi publikum i Noreg eit betre innhald på norsk og frå Noreg, ettersom konkurransen om tida til publikum er global.

Samarbeid og deling

NRK gjer greie for fleire små og større dele- og samarbeidsprosjekt i 2024, for eksempel journalistiske samarbeid, deling av kunnskap og kompetanse, deling av journalistisk innhald og arbeid med å dekke tematiske og geografiske blindsoner. Dei to prosjekta NRK løftar fram for 2024, er bidraget til drifta av Faktisk Verifiserbar, som er ein del av Faktisk.no, og etablering og drift av Samarbeidsdesken, som er eit fellesprosjekt med Landslaget for lokalaviser (LLA) og Senter for undersøkende journalistikk i Bergen (SUJO).

Faktisk Verifiserbar er eit samarbeidsprosjekt mellom Faktisk.no og mange av dei etablerte redaktørstyrte journalistiske media i Noreg. Verifiserte bilde og videoar frå Ukraina, Gaza og andre større hendingar blir gjorde tilgjengelege for alle norske redaktørstyrte journalistiske medium gjennom NTB Mediebank, uavhengig om dei har deltatt i prosjektet eller ikkje. I tillegg til å verifisere bilde og videoar har prosjektet også levert dagsordensettande innhald og journalistikk på alle redaksjonelle flater. Gjennom Faktisk Verifiserbar bygger NRK og andre redaktørstyrte medium kompetanse og utviklar metode for kjeldebevisstheit og kritisk mediebruk saman. Ein eigen systematikk og metodikk for å verifisere og produsere OSINT-journalistikk¹⁵ er utvikla og formidla til norske og internasjonale journalistar og medieaktørar gjennom foredrag, kurs og arbeidsmøte. I 2024 har Faktisk.no utvikla læringspakka «Verifisering – ikke la deg lure» saman med Institutt for journalistikk (IJ), som er opent og gratis tilgjengeleg for alle interesserte på nettstaden til IJ. NRK gjer greie for ein felles fagleg innsats i Faktisk Verifiserbar som har involvert journalistar, «researcharar» og fotografar frå ulike typar medium, både kringkasting, avis og fagpresse – og medium på ulike geografiske nivå. NRK opplyser at frå starten i 2022 og fram til nå har fleire enn 15 norske redaksjonar og over 50 medarbeidarar bidratt direkte i prosjektet, og NRK har deltatt med tre årsverk fordelt på fleire personar. Redaktøren for mediemangfald og samarbeid i NRK har vore prosjektleiar og sentral bidragsytar i Faktisk Verifiserbar, som blir drifta av Faktisk.no.

Samarbeidsdesken har som mål å styrke lokaljournalistikken i Noreg, og samarbeidspartane NRK, LLA og SUJO har i 2024 utvikla ein metodikk for å sikre at nyheitssaker er forankra, at dei kan stadfestast i ettertid, og at kunnskap blir delt. Samarbeidsdesken er lokalisert i Media City i Bergen, der både NRK og SUJO har kontor. Kjernen i satsinga er ein utviklingsdesk som i tett dialog med lokalavisene gjer bakgrunnsundersøkingar og bygger unike datasett som blir delte med lokalavisene. NRK forklarar at prosjektet bidrar til eit breitt kompetanseløft som styrker lokalavisene i arbeidet med kritisk og undersøkende journalistikk.

¹⁵ Open-Source Intelligence journalism.

Samarbeidsdesken har ifølge NRK resultert i 355 saker frå 79 ulike aviser som til saman har nådd om lag 275 000 lokalavisabonnentar. NRKs saker har i tillegg nådd eit sekssifra antal lesarar. Eit eksempel frå 2024 som NRK løftar fram, er kartlegginga Samarbeidsdesken gjorde av utfordringar i integreringa av ukrainske flyktningar i norske kommunar.

Samanstillinga av data frå ulike offentlege instansar, rapportar og bakgrunnssamtaler med kommunalt tilsette blei delt med lokalavisene, som laga saker for sine lokalområde.

Samarbeidsdesken kartla også sjølv mord, som er eit underdekt tema i norsk presse generelt, også i lokalmedia. I arbeidet med denne kartlegginga henta Samarbeidsdesken fram tal på lokalt nivå og avdekte at øyremerkte midlar til sjølv mordsførebygging ikkje blir nytta til formålet, og at mange etterlatne ikkje fekk oppfølging. I arbeidet lokalavisene gjorde med å lage eigne saker for sitt lokalområde, bidrog Samarbeidsdesken med både innsikt i og metodisk støtte på eit temaområde som er både krevjande og sensitivt å dekke journalistisk. NRK gjer greie for at prosjekta til Samarbeidsdesken i tillegg til å bidra til høge lesartal og abonnementsvekst hos dei involverte medieaktørane, har opna for nye kjelder og stemmer i offentlegheita og vidare oppfølging av desse forholda hos ansvarlege instansar. Vidare rapporterer NRK om at prosjektet vekker interesse internasjonalt.

NRK samarbeider med fleire ulike mediehus, nasjonalt og lokalt, om ulike prosjekt. Nokre eksempel på slike samarbeid i 2024:

- NRK samarbeidde med Aftenposten om månadlege, nasjonale partimålingar, og på regionalt nivå samarbeidde fleire av NRKs distriktskontor med lokale medium om lokale meningsmålingar.
- NRK samarbeidde også med Tenk, skoleavdelinga til faktisk.no, om å dele konkrete verktøy for undervisning om kjeldekritikk på skolen, gjennom blant anna praktiske eksempel frå NRK Super. Samarbeidet bidrog til å gi lærarar i vidaregåande skole auka innsikt i korleis dei kan bruke redaktørstyrte journalistiske medium i undervisninga.
- NRK samarbeidde med lokalavisa Nidaros i Trondheim om eit større graveprosjekt som avslørte ulovleg praksis hos ein norsk psykolog som tidlegare hadde blitt fråtatt autorisasjonen sin. Nidaros publiserte først, og abonnentane deira fekk tilgang til nyheitssaka i ni timar før ho blei publisert på nrk.no. Til saman publiserte Nidaros og NRK ni nettsaker, der journalistar frå begge mediehusa bidrog. Saka sette dagsorden og bidrog til oppfølging frå både Statens helsetilsyn og politiet.
- NRK og iFinnmark samarbeidde om Finnmarksløpet og sende felles direktestrøyming frå løpet med hundekøyrarane, iFinnmark på eigen nettstad og NRK på forsida til NRK Finnmark og på nrk.no/finnmarksløpet. Samarbeidet bidrog til at begge redaksjonane kunne bruke meir ressursar på å dekke løpet journalistisk.
- NRK Stor-Oslo og Amedia samarbeidde om å dekke ung kultur i Oslo under skolerevysesongen. Skolerevyane blei dekte i morgonsendinga til NRK P1 med ein kritiskar frå Amedia som sette karakterar på førestillingane, i tillegg til at lydklipp og videoar frå desse besøka blei delte på kanalane til NRK og Amedia og på dei eigne kanalane til skolane. NRK viser til at samarbeidet førte til ei rikare og meir variert

dekning av skolerevyane, noko som bidrar til å oppretthalde og utvikle denne tradisjonen som ein viktig del av ung kultur i Oslo.

NRK har fleire langvarige samarbeid om kåringar. NRK Trøndelag og Adresseavisen kårar «Årets trønder» og «Årets hverdagshelt», og NRK Nordland og Avisa Nordland kårar «Årets nordlending».

Synleggjering og deling

NRK opplyser at det er etablert klare reglar for å kreditere og sitere andre medium, og at praksisen skal vere raus og tydeleg. NRK skal også lenke til eksterne medium når dei blir siterte i vesentlege saker, sjølv om sakene ligg bak betalingsløysing. NRK viser til at dette gir publikum større meirverdi, og at formålet også er å bidra til at fleire kjøper abonnement hos andre norske mediehus. NRK har ikkje automatiserte system som tel årlege krediteringar eller siteringar.

Eit anna tiltak NRK har sett i verk for å synleggjere journalistikken til andre norske medium, er å invitere redaktørar og journalistar frå andre mediehus til radio- og tv-sendingane. Eit eksempel er det direktesende aktualitetsprogrammet *Helgemorgen*, som blir sendt på NRK P2 og NRK1 kvar helg direkte frå studio i Tromsø. NRK beskriv at redaksjonen prøver å få med fleire redaktørar frå lokale avishus over heile landet i det faste innslaget «Redaktørpanelet», ofte i tilknytning til saker som er aktuelle i dei respektive områda deira. Vidare plasserer programmet nasjonale stemmer frå større avishus i møte med lokale redaktørar, noko som ifølge NRK ofte nyanserer og gir gode samtalar. *Helgemorgen* bruker i tillegg lokale avishus til å kommentere aktuelle saker og løfter jamleg saker frå andre mediehus som utgangspunkt for debattar, panelsamtalar eller gjesteinvitasjonar. NRK gjer greie for at det systematiske arbeidet med å løfte saker og representantar frå andre mediehus bidrar til å styrke mediemangfaldet og spegle nyheitsbildet frå heile landet til heile landet.

NRK samarbeider med ulike mediehus om kjøpe inn og utvikle sportsrettar. I 2024 delte NRK rettane til både EM i fotball for menn, verdscuprenna i nordiske greiner og i skiskyting med TV 2, og dei to mediehusa samarbeidde redaksjonelt om å dekke desse arrangementa. Rettane til å vise Toppserien i fotball, landskampar i fotball for kvinner og NM i fotball for menn og kvinner delte NRK med TV 2 og Amedia i 2024, og dei tre mediehusa samarbeidde om å promotere, produsere og sende desse kampane. NRK samarbeidde også med Amedia om å produsere og sende frå friidrettsstemner i Noreg. Med VG delte NRK rettane til både Norgescup på ski og VM på skøyter. I 2024 kjøpte NRK dessutan rettar til friidrett av Warner Bros. Discovery under OL i Paris, og perioden med avtale om samarbeid om rettane til dei olympiske leikane varer fram til 2032.



Emil Gukild (frå venstre), Ingerid Stenvold, Ingrid Halstensen og Jon Hartvig Børrestad var programleiarar under fotball-VM i Tyskland. Foto: Espen Solli / NRK /TV 2

Tilgang til NRKs arkiv og deling av direktestraumar

NRK deler jamleg direktestraumar med alle norske redaktørstyrte medium som ønsker å sende NRK-produksjonar frå viktige nasjonale eller lokale hendingar.¹⁶ I tillegg til å distribuere «pool-produksjonar» opplyser NRK at direktesignal blir delte nasjonalt frå NRK sentralt og lokalt mellom distriktskontora til NRK og lokale medium. NRK opplyser at 97 mediehus var inkluderte i ordninga som gir tilgang til å bruke NRKs direktesende nyheitsmateriale og enkelte program i 2024, mot 88 i 2023, 91 i 2022 og 82 i 2021.

For 2024 gir NRK eksempel på deling frå kunngjeringa og utdelinga av Nobels fredspris og Nobels fredsprisutdelinga, frå kongelege anledningar og merkedagar, frå 17. mai, frå nyttårstalane til kongen og statsministeren, frå rettssakene mot Besseberg, Matapour og legen i Frosta, og frå ulike pressekonferansar og hendingar. NRK har ikkje komplette tal for all deling i 2024, men opplyser at det blir delt hyppig med både riksdekkande og lokale medium. NRK deler berre eige materiale og kan ikkje dele innhald som tredjepartar har rettane til, som innhald frå nyheitsbyrå eller andre rettshavarar. NRK vurderer delinga av slike direktestraumar som eit viktig bidrag til å vareta oppdraget om å ta eit sjølvstendig ansvar for norsk mediemangfald. Samtidig er NRK prinsipielt opptatt av å skape eit tilbod for andre medium i tillegg til, og ikkje i staden for, nyheitsbyrået NTB.

¹⁶ NRK har tidlegare opplyst at dette omfattar pressekonferansar, debattar eller andre hendingar.

NRK opplyser at klipp og arkivinnhald knytt til den løpande nyheitsdekninga blir gjort tilgjengeleg for andre norske redaktørstyrte medium, både direkteinnhald med medieaktørane som har avtale med NRK, og publisert innhald. Anna innhald blir også delt når det er mogleg. NRK praktiserer deling som hovudregel, og eventuelle avslag er godt grunngitte. NRK krev berre at kostnader knytte til sjølve tilgjengeliggjeringa blir dekte, men gjer også greie for at rettar, avtalar og etiske dilemma framleis reiser nokre utfordringar når det gjeld deling og tilgjengeliggjering av alt innhald i arkivet til NRK.



Programleiar Leo Ajkic. NRK nytta historisk arkivmateriale i serien *Leo og de farlige*.
Foto: Aksel Storstein / NRK

NRK rapporterer at 718 førespurnader om arkivklipp blei behandla i 2024. Dette er ein liten nedgang frå 850 i 2023 og 921 i 2022. Om lag 26 prosent gjaldt deling med andre redaktørstyrte mediehus og produksjonsselskap, mot 10 prosent i 2023 og 17 prosent i 2022. Nyheitsavdelinga og distriktskontora til NRK deler klipp med andre redaktørstyrte medium dagleg. Frå andre halvår 2024 har slik deling frå nyheitsavdelinga og distriktskontora til NRK direkte til andre redaktørstyrte medium blitt registrert betre enn tidlegare. 97 slike direktedelingar blei registrerte i perioden juli–desember 2024. NRK opplyser at det er etablert eit påsynsrom der det blir lagt til rette for at eksterne produsentar og mediehus enklare kan søke i og få tilgang til arkiva til NRK. NRK fortel at historisk arkivmateriale er nytta i ulike innhaldssjangrar, blant anna i dramaseriar som *Quislings siste dager* og i faktaprogram og dokumentarar som serien *Leo og de farlige*.

I 2024 bidrog NRK med teknisk utstyr og kompetanse slik at Porsgrunns Dagblad fekk strøymt eit folkemøte som avisa arrangerte. NRK hadde ikkje behov for å strøyme frå møtet, men stilte gratis med sine ressursar slik at lokalavisa kunne strøyme direkte frå nettstaden sin.

Deling av kompetanse og kunnskap

NRK deler kompetanse og kunnskap med andre mediehus, bransjeorganisasjonar og samfunnsinstitusjonar, blant anna ved å halde kurs, dele erfaringar og kompetanse eller halde foredrag på ulike journalistfaglege konferansar eller utdanningsinstitusjonar. NRK har i 2024 blant anna halde foredrag og undervist for studentar ved journaliststudium på universiteta i Bergen og i Stavanger, ved Oslomet og ved Høgskulen i Volda. I tillegg har NRKs språksjef i samarbeid med språkansvarlege i Aftenposten delt kompetanse om språk og språkarbeid med ulike journalistutdanningar, og NRK har også delt av språkkompetansen sin med elevar i vidaregåande skole og på ulike arrangement i regi av blant andre Mediemållaget, Norsk Redaktørforening og Landslaget for lokalaviser.

NRK gjer greie for at fleire av NRKs redaksjonar og divisjonar bidrar aktivt med kompetanse- og kunnskapsdeling, og at NRK Nyheiter står i ei særstilling. Ifølge NRK har distriktskontora også ein sterk delingskultur. I 2024 har både Polaris Media, TV 2, VG, Aftenposten, Morgenbladet, NTB, Fædrelandsvennen og Vårt Land, i tillegg til andre europeiske kringkastarar som BBC, SVT og DR, fått informasjon om korleis NRK jobbar med visuell journalistikk, nyheiter for unge, klimajournalistikk, høgvideosatsing, konstruktiv journalistikk, fleirmedial breaking-operasjon med meir. Innanfor nyheitsfeltet arrangerte NRK fleire fagdagar om konstruktiv journalistikk, både med norske og utanlandske medium. NRK Nyheiter har også vore aktive på ulike bransjetreff både i Noreg og utanlands. NRK fortel at det er viktig å prioritere tiltak som kan bidra til å styrke redaktørstyrte medium i land der dei ikkje har ein like solid posisjon som i Noreg.

NRKbeta har bidratt med 34 eksterne foredrag i 2024 med tematikkane kunstig intelligens, teknologitrender, teknologi- og samfunnsutvikling og allmennkringkasting i eit demokratiperspektiv. Nokre eksempel på eksterne oppdrag er Nordiske Mediedager, Norsk Redaktørforening, EBU (European Broadcasting Union), TV 2, Digital Fremtid 2024 (Sintef), Fagpressen, Tromsø Internasjonale Filmfestival, NorwAI (NTNU), Arendalsveka, Cutting Edge AI (Universitetet i Oslo) og Opphavsrettforeningen.

NRK gjer også greie for at teknologi- og produktdivisjonen har representert NRK på 34 ulike fag- og bransjekonferansar i 2024. I 2024 blei det etablert eit teknologi- og produktforum som vil bli drifta av Mediebedriftenes Landsforening (MBL). NRK uttrykker at dette forumet blir viktig i samarbeidet, og NRK var vertskap for den første samlinga.

NRKs utviklingsavdeling har hatt fleire interne og eksterne arbeidsseminar og foredrag med deling av innsikt om metodikk, verktøy og prosessar for innhaldsutvikling i ulike format. Utviklingsavdelinga arrangerte også «Nye stemmer» i Oslo, eit arrangement som har som mål å auke mangfaldet i historier, kjelder og perspektiv i norsk mediebransje. NRK opplyser at over 30 talent deltok og fekk rettleiing frå utviklingsavdelinga, og at ti av prosjekta gjekk vidare til ein innsalskonkurranse framfor ein jury og med heile film- og tv-bransjen til stades.

NRK har også delt erfaring og kompetanse knytt til arbeidet med tilgjengelegheit og mangfald med mediebransjen og andre verksemder i 2024. NRKs tilgjengelegheitssjef har blant anna fortalt om universell utforming og tilgjengelegheit på digitale plattformer for institutt for informatikk ved Universitetet i Oslo, fagkonferansen for fagpressen (PUFF-konferansen),

Norsk helsenett og Nav. NRK leia i 2024 også juryen for tildelinga av den første «Brukeropplevelsesprisen» på Yggdrasil-konferansen om digitale brukaropplevingar.

Andre eksempel på samarbeidsprosjekt som NRK meiner gir eit betre tilbod til publikum:

- NRK samarbeider med eksterne podkastprodusentar, for eksempel om *Julestemning med Live og Ronny*, *Historiske kjendiser* og *Burde vært pensum*. Gjennom Nordvisjons- og EBU-nettverket samarbeider NRK også med nordiske og europeiske allmennkringkastarar. Radioprogrammet og podkasten *Norsken, svensken og dansken* blir sendt hos SR, DR og NRK, og frå 2025 blir det også sendt hos YLE.
- Gjennom programmet *Debatt i P2* samarbeider NRK kvar veke med ei rekke ulike debattarrangørar over heile landet, blant anna tenketankar, organisasjonar og kulturhus. Produksjonsselskapet Millimedia produserer *Debatt i P2* for NRK.
- NRK samarbeider med fleire festivalar og har blant anna sendt opptak frå ulike festivalar i NRK P2. I 2024 sende NRK P2 i samarbeid med Morgenbladet både seks timar direkte frå filosofi- og vitskapsfestivalen Wonderful world i Stavanger og seks timar frå Kåkånomics i Stavanger. NRK P2 sende i tillegg seks timar dagleg under Olavsfest i Trondheim.
- I 2024 publiserte NRK to seriar i samarbeid med Nasjonalbiblioteket: *Gamle greier*, ein historisk serie, og *Dømt*, ein serie i samband med landslovsjubileet. I samarbeid med Universitetet i Oslo publiserte NRK serien *Norge og Midtøstenkonflikten*.

Nettverk og dialog

NRK gjer greie for at det er viktig å etablere møteplassar og nettverk på tvers av medium, konsern og geografi for å skape ein open dialog, deling og samarbeid. I 2024 starta NRK eit samarbeid med MBL for å bidra til at fleire med fleirkulturell kompetanse får jobb i mediebransjen. Samarbeidet går ut på at stipendiatar frå NRKs rekrutteringsprogram, FleRe, kan få praksisplass i MBLs medlemsbedrifter, og ikkje berre i NRK. I 2024 hadde for første gong to av NRKs FleRe-stipendiatar praksis i TV 2 og Dagbladet. Sjå meir om NRKs FleRe-program i punkt 2.8.3. Samisk redaktørnettverk med redaktørane i Ávvir, Ságat, NordSalten Avis, Snåsningen og NRK Sápmi er vidareført som ein del av Norsk Redaktørforening. Formålet med nettverket er å bidra til tettare samarbeid som styrker samiske medium og ytringsfridommen for den samiske befolkninga. Nettverket blir leia av direktøren for NRK Sápmi, Johan Ailo Kalstad. Hausten 2024 blei det for første gong arrangert eit eige seminar om etikk frå eit samisk perspektiv for redaktørar, journalistar og akademikarar. Hausten 2024 arrangerte NRK eit etikkseminar i samarbeid med Samisk journalistlag, Norsk Journalistlag og journalistutdanninga ved Nord universitet. Etikkseminaret samla rundt 30 deltakarar, viser NRK i allmennkringkastarrekneskapen. NRK rapporterer at det er planar om fleire slike seminar. I tillegg til kompetanseheving og kompetansedeling jobbar nettverket med mediepolitiske saker som særleg gjeld samiske medium. I 2024 uttalte Samisk redaktørnettverk seg blant anna i høyringar om openheit om Sametingets valmanntal og om dei økonomiske rammevilkåra for samiske medium.

NRK deltar i Green Producers Club, eit norsk klimanettverk for aktørar innan kultur og idrett, der bruk av klimakalkulator i film- og tv-produksjonar er eit verktøy for å nå grøne mål. NRK er medlem i berekraftnettverka til MBL og dei nordiske allmennkringkastarane og deltar fast i

EBU-gruppene Green Production og Sustainability Group. NRK gjer greie for at berekraft er eit sentralt område for samarbeid og deling av kunnskap, og har forklart at eit mål i det nordiske samarbeidet er å etablere ein felles standard for å berekne klimautslepp frå innkjøpte produksjonar.

NRK samarbeider med P4, Bauer og Norsk Lokalradioforbund om den årlege fagkonferansen Lyddager og Prix Norge, som nå omfattar bransjeorganisasjonen Norsk Podkastforening. NRK gjer greie for at lydmarknaden er i endring, der radio og podkast har mykje til felles, og samarbeidet og delinga på tvers har stor verdi. Den felles fagsamlinga og prisfesten for radio og podkast var ifølge NRK vellukka, og samarbeidet held fram i 2025. Vidare gjer NRK greie for regelmessige møte mellom NRK, P4, Bauer Media og Norsk Lokalradioforbund, der erfaringar og moglege samarbeidsprosjekt blir diskuterte. I 2024 har aktørane samarbeidd om markeringa av 100-årsjubileumet til radioen 29. april 2025. Viktige tema for samarbeidet er det samla tilbodet til lyttarane, lydkampanjar og målet om å gjere politikarane og offentlegheita meir merksame på betydninga av norske redaktørstyrte lydmedium blant politikarane og i offentlegheita. NRK viser til at lydmedia er under særleg press frå globale aktørar.

NRK har i fleire tiår samarbeidd med dei kommersielle aktørane om å måle mediebruk. NRK samarbeider med TV 2, Viaplay og Warner Bros. Discovery om å måle korleis publikum bruker tv og strøyming (Kantar Media), og med P4 og Bauer om å måle radiolytting (Nielsen). NRK samarbeider også med dei kommersielle norske nettstadene og MBL om å måle nettbruk (medietall.no), og med dei sentrale norske aktørane om den offisielle lista for podkast i Noreg: Podtoppen. Desse målingane gir eit bilde av marknadsandelane til dei ulike medieaktørane i dei ulike segmenta, og samarbeidet er ifølge NRK viktig for å sikre truverdige og legitime målingar som alle i bransjen kan einast om.

I 2024 har dialogforumet for media i skolen, med Elevkanalen, Tenk, Mediekompasset, Aftenposten Junior Skole, framtida.no / Framtida Junior og NRK Skole, arbeidd med ein kunnskapsbank om ytringsfridom for elevar frå 5. til 10. klasse. Dialogforumet blei oppretta i 2023 på NRKs initiativ, og partane skal både bidra med eige innhald og samarbeide om nytt innhald til ytringsfridomsportalen. Arbeidet held fram i 2025.

I 2024 opna NRK Trøndelag nytt lokalkontor på Røros, som er samlokalisert med lokalavisa Arbeidets Rett. NRK gjer greie for korleis NRK jobbar med å søke nye samarbeidsformer med andre redaktørstyrte medium. Samlokaliseringa opnar etter NRKs meining for tettare dialog og fagleg utveksling, noko som kan bidra til at fleire lokale historier kan løftast opp til eit nasjonalt publikum, samtidig som det lokale mangfaldet blir styrkt. Det nye Røros-kontoret styrker NRKs nærvær i regionen og gjer det mogleg å styrke dekninga av sørsamiske perspektiv i samarbeid med NRK Sápmi. NRK hadde frå før kontor i Trondheim, Steinkjer, Brekstad og Namsos. NRK fortel også om planane for å samlokalisere NRK Rogaland og Stavanger Aftenblad i nybygget Mediebyen Stavanger i 2026. Samlokaliseringa skal legge til rette for å oppretthalde eit sterkt mediemiljø i regionen, og det vil bli både fleire møteplassar i bygget for alle medieaktørane i regionen og ledige lokale for medie- og teknologibedrifter.

2.2.2 Tematiske og geografiske blindsoner

NRK har fått eit særskilt ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner, i tillegg til det sjølvstendige ansvaret for å bidra til det norske mediemangfaldet regionalt og nasjonalt. Formålet med at staten stimulerer til eit mangfald av redaktørstyrte journalistiske medium over heile landet, er å legge til rette for den funksjonen dei har som fellesarena for informasjons- og meningsutveksling. Dersom det ikkje er redaksjonelt styrte medium som følger nasjonale, regionale og lokale forvaltningsnivå og maktstrukturar i samfunnet tett, kan demokratiske funksjonar og den tilgangen den enkelte samfunnsborgaren har til informasjon frå det svekke uavhengige og kritiske kjelder. I NRKs særskilde blindsoneansvar ligg det at NRK aukar mediemangfaldet gjennom å styrke den journalistiske dekninga i og av område der dekninga er svak. Samtidig må NRK finne ein balanse der dette ansvaret ikkje fører til at dei definerer seg som ein konkurrent til lokale nyheitsmedium. Dette gjer NRK blant anna gjennom dialog, deling og samarbeid med lokale redaktørstyrte nyheitsaktørar.

Ansvaret for å dekke tematiske og geografiske blindsoner føreset god kunnskap om kva tematiske og geografiske blindsoner som finst, og gode verktøy for å kunne følge utviklinga over tid. Dette fordrar at NRK har system for å systematisk kartlegge og vurdere kvar slike journalistiske blindsoner finst og kva redaksjonelle grep NRK kan ta for å motverke blindsonene. I allmennkringkastingstilsynet for 2020–2023 har Medietilsynet konstatert at NRK har lagt til rette for og gjennomført tiltak for å kartlegge tematiske og geografiske blindsoner, eit arbeid som har vore leia av distriktsdivisjonen. Undersøkingane blei gjennomførte både blant dei redaksjonelle leiarane i NRK og blant publikum, og i tillegg blei det gjort innhaldsanalysar av nrk.no. NRK fann stort samanfall mellom kva høvesvis journalistane og publikum meiner er dei ti viktigaste temaa som blir for dårleg dekte. Av dei ti temaa var dei to gruppene einige om åtte: sosial usemje, fattigdom og utanforskap; oppvekstvilkår; eldreomsorg og velferd, skole og utdanning; helse og sjukehus; arbeidsliv og arbeidsmarknad; næringsliv og industri og samferdsel.

NRK viser til at den største undersøkinga blei gjennomført i 2022, og denne blei følgt opp i 2024. I 2024 viste undersøkinga at tema som nasjonal tryggleik, arbeidsliv og privatøkonomi i større grad blir oppfatta som journalistiske blindsoner. Resultata er ikkje så overraskande i lys av aktuelle utviklingstrekk med større global uro, krig og konflikt, høg prisvekst og strammare økonomi for mange hushaldingar. NRK gjer greie for at ein enklare versjon av publikumsvurderinga av blindsoner nå er inkludert i den månadlege profilundersøkinga. Dermed kan NRK løpande vurdere korleis ulike medium møter forventningane til publikum, identifisere behov for redaksjonelle tiltak, fange opp endringar og forstå demografiske forskjellar i kva som blir oppfatta som journalistiske blindsoner.

NRK opplyser at resultata frå blindsonekartlegginga bidrar til redaksjonelle prioriteringar som har som mål å styrke dekninga i fleire delar av Noreg. Nokre eksempel på kva NRK gjorde i 2024 for å møte identifiserte blindsoner, er nettsatsinga og *Brennpunkt*-serien *Instukids*, som følgde ungdommar på norske barnevernsinstitusjonar. NRK forklarar at mental helse blant unge er eit sentralt tema for dei unge. NRK har også jobba systematisk for ei jamnare dekning av teknologi, og i 2024 har kunstig intelligens, og korleis denne teknologien verkar inn på liva våre, vore eit satsingsområde. NRK samarbeidde blant anna med

Laagendalsposten om arrangement, journalistiske saker og publikumsdialog med ekspertar under teknologifestivalen Kongsberg Agenda.

NRK rapporterer at teknologijournalistikken skaut fart i 2024. Teknologiklynga som samlar journalistar på tvers av NRK, bidrar til at NRK Nyheiter leverer betre på løpande og fordjupande teknologijournalistikk. Etableringa av teknologiklynga i 2023 var eit svar på publikumsundersøkingar som viser at temaet blir oppfatta som viktig, men underdekt. Undersøkingar frå Opinion viser at 30 prosent av befolkninga bekymrar seg svært eller ganske mykje for utviklinga av kunstig intelligens (KI). NRK ønsker å ta eit større ansvar for å opplyse publikum om korleis ny teknologi påverkar livet i ei tid der KI blir tatt i bruk på fleire område, blant anna i staten, i ulike institusjonar og av globale aktørar. NRK rapporterer at teknologijournalistikken særleg set søkelyset på korleis den raske utviklinga av KI set tryggleiken og personvernet under press. NRK erfarer at teknologijournalistikken i snitt har 89 prosent fleire lesarar enn andre saker på nrk.no og treffer dei unge godt.

NRK gjer vidare greie for at satsinga på klimajournalistikk har vore eit kompetanseløft for NRK og bidrar til at NRK i tråd med samfunnsoppdraget hjelper befolkninga til å forstå den største utfordringa i vår tid. Klimasatsinga starta i 2020 med etablering av ei undersøkende gruppe i region Sør-Vest (Bergen) og ei nyheitsgruppe i Oslo, og NRK har løfta tematikken journalistisk og med forklaring og kontekst dei påfølgande åra. NRK viser til at sjølv om undersøkinga Norsk medborgerpanel slår fast at klima og miljø har vore ei av dei tre viktigaste sakene for den norske befolkninga sidan 2014, er klimaendringane framleis ei blindsona i mediedekninga i Noreg. I 2024 sette NRK søkelyset på nedbrytinga av norsk natur i serien *Oppsynsmannen*, følgd av ein systematisk gjennomgang av naturtap i kommunane i nettartikkelen *Norge i rødt, hvitt og grått*. NRK gjer greie for at slik avdekking av samanhengar og lange utviklingstrekk føreset langsiktig og systematisk arbeid med tematikken over tid. I forlenginga av dette fann NRK at det ikkje fanst nokon skikkeleg naturrekneskap, ingen samla budsjett eller kostnadsoverslag, og at myndighetene heller ikkje hadde oversikt over kor ofte natur blir nedbygd, eller kva slags natur som blir ofra. I eit journalistisk graveprosjekt bygde NRK ein database med informasjon om 44 000 naturinngrep i perioden frå 2017 til 2022 ved hjelp av satellittbilde og kunstig intelligens.

NRK avslørte at naturareal tilsvarande to fotballbanar av dei naturtypene som etter lova skal bli tatt spesielt vare på, forsvann kvar einaste dag i den undersøkte perioden. Gjennom eit omfattande innsynsarbeid avslørte NRK vidare at nær sagt alle store naturinngrep i Noreg blir vedtatt utan at politikarane veit kva som er konsekvensane for naturen, noko som også er i strid med lovverket. NRK rapporterer at over 2000 avisartiklar er skrivne med referanse til NRKs publiseringar om naturtap, og at NRKs avsløringar bidrog til eit «vippepunkt» for naturen i offentlegheita og med politiske konsekvensar, både nasjonalt og lokalt. I arbeidet med sakene om naturinngrep innleia NRK eit samarbeid med LLA gjennom Samarbeidsdesken, les meir om denne desken i punkt 2.2.1. NRK har delt informasjon med lokalaviser om naturinngrep i dei lokale dekningsområda deira, og NRK har i tillegg opna tilgangen til datasettet, blant anna i form av eit interaktivt kart som blir nytta både av andre redaktørstyrte nyheitsmedium og av forskarar. Metoden NRK brukte til å kartlegge naturtapa, blir delt med utanlandske redaktørstyrte medium for ei tilsvarande europeisk kartlegging. NRK rapporterer også om at klimasaker er løfta på ein måte i 2024 som viser at klimaendringane skjer her og nå, og at dei skjer raskare og kraftigare enn tidlegare. Derfor

tar NRK klimajournalistane med i nyheitsdekninga av ekstremvêr for å forklare samanhengane med menneskeskapte utslepp.



I nettartikkelen *Norge i rødt, hvitt og grått* er biologane tilbake i åsen dei var i for fem år sidan – før gravemaskinane hadde fjerna ein viktig eikeskog for å bygge næringspark. Foto: Adrian Nielsen

NRK viser til at det journalistiske samfunnsoppdraget med å belyse tema og perspektiv som får lite merksemd i mediebildet, står sentralt i det løpande tilbodet til NRK. Temadagane i NRK Super løftar viktige og vanskelege tema for barn, som over dei siste åra famnar om funksjonsvariasjonar, religion, rasisme, skilsmisse, rus, overgrep og einsemd. Les meir om NRK Supers temadagar i punkt 2.6.1. NRK viser til at prosjektet er sentralt for NRKs arbeid med å synleggjere tema som det kan vere vanskeleg å snakke om, og fremme openheit og forståing om slike tema blant barn. Ved å i tillegg auke kunnskapen om kvar barna kan få hjelp, ønsker NRK å motverke utanforskap. NRK jobba også på tvers i organisasjonen med andre redaksjonelle miljø, slik at den samla mediedekninga blei breiare. Andre eksempel på smalare temaområde som ikkje blir særleg dekte i andre redaktørstyrte medium, er kvenske sendingar, samiske podkastar, litteratur- og poesiprogram og eit breitt kulturtilbod. Dokumentarserien *Leo og de farlige* og Brennpunkt-dokumentaren *Ære* løfta aktuelle, relevante og komplekse samfunnstema knytte til høvesvis rehabilitering av forvaringsdømde og æresvald.


I 2024 har NRK testa ulike metodar for å kartlegge den geografiske dekninga i nyheitsdekninga på nett. NRK vidareførte arbeidet som starta i 2021, med å systematisk registrere alle større og mindre stader som blir besøkte av ein reporter, ein fotograf eller eit reportasjeteam for ein nettreportasje. Artiklar som blir produserte på telefon eller med videosamtale, er ikkje med i registreringa. Målet med registreringa er å dokumentere journalistisk nærvær og identifisere underdekte område, samtidig som nærvær tilfører ein ekstra journalistisk kvalitet og verdi. Registreringa er ifølge NRK eit nyttig verktøy for journalistar og redaksjonsleiinga for å leite etter nyheitssaker og velje kjelder og eksempel frå

kommunar som er lite besøkte av NRK. NRK forklarer at registreringa skjer manuelt, og at kvaliteten på dataa kan variere, i tillegg til at det er nokre hol i registreringa.

I 2024 har NRK derfor testa ut bruk av kunstig intelligens (GPT4-mini) i kartlegginga av den geografiske dekninga. I motsetnad til «dateline»-registreringa som føreset at reporterane registrerer manuelt, ville modellen med kunstig intelligens fange opp ei større mengde artiklar med journalistisk omtale av kommunar der det ikkje var registrert dateline. NRK forklarer at eit mål med å teste ut dei to kartleggingsmetodane var å undersøke om bruk av KI kunne gi eit meir omfattande bilde av NRKs geografiske dekning ettersom den modellen inkluderte artiklar som ikkje er reportasjar. Språkmodellen analyserte over 20 000 artiklar på nrk.no i 2024 for å identifisere omtale av norske primærkommunar, og NRK rapporterer at nesten 14 000 av artiklane blei plasserte i ein eller fleire kommunar.¹⁷

Figur 1 viser resultata av dei to kartleggingane NRK har gjort av geografisk mangfald i nyheitsdekninga på nett i 2024. Kartet til venstre i figuren viser kartlegginga ved hjelp av dateline i reportasjar, og kartet til høgre i figuren viser kartlegginga ved bruk av KI (språkmodellen).¹⁸ Figuren viser at hovudtendensane i dei to kartleggingane er relativt lik, og at NRK har ei brei geografisk spreiding i den samla journalistiske dekninga på nrk.no.

Figur 1 – samanlikning av kartlegging av geografisk spreiding i reportasjar med dateline og kartlegging av alle artiklar ved hjelp av KI



Kjelde: NRK

¹⁷ NRK gjer greie for at mens registrering av dateline representerer moglege feilkjelder fordi registreringa skjer manuelt, kan språkmodellen feilplassere innhald og gi inntrykk av at enkelte kommunar blir oftare dekte enn det som faktisk er tilfellet.

¹⁸ Kartet viser altså artiklar som handlar om den respektive kommunen, justert for folketallet i kommunen, slik at mørkare farge indikerer høgare tal på artiklar per innbyggjar.

Basert på dei registrerte artiklane med dateline på nrk.no med opplyser NRK at 6450 reportasjar er plasserte i eitt eller fleire geografiske område i 2024, mot 5955 i 2023, 5922 i 2022 og 5177 i 2021. NRK forklarar at talet på reportasjereiser for nrk.no har auka jamt sidan kartlegginga starta i 2023. Samtidig har talet på stader reportasjane er fordelt på, vore relativt stabilt dei tre siste åra, men likevel fleire enn i 2021. I 2024 fordelt dei registrerte artiklane med reportasjar seg på 325 norske kommunar, mot 331 i 2023, 327 i 2022 og 314 i 2021. Av totalt 357 kommunar i Noreg i 2024 var det da 32 kommunar som ut frå denne metoden ikkje synest å ha blitt dekte i NRKs nettreportasjar. NRK gjer greie for at ein gjennomgang av artiklar laga i 2024 viser at det finst reportasjar og journalistikk som kan plasserast i desse 32 kommunane. Osen kommune på Fosen er den einaste kommunen NRK ikkje finn journalistisk omtale av eller reportasje frå gjennom kartleggingsmetodane som er gjennomførte i 2024. Samtidig viser NRK til at Fosen-saka er dekt på ein omfattande måte i 2024, og at den manglande registreringa av at denne dekninga er geografisk knytt til Osen kommune kan skuldast manuelle feilkjelder.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å bidra til det norske mediemangfaldet, regionalt og nasjonalt. I vurderinga har Medietilsynet lagt vekt på korleis NRK oppfyller allmennkringkastingsoppdraget generelt, korleis NRK har samarbeidd med andre norske medieaktørar om deling og samarbeid om kvalitet, kompetanse og kunnskap, og korleis NRK har lagt til rette for å gi betre tilgang til NRK-arkivet. I vurderinga har Medietilsynet også sett på praksisen NRK har for å kreditere, sitere og lenke til saker. Vi vurderer at utgreiinga viser at NRK ofte tar initiativ til samarbeid og viser openheit gjennom å dele kompetanse og kunnskap, og at samarbeidstiltaka samla fremmar mediemangfaldet.

Allmennkringkastaroppdraget til NRK er utforma for å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod, både geografisk og tematisk, som skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga. Ved å oppfylle krava i allmennkringkastingsoppdraget vurderer Medietilsynet at NRK også bidrar til å oppretthalde og auke mediemangfaldet i Noreg.

Medietilsynet har i allmennkringkastingstilsynet slått fast at det er nødvendig med god kunnskap om kva tematiske og geografiske blindsoner som finst, for å kunne oppfylle kravet om å dekke tematiske og geografiske blindsoner. Allmennkringkastarrekneskapen viser at NRK har gjennomført nye kartleggingar og vidareutviklar systema som gir nødvendig innsikt for å vareta kravet om å dekke tematiske og geografiske blindsoner i 2024. Utgreiinga frå NRK viser også korleis innsiktarbeidet går inn i vurderingsgrunnlaget for redaksjonelle avgjerder og prioriteringar. NRK har i 2024 løfta fleire journalistiske område der dekninga er svak, som for eksempel gjennom Samarbeidsdesken (samarbeidet med NRK, SUJO og lokalaviser over heile landet) som bidrog til å belyse talet på sjølv mord, både nasjonalt og brote ned på lokalt nivå, og oppfølginga av pårørande etter sjølv mord. NRK har også overordna journalistiske satsingar over tid på temaområde som teknolog og klima som i 2024 mellom anna blei løfta i større og grundige saker om korleis kunstig intelligens verkar inn på ulike samfunnsområde og i kvardagen til folk, og korleis manglande konsekvensutredning pregar politiske vedtak om naturinngrep over heile Noreg.

Kartlegginga NRK gjer av geografisk spreiding av reportasjar på nrk.no viser at NRK har eit breitt geografisk nærvær i journalistikken. Medietilsynet merkar seg at registreringa ennå ikkje omfattar radio og tv, og understrekar at ein føresetnad for å få ei samla oversikt over



den geografiske dekninga til NRK er at registreringa omfattar alle plattformer. Det er også etter Medietilsynets vurdering nødvendig at kartlegginga av geografisk nærvær i tillegg inkluderer kva type saker som blir dekte, slik at innsikta frå kartlegginga kan bli nytta til å motverke dei blindsonene som blir avdekte.

NRK må også gjere greie for vurderingane som er gjorde for å balansere mellom dei konkurransemessige effektane og meirverdien av eventuelle satsingar frå distriktskontora til NRK for å motverke geografiske blindsoner lokalt. NRKs retningslinjer i dette arbeidet viser at NRKs mål er å fremme samarbeid og å løfte journalistiske saker, og at distriktskontora ikkje skal vere til hinder for dei lokale medieaktørane. Medietilsynet legg til grunn at denne tilnærminga ligg til grunn i arbeidet NRK rapporterer om for 2024, og som blei gjennomført i dekningsområda til distriktskontora. Måten NRK bidreg med metode og kompetanse inn i Samarbeidsdesken, der datasett og innsikt blir bygd og deretter delt med lokalavisene, er eit godt døme på korleis arbeidsdelinga mellom NRK og dei lokale aktørane bidrar til å løfte lokaljournalistikken og styrke det samla mediemangfaldet.



Kvalitet, mangfold og nyskaping

2.3 Høg kvalitet, mangfald og nyskaping

Vedtektene:

§ 21 NRKs tilbud skal i hovudsak være av redaksjonell karakter. NRK skal etterstrebe høg kvalitet, mangfald og nyskaping. NRKs tilbud skal ha tematisk og sjangermessig bredde. NRKs tilbud skal appellere til alle aldersgrupper.

§ 39 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap gjennom innhold og tjenester av høg kvalitet.

§ 40 NRK skal være nyskapende og bidra til kvalitetsutvikling.

§ 41 NRK skal kunne formidle samme type tilbud som også tilbys av kommersielle aktører, men bør etterstrebe å tilføye sitt tilbud et element av økt samfunnsverdi i forhold til det kommersielle tilbudet.

§ 44 NRK skal bidra til utdanning og læring, herunder tilby innhold tilrettelagt for skoleverket.

§ 52 NRK skal stimulere til kunnskap, forståelse og bruk av andre medieplattformer blant brukere i alle aldre.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av: [...]

- tjenester og spill som stimulerer til interaktiv deltakelse

2.3.1 Eit tilbod av redaksjonell karakter

Kravet om at tilbodet til NRK i hovudsak skal vere av redaksjonell karakter, understrekar at NRK skal oppfylle allmennkringkastingsoppdraget gjennom å tilby tenester som primært er redaksjonelt funderte og tydeleg avgrensar høvet NRK har til å opprette nye nyttetenester. NRK har ikkje søkt om førehandsgodkjenning av nye tenester i 2024 og opplyser at det heller ikkje har vore utvikla nye nyttetenester i 2024. Med unntak av Yr har ikkje NRK tenester som primært har ein nyttefunksjon.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRKs tilbod i hovudsak var av redaksjonell karakter i 2024.

2.3.2 Innsikt, refleksjon og kunnskap

I allmennkringkastingsoppdraget er det krav om at tilbodet frå NRK skal halde høg kvalitet, vere nyskapande og mangfaldig og appellere til ulike grupper. Tilbodet skal også vere ei kjelde til innsikt og refleksjon. Når NRK formidlar same tilbod som kommersielle aktørar, er kravet at NRK legg vinn på å auke samfunnsverdien.

Samla uttrykker kravet at NRK, som offentleg finansiert allmennkringkastar, er forventa å levere kvalitetsinnhald som bidrar til å heve kunnskapsnivået i befolkninga, er i front med tanke på kvalitetsutvikling og nyskaping og bidrar til fellesskap og inkludering gjennom eit målretta tilbod til ulike publikumsgrupper. I meir kommersielle programtilbod, for eksempel

underholdningstilbudet, skal NRK legge vinn på å tilføre ein meirverdi som gjer NRKs tilbod distinkt, slik at NRK dermed bidrar til auka mangfald i det samla medietilbudet.

Fleire av desse krava er overordna krav som seier noko om eit forventat resultat av verksemda til NRK. Korleis krava blir oppfylte kan samtidig vurderast ved å sjå nærmare på innhald, omfang og regularitet for bestemte programkategoriar. Medietilsynet legg den siste forståinga til grunn for evalueringa av korleis NRK innfrir desse krava. Krava som blir stilte til «høg kvalitet», forstås Medietilsynet som breidde og fordjuping i dei perspektiva NRK tilbyr innanfor dei ulike tilbodskategoriane og i det samla innhaldstilbudet sitt. Dette handlar også om kvalitetsjournalistikk i den betydninga at NRK har ein høg standard i produksjonane sine, og at journalistikken blir driven etter publisistiske prinsipp som å vere sakleg, balansert, påliteleg og kjeldekritisk. I tillegg inngår oppfyltinga av fleire andre konkrete krav i allmennkringkastingsoppdraget til NRK i vurderinga, for eksempel krava om å fremme den offentlege samtalen og tilbodet av nyheiter, aktualitetar og kultur – medrekna den undersøkende journalistikken.

NRK arbeider for at innhaldet skal ha så høg kvalitet og vere nyskapande nok til at publikum vel å nytte tilbodet på plattformene til NRK. NRK har redusert nærværet på tredjepartsplattformer og strekar under at det å oppretthalde ein direkte relasjon med publikum er viktig for å styrke posisjonen til norske redaktørstyrte medium. I allmennkringkastarrekneskapen gjer NRK greie for at det er heilskapen i det lineære og digitale tilbodet til NRK som til saman oppfyller allmennkringkastaroppdraget, og at det er viktig å sjå heilskapleg på kva NRK produserer av innhald, og korleis publiseringa er eit samspel mellom digital og lineær distribusjon.

Medietilsynet viser til at det som er avgjerande for at NRK oppfyller krava knytte til utvikling, kvalitet, nyskaping og innsikt, er det faktiske innhaldstilbudet som NRK leverer på radio, tv og nett. Denne forståinga av at kravet både omfattar tradisjonell programverksemd og nye ikkje-lineære tenester og innhaldstilbod, er stadfesta i den siste justeringa av NRKs vedtekter frå 27. januar 2023. Da blei blant anna ordlyden i vedtektene § 39 endra frå at allmennkringkastingstilbudet til NRK skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap gjennom «program av høg kvalitet», til at det skal vere det gjennom «innhold og tenester av høg kvalitet». Fleire framstillingar i allmennkringkastarrekneskapen frå NRK viser at innhaldstilbudet på alle plattformer har høg kvalitet og stort mangfald, er nyskapande og gir auka samfunnsverdi.

Utvikling, kvalitet, nyskaping og innsikt

NRK gjer greie for at det er eit mål at innhald frå NRK skal bidra til eit betre samfunn, både for den enkelte og for fellesskapet. NRK har som mål å styrke demokratiet gjennom sann, faktabasert journalistikk og å tilby innhald som forklarar og viser samanhengar. Målet er også at alle skal finne og velje innhald frå NRK, og at NRK skal samle befolkninga ved å tilby eit fellesskap for alle – uavhengig av alder, kjønn, geografi, tilhørseil og ferdigheiter.

Medietilsynet legg til grunn at programkategoriar som tradisjonelt bidrar til kunnskap og refleksjon, er informasjonsprogram, nyheiter, aktualitetar, samfunnsprogram, kulturprogram, naturprogram, vitskapsprogram og dokumentarar. NRK legg vinn på at på område der tilbodet er av liknande karakter som kommersielle aktørar tilbyr, skal NRK-tilbudet skilje seg ut og ha eit tydeleg allmennkringkastaravtrykk.

I 2024 har utviklingsavdelinga i NRK arrangert arbeidsmøte om bruk av KI til idé- og programutvikling. Dette resulterte i ein eigen digital assistent for utvikling av nye programidéar. NRK gjer greie for at utviklingsavdelinga jobbar med å utvikle nytt og spennande innhald som treff publikum nå og i framtida, og at innsikta blir delt med andre fagmiljø, produsentar og utdanningsinstitusjonar. Vidare rapporterte NRK på klimautslepp frå 61 interne og 19 eksterne produksjonar. Denne rapporteringa er ein del av NRKs systematiske arbeid for å fremme klimavennlege produksjonar. Miljø- og klimaomsyn går inn i NRKs mål for nyskaping og kvalitetsutvikling. Les meir i punkt 2.2.1 om utviklingsavdelinga og korleis NRK jobbar for grønne produksjonar.

Nokre eksempel på program og aktivitetar som NRK rapporterer som bidrag til å oppfylle krava til nyskaping, kvalitet og innsikt i 2024, omfattar faste programpostar, seriar, dokumentarar, podkastar, djupnesaker og langlesing på nrk.no. Nokre eksempel på faste programpostar som bidrar til innsikt og refleksjon er *Urix*, *Debatten*, *Dagsnytt 18*, *Dagens*, *Kommentert*, *Nyhetsmorgen*, *Studio 2* og *Ekko*. NRK har vidare eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod og program med undersøkende journalistikk. Dette tilbodet blir omtalt nærmare under vurderinga av krava til nyheits- og aktualitetsdekninga i punkt 2.4.



Frå dokumentarserien *UXA – Thomas Seltzers Amerika*. Her er han saman med Dakota Adams som stilte til val for demokratane i heimstaden. Han er også sonen til ein av hovudmennene bak storminga av kongressen 6. januar 2021. Foto: Thomas Søbstad, NRK

Serien *A-laget*, der reporterar med ulike funksjonsvariasjonar intervjuar ulike kjende personar, har ifølge NRK fått stor merksemd for den nyskapande tilnærminga. Serien *Oppsynsmannen* utforska nedbygginga av norsk natur og løfta saka fram i det offentlege ordskiftet. Som ein del av oppladinga til presidentvalet hausten 2024 sende NRK tredje sesong av dokumentarserien *UXA – Thomas Seltzers Amerika*, som blant anna gav innsikt i MAGA-rørsla, svekt tillit til demokratiske val, konsekvensar av ekstremvêr og naturkatastrofar i USA. Kunstnar- og familieportrettserien *Familien Nerdrum* gav innblikk i livet på garden utanfor Stavern, der målarer Odd Nerdrum bur med store delar av familien sin og underviser

kunstnarstudentar. NRK sende også ein ny sesong av serien *Demenskontoret*, som skildrar korleis musikk kan bidra til auka livskvalitet og livsglede samtidig som det gir helsemessige gevinstar.

Innanfor radio og podkast har NRK fleire tilbod som bidrar til innsikt, som for eksempel *Hele historien*, *Historier fra virkeligheten*, *Historiske kjendiser*, nyheitspodkasten *Oppdatert* og debattpodkasten *Trygdekontoret*. Andre eksempel er *Leseklubben*, *Språksnakk* og *Tyrann*. Vidare er digital historieforteljing eit satsingsområde for NRK, og kvar veke blir det publisert langlesingssaker på nrk.no. Den ukjende nedbygginga av norsk natur blei skildra gjennom eit journalistisk nettprosjekt som brukte kunstig intelligens og satellittbilde i djupnesaka *Norge i rødt, hvitt og grått*.

Auka samfunnsverdi

NRK er bevisst rolla si som fellesarena og rapporterer at det blir arbeid kontinuerleg med å utvikle innhald som er innretta for å samle mange – både knytte til hendingar i samfunnet og innhald som er drive fram av NRK. Målet er å skape opplevingar som får publikum til å kjenne seg som ein del av eit større fellesskap, fordi dette skaper tilhøyrse til samfunnet og bygger bruer på tvers av alder og bakgrunn. Store årlege sendingar, som også blei produserte i 2024, er *17. mai-sendinga*, *Melodi Grand Prix*, *Sámi Grand Prix*, *Samenes nasjonaldag* og *Idrettsgallaen*. Sommar-OL og paralympiske greiner i Paris, friidrett og EM i fotball er eksempel på sportsarrangement som nådde breitt i 2024.



Amir Horori, Hani Hussein og Erik Solbakken var programleiarar for *Festen etter fasten*.
Foto: Julia Marie Naglestad / NRK

NRK opplyser at det blir lagt vekt på å tilby samlande opplevingar i høgtider, som påske og jul, blant anna med julekalender, jule- og påskesnøtter, gudstenester og anna innhald om livssyn. *Festen etter fasten* blei send for femte år på rad og var ei direktesending der høgtida id blei feira. I julehøgtida opna NRK for tredje år på rad alle julekalendrane frå dei siste 45 åra i NRK TV, for å gi ulike generasjonar eit gjensyn med favorittane sine. NRK opplyser også at den uhøgtidelege konkurranserealityserien *24-stjerners julekalender* fekk høg oppslutning og mykje merksemd. I 2024 laga NRK i tillegg ein tilsvarande konkurranse i *Påskekrimlekene*.

Mesternes mester, *Norges tøffeste*, *Alle mot 1* og *Maskorama* er underhaldningssatsingar som ifølge NRK fortsette å samle sjåarane i 2024. Fleire nye realitykonsept blei lanserte i 2024, slik som *Bakemesterskapet*, *NM i gjemsel* og *Brekket*. Ei anna nysatsing i 2024 var reiseprogrammet *Oppdrag Europa*, som saman med *Team Bachstad i Japan* nådde mange sjåarar. *Klassequizen*, *Fra bølge til bestevenn* og *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu* blir også trekte fram som populære programseriar i helgene. Innanfor talkshow-kategorien viste NRK også i 2024 *Nytt på nytt* og *Lindmo*. Eit anna nytt programkonsept i 2024 var *Frifot*, der Anne Lindmo tok med seg gjester på overnatting og samtalar i naturen.



I serien *Brekket* kjempa ti deltakarar om å få rane en bank saman med komikarane Martin Lepperød Henrik Farley og Jani Josef. Foto: Kim Erlandsen / NRK

NRK har også i 2024 fleire eksempel både på dokumentarseriar under *Brennpunkt-* paraplyen, som *Ære*, *Instukids* og *Den sorte svane*, og dramaseriar som *Makta* og *Oro Jaska*, som set søkelyset på kompliserte tema frå fleire perspektiv.

Medietilsynet vurderer det folkelege tilbodet med brei appell som viktig for at NRK både fyller funksjonen som samlande fellesarena i befolkninga og som ein «lead in»-effekt til det

smalare tilbodet som appellerer til bestemte målgrupper. Ved å vere nyskapande og ta opp samfunnsaktuelle tema på ein fordypande og engasjerande måte som treffer breitt, vurderer Medietilsynet at NRK tilfører ein samfunnsverdi i det totale innhaldstilbodet som er tilgjengeleg for publikum.

Breidde i programtilbodet

NRKs kanalar på tv og radio utfyller kvarandre med dei breie kanalane NRK1 og NRK P1, dei fordypande og kunnskapsorienterte kanalane NRK 2 og NRK P2 og barne- og ungdomstilbodet i NRK Super / NRK 3. I tillegg har NRK ei rekke digitale radiokanalar med ulik profil og eit omfattande tilbod på nett og mobil. Sjå tabellar og diagram som viser innhaldstilbodet i NRKs hovudkanalar på radio, tv og nett, i punkt 2.3.3.

I 2024 blei det formidla 3677 timar nyheiter i NRK1. Etter ein kraftig auke i nyheitsomfanget frå 1231 timar i 2019 til 2996 timar i 2020 under koronapandemien, har timetalet fortsett å auke frå 2239 timar i 2021, 3173 timar i 2022 og til 3615 timar i 2023. Statistikken stadfestar at nyheitsformidlinga i den breie tv-kanalen til NRK er styrkt samanlikna med kva som var tilfellet før pandemien. Dette kan ha si forklaring både i nyheitsbildet, der den ekstraordinære pandemisituasjonen blei følgd av krig i Ukraina og Israel/Gaza, og endringar i nyheitsvanar med auka etterspurnad etter løpande oppdatering. NRK har tidlegare forklart at nyheitsoppdateringa *Nyhetsstrømmen*, som dagleg blir send på NRK1 mellom klokka 09.00 og 18.00, bidrog til å auke talet på timar med nyheiter frå 2021 til 2022. I allmennkringkastingsrapportane for programåra 2022 og 2023 peikte Medietilsynet på at den auka nyheitssatsinga påverkar omfanget av andre programområde, noko som også var tilfellet i 2024 sjølv om nyheitsauken flata noko ut. Nyheiter utgjorde 46,6 prosent av det samla programtilbodet til NRK1 i 2024 mot 45,3 prosent i 2023, 39,4 prosent i 2022, 27,9 prosent i 2021 og 37 prosent i 2020. Frå 2022 til 2023 auka talet på nyheitstimar med over 400, og da var dei største reduksjonane i talet på timar innanfor kategoriane generell fakta (frå 804 til 677 timar), vitenskap (frå 476 til 336 timar), sport (frå 933 til 797 timar) og kunst/kultur (284 til 233 timar). I 2024 var det da positivt at talet på timar innanfor generell fakta aukar til 714 timar. Samtidig fortsette talet på timar innanfor vitenskap og kunst/kultur å falle. I 2024 var dette talet på høvesvis 254 og 219 timar.

Ulike innhaldssatsingar og rettar til visningar av for eksempel idrettsarrangement gjer at nokre variasjonar må forventast frå år til år, noko som særleg kan gi utslag i dei «mindre» programkategoriane. I eit allmennkringkastarperspektiv er det viktig å sjå utviklinga over tid og om det er enkelte smalare programtilbod som får mindre plass – også på tvers av det samla innhaldstilbodet til NRK. Medietilsynet merkar seg at vitenskap var ein av kategoriane med størst reduksjon i antal timar også frå 2021 til 2022 (frå 576 til 476 timar). Dette inneber at formidlinga av vitenskap i NRK1 er meir enn halvert dei tre siste åra. Innanfor generell fakta og kunst/kultur har timetalet vore meir stabilt eller styrkt dei føregåande åra.

På NRK2 blei det formidla 1356 timar nyheiter i 2024, og trenden med auke i nyheitsformidlinga dei siste tre åra frå 1389 timar i 2021 til 1446 timar i 2022 og til 1543 timar flata ut. Drama på NRK2 held seg stabilt høgt i 2024 med 1538 timar, mot 1499 timar i 2023. Samanlikna med 622 timar i 2019 er dette meir enn ei dobling av dramatilbodet i NRK 2. Dette er relevant i lys av at drama var ein av kategoriane med størst reduksjon i antal timar på NRK1 frå 2021 til 2022. Kategorien heldt seg relativt stabilt i 2023, men gjekk noko ned i

2024. Samla gir dette likevel eit relativt stabilt omfang drama for NRK1 og NRK 2 dei seinare åra. Kategorien religion/livsfilosofi auka jamt på NRK2 frå 56 timar i 2019 til 98 timar i 2022, men med 83 timar i 2023 og 57 timar i 2024 har omfanget gradvis gått tilbake. Etter ei nær halvering av timetalet innanfor vitskap i perioden 2019 til 2022, frå 843 til 440 timar, var det ein liten auke til 499 timar i 2023. I 2024 var omfanget tilbake på det låge nivået frå 2023 med 440 timar. Kategorien kunst/kultur har vore relativt stabil dei seinare åra og auka frå 460 timar i 2022 til 503 timar i 2023 og 528 timar i 2024. Les meir om utviklinga i kulturdekninga i alle NRKs kanalar i punkt 2.9.1.

Programprofilen i NRK3 har vore relativt stabil dei seinare åra. Formidlinga av både vitskap og religion flata ut i 2024 etter ein periode med jamn auke. I 2024 formidla NRK3 248 timar vitskap mot 252 timar i 2023, 215 timar i 2022, 171 timar i 2021 og 156 timar i 2020. Same tendens gjeld timetalet med religion og livsfilosofi, som utgjorde 28 timar i 2024 mot 42 timar i 2023, 32 timar i 2022, 18 timar i 2021 og 15 timar i 2020. Drama styrkte seg frå 721 timar i 2023 til 855 timar i 2024, og braut dermed den nedgåande trenden i timetal sidan 2020. Timetalet innanfor drama er likevel langt under nivået i 2020 og 2021, da tala var respektive 1386 og 1182 timar. Formidlinga av generell fakta / samfunnsspørsmål har med 576 timar gått ytterlegare tilbake i 2024 etter at 2023 viste ei utflating etter ein periode med jamn auke (frå 350 timar i 2020, 458 timar i 2021, 623 timar i 2022 og til 603 timar i 2023). Tilsvarende tilbakegang har også skjedd for kunst/kultur med 138 timar i 2024 mot 157 timar i 2023, 168 timar i 2022, 140 timar i 2021 og 63 timar i 2020. I NRK Super er fordelinga mellom dei ulike programkategoriane relativt stabil, og litt meir enn 75 prosent av tilbodet er animasjon og drama (høvesvis 60,4 og 17,3 prosent i 2024).

Programstatistikken for radio viser som for tv at dei allmenne breiddekanalane NRK1 og NRK P1 formidlar meir nyheitsstoff etter pandemien enn før. I NRK P1 var trenden med meir nyheitsstoff følgt av ein auke i antal timar med samfunnsstoff etter ein periode med reduksjonar. I 2024 blei det sendt 529 timar nyheiter i NRK P1 mot 579 timar i 2023 og 393 timar i 2022. Formidlinga av samfunnsstoff blei tredobla frå 111 timar i 2022 til 358 timar i 2023, og i 2024 var timetalet 348. Timetala i kategorien underhaldning fortsette å falle, frå 3657 timar i 2022 til 3384 timar i 2023 og til 3052 timar i 2024. Samtidig blei det sendt 200 timar konkurransar i NRK P1 i 2024 mot 55 timar i 2023. Det er naturleg å anta at denne auken forklarar noko av reduksjonen i talet på timar underhaldning. Timetalet for regionale sendingar fortsette også å falle frå 1550 timar i 2022 til 1452 timar i 2023 og 1336 timar i 2024. Formidlinga av religion/livsfilosofi har også gått tilbake frå 259 til 191 timar frå 2023 til 2024 i breiddekanalen NRK P1.

NRK P2 har ein tydeleg kultur- og samfunnsprofil som på nokre område er styrkt dei siste åra. Frå 2020 til 2024 har blant anna talet på timar innanfor fleire av dei smalare kategoriane

auka jamt og mykje. Kunst/kultur/medium har i denne perioden auka frå 1109 til 3112 timar¹⁹ og religion/livssyn frå 272 til 883 timar. Formidlinga av radiodokumentarar har flata ut etter eit høgdepunkt på 287 timar i 2022, og heldt seg stabilt høgt på respektive 250 og 258 timar i 2023 og 2024. Omfanget er markant høgare enn 80 timar med dokumentarar i NRK P2 i 2020. 2381 timar var samfunnsspørsmål i 2024. Timetalet har gått tilbake samanlikna med 2023, da talet var 2770 timar, og er også litt lågare enn i 2022, da talet var 2430 timar. Likevel handla godt over ein fjerdedel av innhaldstilbodet i NRK P2 om samfunnsspørsmål i 2024. Med 384 timar styrkte formidlinga av vitskap seg noko i 2024 etter å ha lege stabilt på rundt 360 timar og 4 prosent dei føregåande åra. Etter eit tydeleg fall i nyheitsformidlinga frå 2173 timar i 2020 til 763 timar i 2022 har omfanget auka jamt til 963 timar i 2023 og til 1235 timar i 2024.

NRK P3 har dei siste åra, frå 2021 til 2024, stadfesta ei større breidde i tema og sjangrar i innhaldstilbodet til dei unge med meir formidling av nyheiter, samfunnsspørsmål og kunst/kultur/medium enn tidlegare. I 2024 blei styrkinga av kunst/kultur/medium stadfesta med 1487 timar, ein auke frå 796 timar i 2023 og 778 timar i 2022 mot 143 timar i 2021 og 123 timar i 2020. 548 timar handla om samfunnsspørsmål, ein markant auke samanlikna med 108 timar i 2023 og 321 timar i 2022. Timetalet for kategorien nyheiter fortsette å søkke, og var i 2024 berre 83 timar. Nyheiter var for første gong ein eigen kategori i NRK P3 med 314 timar i 2021, og deretter 240 timar i 2022 og 170 timar i 2023. NRK har tidlegare forklart at frå og med 2023 har dei eigne nyheitsoppdateringane i *P3nyheiter* blitt sende i flyt, slik at dei altså ikkje kjem fram som noko eige program, men at dei inngår i *P3morgen*. Omlegginga til «flytradio» har ifølge NRK gjort at temavariasjonen i dei lange programflatene ikkje kjem fram fordi enkeltinnslag i lange programflater ikkje blir registrerte kvar for seg. NRK gjer vidare greie for at nyheits- og aktualitetstilbodet i NRK P3 blir dekt i mange flater, men som innslag framfor eigne program.

NRK publiserte 21 453 artiklar på nrk.no i 2024. Det er eit litt høgare nivå enn i 2022 og 2023, da talet på artiklar var høvesvis 19 909 og 19 734. Fordelinga mellom programkategoriane på nrk.no har vore relativt stabil, med ein høg andel stoff produsert av distriktskontora. I 2024 var nesten 60 prosent av artiklane innanriksstoff (frå distrikta), og andelen har auka gradvis frå 2022. Utanriksnyheiter har lege stabilt rundt 9 prosent og innanriks om politikk rundt 10–12 prosent. Artiklar om kultur og underhaldning ligg rundt 3–4 prosent.

Medietilsynet viser til at den tematiske breidda i innhaldstilbodet til NRK er sentral for å sikre at NRK bidrar positivt til innhaldsmangfaldet. NRK har ei viktig rolle både som ein fellesarena som bidrar til at befolkninga har ei felles orientering mot samfunnet, og for å eksponere mediebrukarane for innhald dei tradisjonelt ikkje oppsøker. Oppdraget til NRK er utforma for

¹⁹ Kategorien «portrett» hadde tidlegare eit visst omfang i programprofilen til NRK P2, men blir ikkje lenger brukt. I 2022 var heile 672 timar og 7,7 prosent av innhaldet i radiokanalen kategorisert som «portrett», men portrettprogram (som eksempel *Drivkraft*) blir nå kategorisert som «kunst/kultur/medium». Omfanget i kunst/kultur/medium har fortsett å auke både frå 2022 til 2023 og frå 2023 til 2024. Medietilsynet finn derfor at mens utviklinga frå 2022 til 2023 truleg hadde samanheng med den endra kategoriseringa, er det grunn til å anta at auken frå 2023 til 2024 inneber ei styrkt kulturdekning i NRK P2 samanlikna med året før.

å sikre eit breitt og kvalitativt godt tilbod som er tilgjengeleg for heile befolkninga. Med det samla innhaldstilbodet på radio, tv og nett skal NRK tilby eit variert og allsidig tilbod både til breie og smale grupper. Tilsynet viser at NRK har eit innhaldsmangfald og ei sjangerbreidde som skil seg frå tilbodet til dei kommersielle medieaktørane i den norske mediemarknaden. Medietilsynet understrekar at det er viktig at NRK held tilbodet innanfor smalare kategoriar som undersøkende journalistikk, fakta/informasjon, samfunnsspørsmål, kultur, natur, vitenskap, religion og dokumentarar på eit tilfredsstillande høgt nivå framover. Tema- og sjangerbreidde er viktig også i dei aldersgruppeorienterte tilboda til NRK. NRKs rolle på område med marknadssvikt er i tillegg svært viktig for å bidra til auka innhalds- og bruksmangfald.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å arbeide for høg kvalitet, mangfald og nyskaping, at allmennkringkastingstilbodet skal vere ei kjelde til innsikt, refleksjon, oppleving og kunnskap gjennom innhald og tenester av høg kvalitet, og at NRK skal vere nyskapande og bidra til kvalitetsutvikling. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfylte kravet om at tilbodet skal ha tematisk og sjangermessig breidde, og at NRK skal appellere til alle aldersgrupper. Vurderinga er også at NRK oppfylte kravet om å legge vinn på å tilføre tilbodet sitt eit element av auka samfunnsverdi samanlikna med det kommersielle tilbodet.


2.3.3 Programstatistikk NRK TV

Tabell 1 – programstatistikk for NRK1 for 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Nyheiter	3 615	45,3 %	3 677	46,6 %
Fritid/hobby/livsstil	942	11,8 %	1 018	12,9 %
Sport	797	10,0 %	749	9,5 %
Generell fakta	677	8,50 %	714	9,1 %
Drama	712	8,90 %	559	7,1 %
Musikk	367	4,6 %	390	4,9 %
Vitskap	336	4,2 %	254	3,2 %
Underhaldning	245	3,1 %	240	3,0 %
Kunst og kultur	233	2,9 %	219	2,8 %
Religion/livsfilosofi	59	0,7 %	66	0,8 %
Sum	7 984	100 %	7 886	100 %

Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 2 – programstatistikk for NRK1 for 2024 (tal i prosent)



Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk




Tabell 2 – programstatistikk for NRK2 for 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Fritid/hobby/livsstil	1 465	18,9 %	1 550	19,7 %
Drama	1 499	19,4 %	1 538	19,6 %
Nyheiter	1 543	19,9 %	1 356	17,3 %
Generell fakta	1 025	13,2 %	1 013	12,9 %
Musikk	623	8,1 %	711	9,0 %
Kunst og kultur	503	6,5 %	528	6,7 %
Vitskap	449	5,8 %	440	5,6 %
Underhaldning	306	3,9 %	409	5,2 %
Sport	242	3,1 %	257	3,3 %
Religion/livsfilosofi	83	1,1 %	57	0,7 %
Sum	7 737	100 %	7 859	100 %

Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 3 – programstatistikk for NRK2 for 2024 (tal i prosent)



Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk




Tabell 3 – programstatistikk for NRK3 for 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Drama	721	26,6 %	855	31,7 %
Generell fakta	603	22,2 %	576	21,3 %
Fritid/hobby/livsstil	428	15,8 %	403	14,9 %
Vitskap	252	9,3 %	248	9,2 %
Underhaldning	259	9,5 %	211	7,8 %
Musikk	161	5,9 %	182	6,7 %
Kunst og kultur	157	5,8 %	138	5,1 %
Sport	85	3,1 %	57	2,1 %
Religion/livsfilosofi	42	1,5 %	28	1,0 %
Nyheiter	7	0,2 %	0	0,0 %
Sum	2 715	100 %	2 697	100 %

Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 4 – programstatistikk for NRK3 for 2024 (tal i prosent)



Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk




Tabell 4 – programprofil for NRK Super for 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

Kategori	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Animasjon	2 955	61,7 %	3 170	60,4 %
Drama	749	15,6 %	907	17,3 %
Underholdning	516	10,8 %	577	11,0 %
Dokumentar	220	4,6 %	226	4,3 %
Undervisning	130	2,7 %	161	3,1 %
Samisk	113	2,4 %	123	2,4 %
Musikkvideo	93	1,9 %	63	1,2 %
Vitskap	15	0,3 %	18	0,3 %
Sum	4 791	100 %	5 246	100 %

Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 5 – programstatistikk for NRK Super for 2024 (tal i prosent)



Kjelde: Kantar, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk


2.3.4 Programstatistikk NRK Radio

Tabell 5 – programstatistikk for NRK P1 for 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Underhaldning	3 384	38,63 %	3 052	34,8 %
Musikk	2 373	27,09 %	2 689	30,7 %
Regionale sendingar	1 452	16,57 %	1 336	15,3 %
Nyheiter	579	6,61 %	529	6,0 %
Samfunnsspørsmål	358	4,09 %	348	4,0 %
Friluftsliv	211	2,41 %	211	2,4 %
Konkurransar	55	0,63 %	200	2,3 %
Religion/livsfilosofi	259	2,96 %	191	2,2 %
Anna	90	1,03 %	205	1,4 %
Sum	8760	100 %	8 760	100 %

Kjelde: NRK Statistikk

Figur 6 – programstatistikk for NRK P1 for 2024 (tal i prosent)



Kjelde: NRK Statistikk




Tabell 6 – programstatistikk for NRK P2 for 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Kunst/kultur/medium	2 770	31,6 %	3 112	35,5 %
Samfunnsspørsmål	2 753	31,4 %	2 381	27,2 %
Nyheiter	963	11,0 %	1 235	14,1 %
Religion/livsfilosofi	867	9,9 %	883	10,1 %
Musikk	565	6,4 %	462	5,3 %
Vitskap	363	4,1 %	384	4,4 %
Dokumentar	250	2,9 %	258	2,9 %
Anna	230	2,6 %	46	0,5 %
Sum	8 760	100 %	8 760	100 %

Kjelde: NRK Statistikk

Kjelde: NRK Statistikk

Figur 7 – programstatistikk for NRK P2 for 2024 (tal i prosent)




Kjelde: NRK Statistikk

Tabell 7 – programstatistikk for NRK P3 for 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Musikk	4 801	54,8 %	5 297	60,5 %
Underholdning	2 532	28,9 %	1 487	17,0 %
Kunst/kultur/medium	796	9,1 %	1 147	13,1 %
Samfunnsspørsmål	108	1,2 %	548	6,3 %
Sex/samliv	252	2,9 %	162	1,9 %
Nyheiter	170	1,9 %	83	0,9 %
Anna	102	1,2 %	36	0,4 %
Sum	8 760	100 %	8 760	100 %

Kjelde: NRK Statistikk

Figur 8 – programstatistikk for NRK P3 for 2024 (tal i prosent)



Kjelde: NRK Statistikk




2.3.5 Innholdsstatistikk for nrk.no

Tabell 8 – innholdsstatistikk for NRK på nett i 2023 og 2024 (tal i artiklar og prosent)

	Artiklar 2023	Prosent 2023	Artiklar 2024	Prosent 2024
Distrikt – innanriks	10 630	53,9 %	12 472	58,1 %
Nyheiter – politikk, innanriks	2 168	11,0 %	2 190	10,2 %
Nyheiter – utanriks	1 676	8,5 %	1 771	8,3 %
Sport	1 580	8,0 %	1 570	7,3 %
Kultur og underhaldning	779	3,9 %	681	3,2 %
NRK Sápmi	397	2,0 %	424	2,0 %
Andre	2 504	12,7 %	2 345	10,9 %
Sum	19 734	100 %	21 453	100 %

Kjelde: NRK Statistikk

Figur 9 – innholdsstatistikk for NRK på nett i 2024 (tal i prosent)



Kjelde: NRK Statistikk

2.3.6 Utdanning og læring

NRK skal bidra til utdanning og læring. Dette inneber å tilby innhald som er tilrettelagt for skoleverket. NRK Skole samlar innhald produsert i heile NRK og omarbeider og koplar dette opp mot konkrete læreplanmål i skoleverket. Vidare produserer NRK Skole eige innhald, også saman med interne og eksterne samarbeidspartnarar. NRK opplyser at NRK Skole har litt over 11 000 klipp tilgjengelege som bidrag til undervisning på dei fleste trinna og i fleire fag. 285 av desse klippa blei publiserte i 2024. Dette er ein nedgang frå nær 350 klipp i 2023 og 600 klipp som blei publiserte i 2022. NRK har i 2024 også laga 40 undervisningsopplegg som er knytte til eksisterande NRK-innhald som lærarane finn relevant å bruke i undervisninga. NRK viser til at det blir prioritert å lage videoinnhald for å dekke læreplanmål i kjernefaga i skolen der det ikkje finst videoinnhald frå før. Vidare fortset NRK arbeidet med å tekste alle eldre videoar som ikkje er teksta tidlegare. NRK Skole-redaksjonen har dialog med lærarar om behovet for skolemateriell, både gjennom konferansar, fokusgrupper, skolebesøk, nyheitsbrev og sosiale medium.



I serien *Kompani O.R.D.* ordnar Olivia, Ralph og Divja opp i språklege problem som ordskurken skapar. Foto: NRK

I 2024 har NRK blant anna laga undervisningsopplegg til temadagane til Supernytt om einsemd og Blime!. Undervisningsopplegget er for lærarar og blir brukt på dei fleste barneskolar. Mykje av innhaldet kan lastast ned og er tilgjengeleg på nynorsk og samisk. Vidare er mykje av innhaldet lagt til rette med teiknspråktolking og tilpassa barn med forskjellige funksjonsvariasjonar. NRK Skole var involvert i serien *Kompani O.R.D.* med pedagogiske innspel og eit undervisningsopplegg til norskfaget for elevar i småskolen. NRK Skole har også produsert ein serie med diktarane Kjersti Wøien Håland og Brynjulf Jung Tjønn, med tilhøyrande undervisningsopplegg. Dette innhaldet er spesielt retta mot elevar på ungdomsskolen og vidaregåande skole.

Supernytt forklarer er ein podkastserie der fenomen og historiske hendingar frå nyare tid blir forklarte på ein grundig måte. Serien tilbyr også eit undervisningsopplegg. I 2024 blei det dessutan laga undervisningsopplegg til seriar som *Planetpatruljen*, *Gjør det sjøl*, *Flukt*, *Gitt bort*, *Instukids*, *Brennpunkt: Ære*, *Lett å hate*, *Oppsynsmannen* og *Makta*.



Bård Tufte Johansen i *Oppsynsmannen*. Foto: NRK

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å bidra til utdanning og læring, inkludert å tilby innhald som er tilrettelagt for skoleverket.

2.3.7 Bruk av andre medieplattformer

NRK skal stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar, og NRK rapporterer at dette i stor grad blir gjort gjennom redaksjonelle flater og dermed i naturlege samanhengar der publikum for eksempel kan delta eller stemme. NRK har også ei eiga dekning av den digitale transformasjonen. NRK viser til at i appen NRK Radio er det ein aukande bruk av funksjonalitet der publikum kan skrive inn innspela sine direkte til det aktuelle programmet. Særleg programma på P1+ har formidla informasjon om appen NRK Radio. I tillegg til dei redaksjonelle flatene jobbar publikumsservice med stor grad av individuell brukarstøtte.

Ifølge NRK aukar bruken av dei nye digitale plattformene, og innanfor strøyming er det aldersgruppa over 50 år som aukar mest. NRK jobbar aktivt med tilrettelegging, blant anna i form av rettleiing i bruk og universell utforming.

NRK trekker fram at NRKbeta er eit viktig redaksjonelt miljø som skriv om medium, internett og ny teknologi. Fagpersonane frå dette redaksjonelle miljøet bidrar også med innsikt og rådgiving i andre prosjekt i NRK. Satsinga på teknologijournalistikk i NRK Nyheiter frå 2023

er vidareført i 2024, og teknologiklynga har etablert seg som eit miljø for kritisk forbrukarjournalistikk. Sakene som blir dekte, handlar om endringar, utfordringar og nye høve teknologisk utvikling gir.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar.

2.3.8 Interaktiv deltaking

NRK framhevar at interaksjonskonsept, der publikum blir invitert til å delta og påverke, er blitt ein viktig del av NRKs innhald, blant anna fordi det samlar og engasjerer både vaksne og barn. I 2024 blei fleire underhaldningskonsept vidareutvikla med omsyn til interaksjon, blant anna *MGP*, *Alle mot 1* og *Maskorama*.

I 2024 jobba NRK med publikumsinteraksjon i samband med sport. *Gjettekonken* er utvikla til NRKs direktesende sportssendingar og er ifølge NRK eit interaksjonskonsept der publikum kan gjette og svare på spørsmål knytte til konkurransen, og dei kan samanlikne seg med familie, venner og andre deltakarar. Konseptet blei testa på friidrett og vintersport, og blei vidareutvikla til *Ski-VM* i Trondheim i 2025.

NRK har i fleire år laga nettspel som også er knytte til tv- eller radioinnhald. Påskelabyrinten på nett, Idrettsgallaspillet, Klassequizens nettquiz og Grevinnen og hoppmesteren-spelet er eksempel på quizformat og minispel på nrk.no. I 2024 blei også Former og Tvers lansert. Dette er daglege spel utan ei bestemt tilknytning til anna innhald, men NRK rapporterer at dei som spelar desse spela, påviseleg konsumerer anna nyheitsinnhald når dei først er innom forsida til nrk.no.



I spelet «Grevinnen og HOPPmesteren» kan ein forsøke å slå ni kjendisar (skjerm bilde frå nrk.no)



NRK Radio gjer det mogleg for publikum å dagleg delta i avstemmingar og bidra med innsendingar. NRK viser til at dialog og interaktivitet er viktig i fleire innhaldstilbod, blant anna i *Debatten* og i distriktssendingane som involverer publikum ved å halde avstemmingar om ulike spørsmål i løpet av dei daglege morgon- og ettermiddagssendingane. Les meir om nettuniverset til *Debatten* i punkt 2.4.1. Vidare har NRK opplyst at debatt, kronikkar og kommentarar er ein viktig del av det faste tilbodet på nrk.no under tittelen Ytring.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å ha eit breitt og løpande oppdatert tilbod av tenester og spel på nett som stimulerer til interaktiv deltaking.



Nyheits- og aktualitetsdekninga i NRK

2.4 Nyheits- og aktualitetsdekninga

Vedtektene:

§ 42 NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 43 NRK skal bidra til økt kunnskap om internasjonale forhold.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av: [...]

- nasjonale og internasjonale nyheter [...]
- fakta- og bakgrunnsinformasjon for nyheter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål [...]

§ 27 NRK skal ha en bred og balansert dekning av politiske valg. Samtlige partier og lister over en viss størrelse omtales normalt i den redaksjonelle valgdekningen.

§ 28 NRK har som oppgave å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre.

2.4.1 Eit breitt nyheits- og aktualitetstilbod, fakta og bakgrunnsinformasjon

NRKs nyheits- og aktualitetsdekning skal vere for både smale og breie grupper, tilbudet skal spegle mangfaldet i befolkninga, og på nett skal NRK ha eit løpende oppdatert tilbud av nasjonale og internasjonale nyheiter, fakta og bakgrunnsinformasjon for nyheiter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål. Den uttrykte ambisjonen til NRK er å vere raskt ute med dei største og viktigaste nyheitene og å gi bakgrunn, perspektiv, breidde og kontekst. Dette blir framheva som ein viktig drivar for utviklinga av NRKs digitale nyheitsflater, nrk.no, NRK TV og NRK Radio.

NRKs omdømmemålingar for 2024 viser at tilliten til NRK har halde seg relativt stabil på 84 prosent, frå 85 prosent i 2023. Det er på same nivå som 2020 til 2021. Andelen som har svært stor tillit, har gått noko ned, mens andelen med ganske stor tillit har auka med eitt prosentpoeng. Ni av ti svarte at NRK tilbyr truverdige nyheiter, truverdig informasjon og truverdige dokumentarar, og det var på nivå med talet for 2023.

For å nå heile befolkninga med nyheitsinnhald tar NRK i bruk alle eksisterande kanalar og plattformer. NRK viser til at andelen unge under 30 år som oppsøker NRKs nyheitsflater ved store nyheitshendingar, aukar. Vidare var «Pensjonskalkulatoren» den mest lesne saka på nrk.no i 2024 med 1,1 million sidevisningar, og 11,1 prosent av desse var unge under 30 år. To satsingar frå 2024 for å treffe yngre med nyheitsinnhald i nye format blir framheva av NRK. NRK brukte unge profilar til å lage «forklarer-videoar» i høgdeformat, der aktuelle saker i nyheitsbildet blir forklarte visuelt og munnleg med mobilen på høgkant. NRK etablerte også eit nytt spesialteam bestående av designarar, utviklarar og journalistar for å formidle dei største nyheitene på meir nyskapande, interaktive og visuelle måtar. Det blei blant anna laga spesialsatsingar knytte til store saker som statsbudsjettet og krigen i Israel/Gaza.

NRK Nyheiter er til stades på Snapchat og publiserer nyheitssaker, forklaringsvideoar og eigne utgåver med dei største dokumentarane frå NRKs faktaavdeling. NRK viser til at dette gir unik innsikt i mediebruken til dei unge, samtidig som NRK når ut til ein del av befolkninga NRK elles ikkje når. Det uttalte målet til NRK er at unge skal oppdage NRKs innhald og finne vegen direkte tilbake til NRKs eigne plattformer. NRK viser til eit ønske om å gi nye generasjonar eit nyheitstilbod som er tilpassa dei, og å vise at redaktørstyrte medium har stor verdi. I 2024 nådde NRK Nyheiter i snitt 230 000 brukarar kvar veke på Snapchat. Kunnskapen og innsikta frå nærværet på Snapchat har blant anna blitt brukt til å utvikle nye produkt som «forklarer-videoane» i høgdeformat på nrk.no. NRK Nyheiter har også ein nyheitskonto på Instagram, der 45 prosent av dei som har trykt på innhaldet, er under 25 år. Tilsvarende tal for Snapchat-kontoen er 40 prosent. Vidare er NRK til stades med innhald på Facebook, YouTube og TikTok.



Nina Owing og Petter Oulie-Hauge frå *Dagsrevyen* intervjuar utanriksjournalist Sidsel Wold.
Foto: NRK

NRK opprettheld omfattande debattprogram, og både *Debatten* og *Dagsnytt 18* dekker breitt tematisk. For å fremme eit trygt og inkluderande ytringsrom har NRK tatt initiativ til at den digitale debatten skal skje på eigne plattformer. Tenesta «NRK Svarer» og «Debatten digitalt» er sentrale verktøy i den samanhengen. *Debatten* er dei siste åra utvikla til å bli eit fleirmedialt univers, der publiseringa blir koordinert på alle plattformer. Med prosjektet «Debatten digitalt» har NRK i 2024 arbeidd for å auke den digitale bruken av *Debatten*. Alle tema frå *Debatten*, med publikumsdiskusjonar, avstemmingar, videooppsummeringar frå sendingar, artiklar med meir, blir samla på nrk.no/debatten. Gjennomsnittlege sjåartal i 2024 var 364 000, av dette såg 311 000 programmet lineært. Programmet hadde ein marknadsandel på 42 prosent. NRK oppfordrar til publikumsdialog gjennom ei fast tilvising på forsida til nrk.no, som blir nytta aktivt av redaksjonen for å vise interaktivitet under sendingane.

NRK viser til at podkastformatet eignar seg godt for å forklare og gi kontekst til nyheiter. *Oppdatert* er ein podkast med fleire publiseringar kvar veke, der formålet er å gi ei yngre målgruppe innsikt i aktuelle tema. *Kommentert* formidlar dei viktigaste politiske sakene i nyheitsbildet, i tillegg til økonomi- og utanrikssaker med forgreiningar til Noreg. Formatet er samtalebaserst og har ei forholdsvis enkel oppbygging som skal gi høve for å lage aktuelle episodar på kort varsel. *Urix* er ein opplysnande og faktadreven podkast frå utanriksredaksjonen som inngår i programflata *Urix* på NRK P2. I 2024 auka denne podkasten til to publiseringar kvar veke.

I 2024 rapporterer NRK framleis nedgang i sjåartala for fleire sentrale nyheitstilbod. For *Dagsrevyen* fall sjåartala for den lineære sendinga frå 477 000 i 2023 til 444 000 i 2024. Samtidig auka sjåartala for *Dagsrevyen* i strøymetenesta, frå 38 000 i 2023 til 40 000 i 2024, men talet er ikkje stort nok til å vege opp for nedgangen lineært. Dersom vi ser på sjåartala samla, både lineært og i strøymetenesta, hadde også *Dagsrevyen 21* ein nedgang frå 286 000 i 2023 til 254 000 i 2024, mens sjåartala til *Kveldsnytt* sokk frå 260 000 i 2023 til 244 000 i 2024. *Urix* hadde relativt stabile sjåartal, mens *Dagsnytt 18* hadde ein nedgang i sjåartala same periode. *Urix* gjekk frå 234 000 til 231 000, mens *Dagsnytt 18* fall frå 177 000 til 162 000. NRKs flaggskip, *Debatten*, gjekk frå 421 000 i 2023 til 349 000 i 2024. Samtidig peiker NRK på at *Debatten*s nedgang er vesentleg mindre enn bransjegjennomsnittet for tv-sjåing, og dei digitale sjåartala for *Debatten* steig med 16 prosent samanlikna med haustsesongen 2023.

NRK publiserte 21 453 artiklar på nrk.no i 2024, eit snitt på 59 artiklar per dag. Dette er ein auke frå 19 734 artiklar i 2023. Auken er i hovudsak knytt til produksjon av kategorien «Distrikt – innenriks». Av dei publiserte sakene på nrk.no i 2024 var 8 prosent utanriks, mens 68 prosent handla om nasjonale forhold (58 prosent distrikt innanriks og 10 prosent nyheiter/politikk innanriks), og dei resterande sakene er kategoriserte som sport, kultur, NRK Sápmi og anna innhald.

NRK P1, som er NRKs beredskapskanal på radio, tilbyr løpande nyheitsoppdatering regionalt og nasjonalt, og NRK P2 tilbyr nyheitsfordjuping, kommentarar og analysar. NRK har også radiokanalen NRK Alltid Nyheter, som både leverer eigne nyheitsoppdateringar og samsender nyheitsflater med andre kanalar på radio og tv.

Nyhetsstrømmen er ein kontinuerleg straum av nyheiter som blir oppdaterte med nye saker etter kvart som dei kjem inn. Arbeidet med dette tilbodet starta da pandemien gjorde at Noreg blei stengt ned 12. mars 2020. I 2024 har *Nyhetsstrømmen* blitt sendt alle kvardagar frå *Nyhetsmorgen* som startar klokka 06.30, til *Kveldsnytt* er ferdig klokka 23.30, med ein samanhengande straum av nyheiter frå NRK. NRK Nyheiter sender alltid på alle plattformene til NRK.

NRK har krav om at det skal vere ei brei og balansert dekning av politiske val. 2024 var ikkje eit valår i Noreg, og dermed hadde ikkje NRK valdekning i innhaldstilbodet sitt dette året.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK gjennom innhaldstilbodet på radio, tv og nett hadde ei brei nyheits- og aktualitetsdekning i 2024, som oppfylte krava i vedtektene. Utgreinga frå NRK viser at det var både nasjonale og internasjonale saker, løpande

oppdatering av nyheitsbildet og fakta og bakgrunnsstoff i nyheitsdekninga – i tillegg til dekning av og debatt om aktuelle samfunnsspørsmål. Nyheits- og aktualitetstilbudet var også retta mot ulike aldersgrupper, inkludert barn og unge.

2.4.2 Kunnskap om internasjonale forhold

NRKs uttrykte mål er å tilby alle brukarane både forståing av dei løpande nyheitene og bakgrunnskunnskap til å forstå dei store endringane som skjer i verda. Tre av hendingane som prega nyheitsbildet i 2024, var presidentvalet i USA, krigen i Israel/Gaza og krigen i Ukraina. Andre store nyheitssaker som NRK dekte, var blant anna krigen i Sudan, det norske besøket i Kina, der statsminister Jonas Gahr Støre møtte president Xi Jinping, og valet i India.

NRK jobba med presidentvalet i USA gjennom heile 2024 og brukte alle flater og sendingar i tillegg til ikkje-lineære spesialsendingar som *Oppdatert* og *Urix* i strømmetenestene NRK Radio og NRK TV. NRK peiker på at valkampen i USA bar preg av at store redaktørstyrte medium blei valde bort til fordel for alternative medium, som vennleg innstilte podkastar og sosiale medium. NRK viser til at det gjennom året blei jobba med å forstå USA på premissa til amerikanarane. Valnatta sende NRK Nyheiter 29 timar i strekk. Under valnatta var det sentralt å intervju amerikanske veljarar i ulike delar av USA. Sakene på nrk.no om USA og valet i dagane rundt sjølve presidentvalet hadde ifølge NRK ein særleg høg andel unge lesarar.



Åse Marit Befring er utanrikskorrespondent i Istanbul. Foto: Åse Marit Befring / NRK

NRK har utanrikskorrespondentar og eit kontor i Beirut som blir brukte i dekninga av krigen i Israel/Gaza. NRK har hatt meir eller mindre løpande nærvær sidan krigen starta, og bemanninga har vore supplert med utanriksjournalistar og fotografar frå Marienlyst. NRK er i likskap med andre internasjonale medieorganisasjonar utestengd frå Gaza. NRK gjer greie for at det derfor er oppretta samarbeid med lokale fotografar og journalistar som er i nær kontakt med NRKs eigne journalistar som har språk- og områdekunnskap. For å treffe eit breitt publikum, og for å kunne engasjere og forklare, laga NRK fleire digitale spesialar, som for eksempel *Eitt år med krig på Gazastripa* og *Et historisk angrep*. Sistnemnde handlar om det storpolitiske bakteppet etter Irans angrep på Israel.

NRK viser til at den vedvarande krigen i Ukraina framleis er den viktigaste hendinga for Noreg og norsk tryggingspolitikk. NRK har hatt ein korrespondent i Kyiv gjennom 2024, som er det tredje året med krig i Ukraina etter Russlands fullskalainvasjon i 2022. Med nærvær i Ukraina jobbar NRK med å få inn ukrainske stemmer i dekninga av krigen og konsekvensane av krigen. NRK har vidare oppretthalde nærværet i Moskva med krevjande arbeidsforhold for korrespondenten og ingen presse- og ytringsfridom. Samtidig viser NRK til at dette nærværet er av stor verdi for å forstå dagens Russland og i kva retning landet går.

I NRKs nyheitsdivisjon på Marienlyst var det 24 journalistar som jobba dedikert med utanriksnyheiter i 2024. Vidare har NRK tolv korrespondentar fordelt på elleve kontor: to i Washington DC, og éin i høvesvis Nairobi, Beijing, London, Moskva, Kyiv, Brussel, Berlin, Istanbul, Beirut og Stockholm.

For å nå ut til eit størst mogleg publikum med eit så fullstendig bilde av verda som mogleg publiserer NRK løpande nyheiter på alle dei tre plattformene og gjennom dei vanlege nyheitssendingane. Lengre og meir samansette reportasjar blir laga for å gi innsikt og nærleik. NRK framhevar i denne samanhengen *Urix*, som blir send både i NRK TV og i NRK Radio. For å nå yngre målgrupper med utanriksjournalistikk bruker NRK vanlege nyheitsflater til å forklare utan å komplisere. Vidare framhevar NRK podkasten *Oppdatert* og NRKs Snapchat-utgåve.

NRK tilbyr eit breitt tilfang av dokumentarar om internasjonale forhold, politikk og opplevingar frå andre delar av verda. I 2024 publisert NRK blant anna dokumentarar som gir eit historisk perspektiv på amerikansk politikk, inkludert seriar som *Grenselandet* og *I maktens korridorer*. Donald Trumps tilbakekomst som presidentkandidat blei belyst gjennom dokumentarar som *Kuppforsøket*. Dokumentaren *Harris vs. Trump – slaget om USA* fokuserte på skiftet av presidentkandidat på den demokratiske sida.

I 2024 har både krigføringa i Midtausten og krigen i Ukraina vore sentrale i fleire produksjonar, som *Netanyahu*, *USA og veien til krigen* og serien *Zelenskyj* som gir eit portrett av Ukrainas president. Gjennom *Dokuland* tilbyr NRK dokumentarar frå hele verda kvar veke. Blant desse var *Demokrati under angrep* om Ungarn, og *Taiwan – den uskyldige nasjonen*. I 2024 har NRK også vist seriar som *Planeten vår* (sesong 3), *Eit år på jorda* og *Små dyr, store reiser*. Dette er eksempel på program om natur og dyreliv, mens dokumentarseriar som *Gloriavale – flukten fra sekten* og *Marilyn Mansons sanne ansikt* gav innblikk i skjulte miljø og krimhistorier.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å bidra til auka kunnskap om internasjonale forhold.

2.4.3 Undersøkande journalistikk

NRK hadde også i 2024 ei strategisk satsing på undersøkende journalistikk. NRK har sju gravegrupper som er spreitt over heile landet, og i den nordlegaste gravegruppa er journalistar frå NRK Sápmi innlemma. Fleire større saker blei publiserte på tvers av NRKs plattformer. Blant desse var artikkelserien *Norge i rødt, hvitt og grått* og tv-serien *Oppsynsmannen*, som sette fokus på naturtap i Noreg. Journalistar i NRK brukte kunstig intelligens, 41 191 satellittbilde og over 4000 manuelle feilsjekkar for å lage ei fullverdig kartlegging av naturtap, og prosjektet er omtalt i over 2000 artiklar i norske medium og har utløyst fleire konkrete endringar på kommunenivå og nasjonalt.

Andre eksempel på gravejournalistiske prosjekt i 2024 var *The Gate Index*, der NRKs graveredaksjon i Rogaland avslørte eit omfattande bedrageri med falske investeringsprosjekt frå ein Kypros-busett nordmann, mens gravegruppa og økonomiavdelinga i nyheitsdivisjonen samarbeidde om eit prosjekt der NRK har undersøkt systemet for selskapsskatt og funne at mange bedrifter betaler lite eller ingen skatt trass i store overskott. Dette samarbeidet blir ført vidare i 2025.



I *Brennpunkt: Ære* snakkar politioverbetjent Jasmina om æreskriminalitet og hjelper blant anna unge som er på flukt frå foreldra. Foto: NRK

Brennpunkt-redaksjonen publiserte i 2024 ein serie om æreskultur, mens serien *Instukids* avdekte rusproblem og overgrep i barnevernsinstitusjonar. NRKs graveredaksjon i region Midt jobba gjennom prosjektet «Leger i grått» med å sjå på kva som skjer med varsel mot legar, og avslørte at 97 legar er skulda for å ha forgripe seg på over 200 pasientar dei siste to tiåra. NRKs graveredaksjon i region Midt hadde også eit samarbeid med avisa Nidaros

som avslørte at ein psykolog som hadde mista autorisasjonen etter seksuelle overgrep mot dyr, likevel fekk jobb i NAV og seinare som psykolog i USA utan å ha fått tilbake autorisasjonen frå norske myndigheiter.

Samarbeidsdesken blei starta opp i 2024 og består av eit samarbeid mellom Senter for undersøkende journalistikk (SUJO), NRK og 120 lokalaviser organiserte i Landslaget for lokalaviser (LLA). Dette samarbeidet la i 2024 fram tal for sjølv mord i 2023 brotne ned på lokalt nivå og tilhøyrande tal for korleis pårørande opplevde oppfølginga frå kommunane, og dessutan korleis pengar til sjølv mordsførebygging ikkje blei øyremerkte og brukte etter formålet. Samarbeidet resulterte i 335 ulike saker i 79 lokalaviser, og mange av NRKs saker nådde eit sekssifra tal på lesarar.

Konklusjon: NRK har gjort greie for satsinga på undersøkende journalistikk. NRK har gitt fleire eksempel på større prosjekt, program og nettsaker i 2024, der kritikkverdige forhold både på individ- og systemnivå er belyste. Medietilsynet vurderer på denne bakgrunnen at NRK i 2024 oppfylte kravet om å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å verne enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå offentlege myndigheiter og institusjonar, private føretak eller andre.



Distriktsdekninga i NRK

2.5 Distrikt

Vedtektene:

§ 20 NRK skal reflektere det geografiske mangfoldet i Norge og ha et godt lokalt tilbud. NRK skal være til stede i alle fylker.

§ 33 NRK plikter å tilby innhold som er produsert i og tar utgangspunkt i distriktene. NRK skal ha distriktssendinger alle hverdager.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av: [...]

- et eget regionalt nyhets- og innholdstilbud [...]

NRK har ifølge § 14 i vedtektene eit sjølvstendig ansvar for å bidra til mediemangfaldet regionalt. NRK skal ha distriktssendingar alle kvardagar og tilby eit eige løpande oppdatert regionalt nyheits- og innholdstilbod på nettet. Krava om geografisk spreing av NRKs redaksjonelle nærvær i ulike delar av Noreg i §§ 20 og 33 handlar både om redaksjonell dekning av distrikta og om at NRK skal vere til stades i alle fylka. Kravet om å vere til stades i alle fylka skal ikkje bli forstått som at NRK skal ha eit eige distriktskontor i kvart fylke. NRK har altså handlefridom til sjølv å bestemme organiseringa av distriktskontorstrukturen. Familie- og kulturkomiteen var opptatt av at kravet skal sikre at det ikkje blir utvikla geografiske blindsoner i den redaksjonelle dekninga av landsdelane (Innst. 332 S (2016–2017)).

NRK har sidan 2020 hatt et særskilt ansvar for å dekke tematiske og geografiske blindsoner (§ 26), noko som også styrker ansvaret for å dekke geografiske område med svak journalistiske dekning. Les meir i punkt 2.2 om korleis NRK oppfyller dette kravet. Ved utforminga av styringssignal for NRK for perioden 2023–2026 vurderte departementet at det ikkje er behov for å justere føresegnene som regulerer det regionale oppdraget til NRK. Departementet la samtidig til grunn at § 26 legg føringar som inneber at NRK må styrke dekninga av det regionale forvaltningsnivået dersom dette utviklar seg til å bli ei blindsoner.²⁰

NRK hadde fast redaksjonelt nærvær på 44 ulike stader i Noreg og var til stades i alle 15 fylke i landet i 2024. Distriktskontorstrukturen til NRK følger fylkesinndelinga frå 2024 med éi organisatorisk eining for kvart fylke med ansvar for dei ulike lokaliseringane, men ei felles organisatorisk eining både for Vestfold og Telemark og for Oslo og Akershus (Stor-Oslo). NRK gjer greie for at topografi og avstandar gjer det nødvendig å ha fleire mindre kontor i fleire av regionane, noko som sikrar eit breitt nærvær i desse fylka. Slike lokalkontor er gjerne bemanna med éin til tre medarbeidarar, mens redaksjonane og hovudkontora har større bemanning. Ved utgangen av 2024 var det totalt 850 medarbeidarar fordelt på dei ulike kontora i distriktsdivisjonen.


²⁰ Prop. 1 S (2022–2023) Mediepolitisk styringssignal 2023–2026 og kommersiell allmennkringkasting, Tilråding frå Kultur- og likestillingsdepartementet 23. september 2022, godkjent i statsråd same dag (Regjeringa Støre).

NRKs distriktskontorstruktur bestod i 2024 av følgende 13 organisatoriske einingar:

- **NRK Finnmark:** hovudkontor i Alta og lokalkontor i Hammerfest, Vadsø og Kirkenes
- **NRK Troms:** hovudkontor i Tromsø, redaksjonar og lokalkontor i Harstad og Finnsnes
- **NRK Nordland:** hovudkontor i Bodø og lokalkontor i Brønnøysund, Mo i Rana, Svolvær og Narvik
- **NRK Trøndelag:** hovudkontor i Trondheim, redaksjon i Steinkjer og lokalkontor i Namsos, Brekstad og Røros
- **NRK Innlandet:** hovudkontor på Lillehammer, redaksjon på Hamar og lokalkontor på Kongsvinger, i Folldal, i Vågå og på Fagernes
- **NRK Møre og Romsdal:** hovudkontor i Ålesund og lokalkontor i Ulsteinvik, Molde og Kristiansund
- **NRK Vestland:** hovudkontor i Bergen, redaksjonar og lokalkontor i Førde, på Nordfjordeid, i Sogndal, Odda og på Stord
- **NRK Rogaland:** hovudkontor i Stavanger og lokalkontor i Haugesund
- **NRK Sørlandet:** hovudkontor i Kristiansand og lokalkontor i Flekkefjord og Arendal
- **NRK Vestfold og Telemark:** hovudkontor i Porsgrunn og redaksjon i Tønsberg
- **NRK Buskerud:** hovudkontor i Drammen og lokalkontor på Ål
- **NRK Stor-Oslo:** hovudkontor i Oslo (ingen lokalkontor)
- **NRK Østfold:** hovudkontor i Fredrikstad (ingen lokalkontor)

Figur 10 – oversikt over NRKs geografiske nærvær i 2024

NRKs distriktsdivisjon og NRK Sápmi



Kjelde: NRK

2.5.1 Innhald produsert i og sendt frå distrikta

Ambisjonen for distriktsdivisjonen er ifølge NRKs allmennkringkastarrekneskap å «[s]e hele Norge innenfra» med mål om å lage journalistikk og fortelje historier frå folks kvardag som både engasjerer og set dagsorden. Distriktsdivisjonen har eit todelt oppdrag om å gi eit lokalt nyheits- og aktualitetstilbod i den regionen det enkelte distriktskontoret har som dekningsområde, og å produsere nyheiter, undersøkende journalistikk, podkastar og andre sjangrar til NRKs nasjonale tilbod på alle plattformer. NRK peiker på at det stadig blir meir utfordrande for programmiljøa i distrikta når det gjeld å bli valt av publikum på mobil, nett og i strøymemarknaden.

NRK har daglege regionale sendingar på tv og radio og regionale nettsider på nrk.no med innhald for nett og mobil. NRK1 sender regionale tv-sendingar på kvardagar klokka 19.45 (15 minutt) og klokka 22.55 (fem minutt). Det regionale tv-tilbodet er også tilgjengeleg for strøyming i NRK TV. NRK hadde eigne regionale tv-sendingar for Nordland, Trøndelag (Midtnytt), Møre og Romsdal, Vestland (Vestlandsrevyen), Rogaland, Agder (Sørlandet), Innlandet og felles sendingar for Troms og Finnmark (Nordnytt), for Vestfold og Telemark og for Østfold, Stor-Oslo og Buskerud.

Distriktssendingane på radio blei også i 2024 sende i to flater i NRK P1, med regionale morgonsendingar frå klokka 06.00 til 09.00 og ettermiddagssendingar frå klokka 14.00 til 17.00. NRK opplyser at fleire av dei regionale redaksjonane har hatt utvida sendingar ved større hendingar i 2024. NRK Buskerud hadde ei tolv timar lang direktesending da Buskerud blei gjenoppretta som eige fylke, og fekk under konferansen Lyddager i 2024 ein pris for årets beste lokale program. Det regionale radiotilbodet har ein annan sendestruktur enn tv, med ei noko meir lokal inndeling som skal bidra til meir geografisk nærleik når det gjeld innhaldet. I 2023 hadde NRK P1 regionale radiosendingar i Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Rogaland, Sørlandet, Innlandet, Buskerud, Stor-Oslo og Østfold – i tillegg til eigne morgon- og ettermiddagssendingar for dei tidlegare fylka Hordaland og Sogn og Fjordane i Vestland. Eigne morgonsendingar blei sende i Troms, Finnmark, Vestfold og Telemark, men det blei sendt ei felles ettermiddagssending for Troms og Finnmark og for Vestfold og Telemark. Utgreiinga frå NRK viser at strukturen i distriktssendingane på radio er endra i samsvar med den nye fylkesinndelinga frå 1. januar 2024.

NRK gjer greie for at nyheitsoppdraget ligg i kjernen av oppdraget til distriktskontora, som er ein viktig leverandør av nyheiter og aktualitetar til alle plattformene i NRK. NRK opplyser at 51 prosent av innhaldet på forsida til nrk.no var laga av distriktskontora i 2024, noko som bidrar til at saker frå heile landet blir spegla på den største digitale plattformen til NRK. Frå 2023 kan innlogga brukarar velje å få innhald frå regionen sin direkte på forsida til nrk.no. Med den nye funksjonaliteten er det ikkje nødvendig å gå via dei fylkesvise undersidene på nrk.no for å få tilgang til den løpande oppdateringa av regionalt innhald. Det nye tilbodet er ei blanding av korte nyheitsmeldingar, nyheitsartiklar og videoar med hendingar i kvart fylke. NRK opplever at talet på brukarar av denne funksjonaliteten veks og vil vidareutvikle tilbodet. For å nå fleire av dei som NRK ikkje når like godt i dag, har NRK også utvikla meir visuelle format og dialog med publikum, der distriktskontora er ein sentral leverandør av konstruktiv journalistikk til alle plattformene til NRK.



Når større hendingar oppstår ulike stader i Noreg, er det distriktskontora til NRK som leverer bilde, rapportar og intervju til NRKs nasjonale nyheitstilbod. Den geografiske nærleiken til dei ulike hendingane er sentral for NRKs samla dekning av nyheiter frå heile landet. Eit eksempel frå 2024 er dekninga av rettssaka mot den tidlegare kommunelegen i Frosta, der NRK i tillegg har gjort ei breiare kartlegging av omfanget av legar som har mista autorisasjonen for seksuelle overgrep mot pasientar. NRK har også rapportert frå ulike ekstremvêrhendingar i 2024 og har i tillegg jobba systematisk med journalistikk om klimaendringar. NRK gir dessutan fleire eksempel på store og krevjande kriminalsaker, som drapssakene på Nes i Akershus og i Ål, der NRK både jobba med rapportering frå hendingane og å sette desse sakene inn i ein større samanheng.

Distriktskontora leverer også innhald til det nasjonale tilbodet på radio, nett, tv og mobil. Distriktsdivisjonen leverer undersøkende journalistikk, underhaldning, seriar i ulike sjangrar og innhald for barn og unge, og dei lagar dei fleste riksdekkande programma i NRK P1 og P1+. NRK forklarar at dei største miljøa for produksjon innanfor andre sjangrar enn nyheiter er på kontora i Tromsø, Trondheim og Bergen.

Dei fire regionane Nord, Midt, Vest og Sørøst har etablerte miljø for den undersøkende journalistikken, der om lag 50 medarbeidarar jobbar med å granske og avdekke forhold lokalt for eit nasjonalt publikum. Nokre eksempel på større, dagsordensettande saker i 2024 var prosjektet *Instukids*, der den undersøkende redaksjonen i Sørøst samarbeidde med redaksjonen for *Brennpunkt*, som følgde barn i norske barnevernsinstitusjonar. Prosjektet avdekte at institusjonane ikkje klarer å beskytte ein del av dei mest sårbare barna, og at fleire barn blir rusavhengige på norske barnevernsinstitusjonar. NRKs avsløringar har fått politisk etterspel, der helse- og omsorgsministeren har tatt til orde for å flytte ansvaret for rusbehandling av institusjonsbarn frå barnevernet til helsevesenet. Eit anna prosjekt frå dei undersøkende miljøa er den nemnde kartlegginga som følgde av Frosta-saka, og som blei publisert i artikkelserien «Leger i grått», der NRK region Midt avslørte at 97 legar var klaga inn for å ha forgripe seg på over 200 pasientar. 65 legar blei fråtatt eller hadde frivillig gitt frå seg autorisasjonen sin, og berre 19 legar var domfelte. NRK avdekte også ei manglande oppfølging av mange pasientar som har vore utsette for slike overgrep. NRK fortel at seks av NRKs sju påmeldingar til Skup-prisen var metoderapportar frå distriktskontora, i tillegg til eit samarbeidsprosjekt med lokalavisa Nidaros.

Eitt av måla for riksproduksjonane frå distriktskontora er ifølgje NRK å fortelje historier som set spor i og speglar heile landet. Hovudkontora for programproduksjon ligg i Bergen, Trondheim og Tromsø, der det blir produsert innhald for alle målgrupper. Nokre eksempel frå 2024 er *Bakermesterskapet* (ansvarleg region Vest), som kårar Noregs beste amatørbakar. Maratonsendinga *Landslova – ord for ord* markerte 750-årsjubileet for landslova, og prosjektet *Avlogga* dokumenterte effektane av å kutte ut smarttelefonen. Programleiarane blei kåra til årets hjernehelsejournalistar av Hjernerådet. Region Nord produserte både musikk- og naturprogrammet *Her lukter det fesk* og oppussingsprogrammet *Mancave*. Barneprogramma *Bli med heim*, *Den magiske laben*, *Gjør det sjøl* og *Julemorgen* blei også i 2024 produserte frå Tromsø.



I oppussingsserien *Mancave* hjelper programleiar Morten Strand og snikkar Kai Simon Simonsen med oppussing. Her får Ole Lukas Gillebo Voldsbakken hjelp til å pusse opp kjellarstova si. Foto: NRK

NRK fortel at eit anna viktig mål for distriktsdivisjonen er å levere lydinnhald frå heile landet som er tilgjengeleg ikkje-lineært i strøymetenesta NRK Radio. I 2024 blei det produsert nye episodar til eksisterande podkaststraumar som *Øyeblikket*, *Mysterier fra Norge*, *Hele historien* og *Historier fra virkeligheten*. Det går fram av allmennkringkastarrekneskapen at ung-redaksjonen i Trondheim har laga innhald for tenåringer i 2024 i form av fysiske arrangement på ungdomsskolar i Trondheim, Tromsø og Dale utanfor Bergen. Gjennom konseptet *Unormal* blei det publisert innhald på TikTok, Snapchat og nrk.no. Podkasten *Baksnakk* blei styrkt med to episodar kvar veke i 2024.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK gjennom innhaldstilbodet sitt på ulike plattformer i 2024 reflekterte det geografiske mangfaldet i Noreg, og at NRK hadde eit godt lokalt tilbod som er produsert og tar utgangspunkt i distrikta. NRK oppfylte også kravet om å vere til stades i alle fylka. NRK har hatt distriktssendingar alle kvardagar både på tv og radio og har eit løpande oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på nettet.



Innhald for barn og unge i NRK

2.6 Barn og unge

Vedtektene:

§ 22 NRK skal fremme barns rett til ytringsfrihet og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norskspråklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på de samiske språkene.

§ 34 NRK skal ha daglige norskspråklige programmer for barn under 12 år.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av: [...]

- egenutviklet innhold for barn og unge [...]

2.6.1 Norskspråklege program for barn

NRK skal ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år og eigenutvikla innhald for barn og unge. Ein viktig del av samfunnsoppdraget til NRK er å fremme retten barn har til ytringsfrihet og informasjon. I 2024 arrangerte NRK Super temadagar om einsemd, utanforskap og det å vere annleis, der det blei delt historier om korleis ein kan finne fram til fellesskap. NRK har tidlegare forklart at hensikta med temadagane er å ta opp tema som i utgangspunktet kan vere vanskelege å snakke med barn om. Andre temasendingar i 2024 tok for seg politiske val i ulike land i verda, æreskriminalitet i familien og gjenbruk og gjenvinning av klede.

Supernytt er nyheitsprogrammet på NRK Super for barn i alderen 8–12 år. *Supernytt* skal ifølge NRK gi målgruppa kunnskap om det som skjer i Noreg og verda, slik at dei forstår samfunnet og seg sjølv betre og blir opplyste og engasjerte borgarar. NRK har også som mål at *Supernytt* skal vise at nyheiter både er viktig og gøy, og barna blir involverte enten som tipsarar, i vinkling og tilrettelegging eller som intervjuobjekt, medverkande og bidragsytarar. I 2024 har *Supernytt* dekt viktige globale saker, som krigane i Ukraina og på Gaza, Nobels fredspris og valet i USA. *Supernytt* har også dekt saker om klima og miljø og følgde Miljøagentane på tur til klimatoppmøtet i Baku, Aserbajdsjan. Eit «KI-løft» med kompetanseheving av redaksjonen og utprøving av ulike KI-verktøy for å forbetre og effektivisere produksjonen av *Supernytt* er gjennomført i 2024. Dette inkluderer saker med KI som tema, som gir barn innsikt i korleis teknologi påverkar liva deira. NRK viser til at mange barn og unge bruker sosiale medium som nyheitskanal, der mange av avsendarane ikkje nødvendigvis er etterrettelege eller trygge. NRK ønsker derfor at *Supernytt* skal vere ei trygg nyheitskjelde, og redaksjonen legg vekt på å gi bakgrunn, forklaring og nyansering i tillegg til at barna blir oppfordra til å snakke med vaksne om ting som er vanskeleg.

NRK Supers årlege vennskapskampanje BlimE! skal fremme vennskap og samhald på barneskolar ved hjelp av song og dans. I 2024 var det også ein samisk versjon av årets BlimE-låt, som for første gong blei sunge på lulesamisk. Det blei dessutan laga versjonar med alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) og med teiknspråk. Danseinstruksjonane blei synstolka.

I 2024 lanserte NRK ni nye tv-seriar for barn under tolv år og fleire nye sesongar av etablerte titlar. Blant dei nye seriane var *Kompani O.R.D.*, eit læringsprogram om grammatikk som gjennom humor og spenning skal gjere læring morosamt og engasjerande. NRK gjer greie for at programmet blei ein favoritt for både barn, foreldre og lærarar i 2024, og at serien bidrar til å styrke norsk språk, identitet og kultur. I *Drømmerommet* tok NRK utgangspunkt i at vi pussar opp heimane våre veldig ofte i Noreg, og ville vise korleis ein kan pusse opp barnerommet med gjenbruk. Kvar episode følgde eit barn i eit oppussingsprosjekt, og programleiarane tok med seg barna på gjenvinningsstasjonen, loppemarknaden, bruktbutikken og på loftet heime. Serien viste både korleis barna kan gjere ting sjølv, og konkrete eksempel på kor mykje CO₂ ein sparar ved å kjøpe brukte møblar i staden for nye. I tillegg opna NRK Super eigne «Delta»-sider, der barn kan sende inn videoar av ting dei har redesigna. NRK fortel om høgt engasjement med over tusen opplasta videoar frå barn og familiar. NRK viser at satsinga er i tråd med NRKs strategi og tiltak knytte til heilskapleg berekraft. Blant dei nye tv-seriane for dei minste barna er *Fantus leker*, som inviterer til lek og song med tv-sjåaren, og *Fantus og verktøya*, der animasjonsfiguren utforskar ulike verktøy som finst i dei fleste heimar. NRK fortel at den sistnemnde serien hadde nynorsk forteljarstemme.



I *Drømmerommet* pussar Margrethe og Snekker-Ola opp barnerom med gjenbrukte møblar og redesign. Foto: Bjørn Steinar Gundersen / NRK

Sju podkastar for barn blei publiserte i 2024. NRK Super har som mål å bruke karakterar og programtitlar som barna allereie er kjende med frå tv. Blant titlane i 2024 er *Labyrint om natten*, om Daidalos og robotane hans, *Fantorangenfortellinger*, *Supernytt forklarer*, *Supertrøtt* og *Brannbamsen Bjørnis*, som handlar om livet på brannstasjonen.

I 2024 hadde NRK Super daglege lineære sendingar frå klokka 06.00 til 19.30, som er tilsvarende som føregåande år. NRK opplyser at desse sendingane først og fremst er tilpassa dei yngre barna opp til sju år, som er dei som ser mest på tv lineært. Utover dette blir programtilbodet i all hovudsak publisert først i strøymetenestene til NRK Super og NRK TV.

Unntaket er *Julemorgen*, som framleis er eit sterkt lineært program på julaften. NRK Super, som deler kanal med NRK 3, hadde 5246 sendetimar i 2024. Dette var tilsvarande nivå som i 2023, der det blei sendt 5267 timar med innhald. 60,4 prosent av sendetimane var animasjon, 17,3 prosent drama, 11 prosent underhaldning, 4,3 prosent dokumentar, 3,1 prosent undervisning, 2,4 prosent samisk innhald og 1,5 prosent anna (0,3 prosent vitskap, 1,2 prosent musikkvideo).

NRK held fast på ambisjonen om at tilbodet til småbarna skal ta utgangspunkt i ein norsk kontekst med Fantorangen og småsøskenet Fantus, Bjørnis, Brillebjørn og den samiske figuren Binnabánnas. Den nyutvikla *Fantus musikantus*, der NRK Super har lagt innhaldet til rette for dei aller yngste sjåarane, blei ifølge NRK det mest sette programmet i NRK TV. NRK ønsker med seriar som *Fantus musikantus* å produsere innhald som berikar og aktiviserer barna, som har ein avgrensa episodestruktur, og som ikkje inviterer til langvarig skjermbruk. For å treffe målgruppa yngre tenåringar er titlar med nye sesongar i 2024 blant anna VGS (sesong 3 og 4) som handlar om kvardagsdrama på vidaregåande skole, *Rykter* (sesong 3) om ungdom på den vesle øya Vesterøy, *Familien Lykke* (sesong 4) om ein uvanleg familie og dei store og små konfliktane deira, og *Lik meg* (andre del av sesong 7). *Lik meg* følger det same 2006-kullet frå sesong til sesong, noko som gjer at temaa endrar seg i takt med at ungdommane blir eldre. NRK har tidlegare gjort greie for at serien er innsiktsbasert og tar opp tema som utestenging, rasisme og psykisk helse.

For å samle befolkninga og skape felles referansar peiker NRK på underhaldningstilbod som familiar kan dele. Som eksempel på dette nemner NRK *Superkrim* og *Påskekrimlekene* frå påska 2024, nysatsingane *Superskrek*, ein humorgrossarserien til halloween i 2024, *Oppdrag Europa*, *Bakemesterskapet*, *NM i gjemsel*, og nye sesongar av *Mesternes mester*, *Norges tøffeste*, *Fra bølge til bestevenn*, *Maskorama* og *Alle mot 1*.



Frå *Bakemesterskapet*. Deltakar Miguel-Angel Fernandez og programleiar Ulrikke Brandstorp.
Foto: NRK

NRK har krav om å skjerme barn mot skadelege former for innhald. Innhald som blir publisert på NRKs egne plattformer, blir vurdert og merkt etter Medietilsynets retningslinjer for aldersklassifisering av bildeprogram. NRK opplyser at det i NRK Super-appen er mogleg å hindre avspeling av program som har anbefalt aldersgrense på høvesvis seks og ni år. Dette gjeld også for strøymetenesta NRK TV. Innloggingsløyseringa for barn i NRK TV er ifølge NRK blitt nytta av enda fleire i 2024. På denne måten kan foreldre bruke innlogging for å sikre at barn får eit alderstilpassa strøymeinnhald.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte krava om å fremme retten barn har til ytringsfridom og informasjon, og til å skjerme barn mot skadelege former for innhald. Det går fram av allmennkringkastarrekneskapen at NRK i dei ulike tiltaka og innhaldstilboda arbeider aktivt for å fremme tilgangen barn har til informasjon, og høvet dei har til å uttrykke seg fritt. NRK oppfylte også kravet om å ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år.

2.6.2 Norskspråklege program for unge

NRK skal ha jamlege norskspråklege program for unge og opplyser at NRK P3 har eit særskilt ansvar for å spegle ung verkelegheit både på tv, lyd og nett. Ny musikk, humor og ungt samfunnsengasjement står sentralt i tilbodet til dei unge, og dei unge er også ei viktig målgruppe for dei andre redaksjonane til NRK, som for eksempel nyheitsredaksjonen.

NRK forklarar at nettjournalistikken frå NRK P3 skal vere relevant og inkluderande for dei unge over heile Noreg. Ein av ung-satsingane på nett i 2024 er *Norske strømnings*, som er eit videoreportasjeprogram på nrk.no som plukkar opp nye norske trendar og lagar historier som blir formidla i eit visuelt format som mange unge liker. NRK P3 formidla også artikkelseriar som «Internettkongene», som handla om fire store internettfenomen, historia om Yasmin frå Stovner, som starta ein TikTok-trend som blei populær utanfor Noreg, og historia om Anna frå Voss, som bur i eit «minihus» og vil leve «utanfor nettet». Eit anna eksempel er *NRK Forklarer*, der unge nyheitsprofilar forklarar aktuelle saker frå nyheitsbildet munnleg og visuelt i høgdeformat for konsum på mobil.

NRK har som mål at NRK P3 og NRK mP3 skal vere dei føretrekte radiokanalane for tenåringer og unge vaksne i alderen 18–29 år. NRK gjer greie for nye radioprogram på NRK P3 som *Anna* og *Pønsj*, i tillegg til etablerte program og podkastar som *Studio P13*, *Lørdagsrådet*, *Med all respekt* og *Træsh*. I 2024 starta NRK opp videopodkasten og radioprogrammet *Nittiatten*, som ifølge NRK handlar om både å drøyme stort og å tryne litt på vegen. Videoinnhald frå *Nittiatten* blir også publisert på ein eigen TikTok-kanal. NRK framhevar podkastane *Radio Mørch* og *Både Erlend og Steinar*. Førstnemnde har eit subjektivt utgangspunkt, der intervjuaren Erlend Mørch tar for seg tema frå KI og utanrikspolitikk til fotball og humor. I den sistnemnde podkasten snakkar Erlend Mørch og Steinar Kloumann Hallert om små og store tankeeksperiment og får innspel frå lyttarane.

NRK beskriv fleire humorpodkastar som har unge som målgruppe, som blant anna *Desken brenner*, *Berrum & Beyer snakker om greier*, *Kladden har dævv*a og *Idiot*. Humor og satire er også sentralt i fleire av tilboda til unge på NRK TV og nrk.no. *Hellerudsvingen* er ein satirisk,

animert humorserie som skildrar tre gjennomsnittleg populære gitar i 9. klasse. Andre eksempel frå 2024 er *Gauteshow*, *Jons indre*, *Studio Stuve*, *Ikke tenk på meg* og *Peak TV*.



Alex Rosén, Christian Brennhovd og Henning Hai Lee Yang gjestar *Gauteshow*. Foto: Munter/NRK

I 2024 sende NRK fleire dokumentar- og realityseriar som også er engasjerande for eit yngre publikum. NRK P3 gjekk i tv-serien *Sønner av Norden* inn i miljø og subkulturar som identifiserer seg som nasjonalistar eller nazistar, og skildrar kven dei er, kva dei kjempar for og korleis dei meiner at samfunnet skal fungere og bli styrt. I den konkurransedrivne serien *Brekket* konkurrerte kjendisdeltakarar om å knekke kodar, køyre bil, naske og forfalske, og dei som vann, fekk vere med i eit fiktivt ran av ein nedlagd bank i Kristiansand. NRK sende også ein ny sesong av *Dama til*, der programleiaren Annika Momrak testar ut korleis det er å vere kjærasten til seks kjendisar i Noreg, og den tredje og siste sesongen av realityserien *Gym*, der kjendisar blir med på sommarskole der dei konkurrerer om å få karakteren 6 i gym. I 2024 laga NRK også ein podkast til serien, *Mias gym*, der kjendisar blir inviterte til elevsamtalar om gymtimane på skolen.

NRK skal ha eigenutvikla innhald for barn og unge på internett. Eitt av dei digitale universa til NRK er *Unormal*, der kjernemålgruppa er jenter i alderen 13 til 15 år. Tematikken er kropp, kjensler og identitet, og målet er ifølge NRK å vise unge at dei ikkje er aleine med bekymringane sine. Konseptet er på Snapchat, på TikTok, på YouTube og i podkasten *Baksnakk*.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om jamlege norskspråklege program for unge. NRK oppfylte også kravet om å ha eigenutvikla og løpande oppdatert innhald for barn og unge på internett.

2.6.3 Program for barn på dei samiske språka

NRK skal sende jamlege program for barn på alle dei samiske språka, og dette tilbodet blir levert av NRK Sápmi. NRK opplyser at det samiske innhaldstilbodet for barn blir publisert på NRK Super, NRK TV og YouTube. Totalt utgjorde samisk innhald 123 timar og 2,4 prosent av det totale innhaldet på NRK Super i 2024, på tilsvarande nivå som dei to føregåande åra. Hovuddelen av det eigenproduserte samiske barnetilbodet er *Binnabánnas* og *Junjá*. NRK har også kjøpt inn ytterlegare barneinnhald og laga versjonar på dei tre samiske språka.

I 2024 sende NRK Super barneprogram på samisk måndag til fredag frå klokka 17.00 til 17.15. *Binnabánnas* er ein serie med innkjøpt innhald for målgruppa to til fem år, som blir omsett til dei samiske språka. I 2024 sende NRK 14 episodar på nordsamisk og like mange på sørsamisk og på lulesamisk. Dette er ein auke frå åtte episodar i 2022 og 2021, som da var ei dobling frå 2020. I 2024 implementerte NRK fleire sjøsamiske uttrykk i manus og tok fleire opptak i sjøsamiske område for å auke merksemda. NRK fortset også å synleggjere Binnabánnas-figuren nasjonalt ved auka samarbeid med produksjonene av Fantorangen, noko som har ført til stor merksemd på NRK Super, NRK TV og som lineært tilbod, rapporterer NRK. *Binnabánnas & Ujuju* er ein ny nordsamisk podkast i 2024 for barn frå 3–5 år, basert på tidlegare tv-episodar.

Tv-serien *Junjá* blei i 2024 publisert kvar veke i NRK TV og på YouTube. Serien er på nordsamisk, har 12–14-åringar som målgruppe og har eit innhald og formspråk som YouTube-brukarar i denne alderen kjenner igjen. NRK fortel at redaksjonen i *Junjá* har jamlege møte med publikum i målgruppa, og at dialog er eit viktig verktøy i innhaldsutviklinga. NRK fortel vidare at *Junjá* i 2024 laga ei låt og ein musikkvideo saman med den samiske pop-artisten Kevin Boine, som både har deltatt på musikkfestivalen Beskán Luossa Rock og blitt populær på strøymetenesta Spotify.

Dei siste åra er det i samband med vennskapskampanjen til NRK Super, BlimE!, produsert ein samiskspråkleg musikkvideo. I 2024 var låta på lulesamisk med tittelen Jupptsagárre, som betyr suppeskål på samisk, med årets samiske BlimE-artist Ailo Thommassen. NRK fortel at budskapet i låta var at ein er god som ein er, og at det er lettare å sjå og inkludere andre når ein sjølv er trygg.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet til jamlege program for barn på dei samiske språka.

2.6.4 Program for unge på dei samiske språka

NRK skal ha jamlege program for unge på dei samiske språka. I 2024 lanserte NRK den samiskspråklege dramaserien *Oro Jaska*, som er retta mot dei eldste tenåringane og unge vaksne. Serien er på nordsamisk og skildrar det å vere ung i Karasjok, med tema som teiingskultur rundt overgrep og skeiv kjærleik. NRK Sápmi og NRK Drama har samarbeidd om å lage serien, som bygger på innsiktsarbeid og intervju med åtte samiske jenter og kvinner som har vore utsette for overgrep, sjå meir om produksjonen i punkt 2.9.2. NRK fortel at det har vore fleire arrangement knytte til premieren på *Oro Jaska*, og at serien har bidratt

til politisk merksemd. På eitt av desse arrangementa var både sametingspresidenten og to statsrådar til stades.



Vegard Bjørsmo og Benjamin Vailo-Engbø spelar i tv-serien *Oro Jaska* (hold kjeft) som handlar om teiing rundt overgrep og om det å vere skeiv. Foto: Alfredfilm/Feelgood/NRK

I 2024 publiserte NRK tre podkastar retta mot unge samar: *Hævvvi* (sørsamisk), *Gozuid Alde* (nordsamisk), *Sámi Horror* (nordsamisk) og *Dálla ja dalloj* (lulesamisk). Sistnemnde podkast blei berre publisert våren 2024, og har ikkje hatt jamleg produksjon etter dette på grunn av manglande språkkompetanse. *Dálla ja dalloj* hadde eldre ungdommar og unge vaksne som målgruppe. Eldre ungdommar og unge vaksne er også målgruppa for både *Hævvvi* og *Gozuid Alde*. Begge desse podkastane blei ifølge NRK publiserte jamleg i 2024. NRK har tidlegare forklart at podkasttilbodet er utvikla med grunnlag i innsikta NRK har om ønska og behova i målgruppene (sør- og nordsamiske unge). NRK beskriver at tabu og tema som tradisjonelt ikkje blir snakka om i Sápmi, blir løfta fram i offentlegheita gjennom podkasttilbodet. Både *Hævvvi* og *Gozuid Alde* blei i 2024 også publisert på strøymeplattformene NRK Radio og NRK TV med norsk tekst, noko som gjer at tilbodet også blir tilgjengeleg for dei som ikkje beherskar det samiske språket. *Hævvvi* blir dessutan sendt lineært på NRK 1, og NRK opplyser at programmet ofte blir nytta i undervisningssamanheng.

I 2023 konkluderte Medietilsynet med at fråværet av program for yngre ungdommar gjorde at NRK ikkje oppfylte kravet til jamlege program for unge på dei samiske språka. På førespurnad frå Medietilsynet har NRK opplyst at ambisjonen er å tilby eit jamleg tilbod på dei samiske språka for dei unge, men at den faktiske språksituasjonen i det samiske samfunnet utfordrar rekrutteringa av samiskspråklege innhaldsskaparar. Utfordringane er særleg store når det gjelder dei lule- og sørsamiske språka. Den nordsamiske podkasten *Sámi Horror* har ifølge NRK tenåringar som målgruppe og formidlar historier frå gamal samisk forteljartradisjon. NRK opplyser på førespurnad frå Medietilsynet at dei seks nye episodane ble publiserte kvar veke i november og desember i 2024. Vidare har NRK forklart

at målgruppa for tv-serien Junjá primært er 12-åringar, men at programmet har eit mål om å vere eit samlande humorfellesskap for dei yngste tenåringane opp mot 14 år. Samla sett gir dette eit jamleg tilbod til unge på samisk i 2024.

NRK viser til at dramaseriar og humor blir brukt av publikum også etter premierane. I arbeidet med det samiske tilbodet til unge er det viktig for NRK å bygge ein variert og relevant portefølje med innhald som er relevant for nye lyttarar og sjåarar i strøymetenestene NRK TV og NRK Radio over tid. NRK meiner dei valbare produksjonane samla sett også representerer ein jamleg leveranse til målgruppa gjennom året. Vidare nemner NRK på førespurnad frå Medietilsynet at produksjonane knytte til den samiske nasjonaldagen og Sámi Grand Prix engasjerer breitt på tvers av aldrar og bidrar til å styrke samiske språk, kultur og identitet.

Konklusjon: Medietilsynet konstaterer at NRK framleis har eit klart tyngdepunkt i det samiske tilbodet til unge for dei eldste tenåringane og unge vaksne i 2024, men det er også tilbod som i større grad enten reindyrkar tenåringane som målgruppe eller er retta mot dei eldste barna og dei yngste tenåringane (12–14 år). Medietilsynet vurderer derfor at NRK i 2024 oppfylte kravet om jamlege program for unge på dei samiske språka.

Medietilsynet finn grunn til å minne om at formålet med å stille krav om eigne program spesielt retta mot unge på dei samiske språka, er at sendingane skal tilby ein arena dedikert til tema ungdom er opptatt av, og at programma skal bidra til å reflektere ungdomsidentitetar. Det å definere målgruppa for vidt aldersmessig undergreiv formålet med føreseigna, som er å sikre at det blir programsett eit eige tilbod for målgruppa ungdom. Vidare anerkjenner Medietilsynet utfordringane den samiske språksituasjonen representerer med omsyn til innhaldsproduksjonen, ikkje minst for særskilde alderssegment. Det å bygge eit breitt tilbod som er tilgjengeleg over tid, er i seg sjølv eit verdifullt bidrag til det samla innhaldstilbodet på dei samiske språka. For å oppfylle kravet om jamlege program for dei unge på dei samiske språka må likevel NRK kunne vise til at det både er publisert nytt innhald kvart år og at publiseringa av tilbodet er spreidd jamt gjennom det aktuelle året.



Språk, identitet og kultur i NRK

2.7 Samisk språk, identitet og kultur

Vedtektene:

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. [...]. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkningen. [...]

Særstillinga den samiske befolkningsgruppa har som urbefolkning i Noreg, er reflektert i NRKs allmennkringkastingsoppdrag. Oppdraget med å styrke samisk identitet og kultur omfattar også å styrke dei tre samiske språka som er likestilte med det norske språket.²¹ Hausten 2022 slutta Stortinget seg til ei presisering i NRK-plakaten om at NRK skal tilby innhald på samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og teiknspråk (§ 19 i NRKs vedtekter). Frå 2023 skal NRK fremme musikk av samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar (§ 35). Les meir om vurderinga av det presiserte kravet om samisk musikk i punkt 2.9.3.

NRK viser til at NRK Sápmi har eit spesielt ansvar for det samiske innhaldet, men at det er eit utstrekt samarbeid på tvers av innhalds- og utviklingsmiljøa i NRK. Krava blir ifølge NRK oppfylte med dagleg og periodisk innhald til alle delar av det samiske publikummet på NRKs plattformer nrk.no, NRK TV, NRK Radio, NRK Super og på lineær tv og radio. NRK Sápmi leverer innhald og innslag til andre programflater i tilbodet NRK har på radio og tv, og alt samisk innhald som er sendt på NRK1 eller direktesendt i NRK Sámi radio, er tilgjengeleg i strøymetenestene NRK TV og NRK Radio.

NRK Sápmi publiserer på dei tre samiske språka nord-, sør- og lulesamisk og på norsk. I allmennkringkastarrekneskapen går det fram at tilgangen til samisk språkkompetanse er ein av dei mest kritiske faktorane, og rekruttering av journalistisk og annan relevant kompetanse er krevjande, spesielt for lule- og sørsamisk. Det samiske talentprogrammet som NRK etablerte i 2020, er nå eit fast tiltak for rekruttering av nye journalistar og programskaparar. I 2024 var det éin lulesamisk og tre nordsamiske praktikantar i kullet, og NRK vil fortsette å ha lule- og sørsamiske journalistpraktikantar som eit fokusområde i rekrutteringa framover. I det nye kullet som blir uteksaminert i 2025, opplyser NRK at det er eitt lulesamisk, to sørsamiske og tre nordsamiske talent.

NRK rapporterer at tiltaket bidrar til å auke tilfanget av unge samiske journalistar ved at talet på søkarar har auka med 73 prosent frå 2020 til 2024. 70,6 prosent av dei som har gjennomført programmet, har fortsett å jobbe i NRK, og 50 prosent har sør- eller lulesamisk bakgrunn. Frå hausten 2024 har NRK Sápmi to tilsette med ansvar for rådgiving i lule- og sørsamisk, slik at dei unge samiske journalistane får tilstrekkeleg språkstøtte – både i talentprogrammet og i produksjonen av innhald. NRK rapporterer om ein tosidig gevinst frå tiltaket. Kulturen for læring i NRK blir styrkt ved at dei samiske talenta blir utplasserte i redaksjonar i heile NRK. Samtidig blir fagmiljøet i NRK Sápmi styrkt når talenta kjem tilbake med ny fagleg kompetanse. Nærværet av samiske journalisttalent i dei ulike NRK-

²¹ Samelova § 1-5.

redaksjonane bidrar også til at samisk språk- og kulturkompetanse kjem inn i redaksjonar og innhaldsmiljø på tvers i NRK.

NRK samarbeider med allmennkringkastarane i Sverige og Finland for å legge til rette for maskinlæring i samband med utvikling av samiske språkmodellar i nordiske forskings- og utviklingsmiljø.²² Aktørane gjer samiskspråkleg innhald frå egne arkiv tilgjengeleg for å bøte på at språkteknologiske verktøy som maskinlæring og kunstig intelligens (KI) i svært liten grad er tilgjengelege eller blir utvikla for samiske språk. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at det i 2024 blei utvikla eit førstegenerasjons verktøy for maskinomsetjing til og frå samiske språk ved hjelp av kunstig intelligens i NRK.

I volum er det daglege tilbodet på samisk størst på lineær-tv og -radio. På NRK1 sender NRK Sápmi nyheits- og aktualitetsprogrammet *Ođđasat* alle kvardagar. Nordsamisk er hovudspråket, men *Ođđasat* byr også på lule- og sørsamisk innhald. I tillegg blir programmet teksta til norsk. Programmet blir laga i samarbeid med dei samiske redaksjonane i dei nordiske kringkastarane SVT Sápmi, SR Sameradion og YLE Sápmi. NRK fortel at det er nrk.no/sapmi og *Ođđasat* som i hovudsak byr på samisk nyheits- og aktualitetstilbod med daglege og fortløpande nyheitsoppdateringar og anna innhald på norsk og dei samiske språka. Godt over 40 prosent av det samiske innhaldet på tv var nyheiter i 2024, sjå tabell 9 og figur 11.

NRK Sápmi har eit eige felt for samisk innhald på forsida til nrk.no saman med innhald frå distrikta. Nokre eksempel på samiske saker som sette dagsorden i 2024, er gravesaka om i kva grad kriteria for å stå i valmanntalet til Sametinget blir etterlevd, saka om vindkraftutbygginga på Fosen og saka om arbeidet til Sannings- og forsoningskommisjonen. NRK rapporterer at om lag ein halv million har lest reportasjen *Det er noe med Kautokeino*, som belyste tema som overgrep og teiingskultur i Sápmi. NRK fortel om målretta og systematisk jobbing for å auke trafikken til det samiskspråklege innhaldet på nett i 2024, særleg det sør- og lulesamiske. Innhaldet på sør- og lulesamisk er etter NRKs vurdering godt besøkt ut frå at berre 500–600 menneske beherskar kvart av desse språka i Noreg i dag.

NRK Sápmi radio (DAB og NRK Radio) sender samiskspråkleg innhald og musikk 24 timar i døgnet heile året. NRK Sápmi radio sender direktesend flytradio frå klokka 07.00 til 17.30, der nyheiter og aktualitetar blir presenterte fortløpande i sendingane. Programleiarane for dei direktesende programma på NRK Sápmi snakkar nordsamisk, men har gjester som snakkar sørsamisk, lulesamisk, enaresamisk og skoltesamisk. Morgonsendinga frå klokka 07.00 til 10.00, *Buorre Idit Sápmi*, er eit nyheits- og aktualitetsprogram på nordsamisk laga i samarbeid med dei samiske redaksjonane i dei nordiske kringkastarane SR Sameradion og YLE Sápmi. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet forklart at nyheitsoppdateringar blir sende kvar time i morgonsendinga *Buorre Idit Sápmi*, men at dei blir formidla av programleiarane direkte frå studio. NRK opplyser at slike nyheitsoppdateringar blir formidla i

²² Sveriges Radio, Sveriges Television, svenske Utbildningsradion og finske YLE.

andre direktesendingar til faste tider.²³ Frå klokka 12.00 til 14.00 og frå klokka 14.00 til 17.30 følger dei to nordsamiske programpostane *Buorre beaivi*, *Sápmi* og *Buorre eahketbeaivi*, *Sápmi*, som inneheld ein stor andel samisk musikk og formidlar saker om samisk kultur, språk og aktualitet. NRK gjer greie for at sendingane går i djupna på sakene som blir dekte.

Podkastane *Gozuid Alde* (nordsamisk), *Hævvvi* (sørsamisk), og *Dállá ja dalloj* (lulesamisk) blei sende i 2024. Dei to sistnemnde podkastane er dei første i sitt slag som har publisert innhald berre på desse to uttryddingstrua språka i Noreg, og for den lulesamiske podkasten blei det produksjonsstopp våren 2024 grunna manglande tilgang på medarbeidarar med nødvendig språkkompetanse. NRK gjer greie for at det lulesamiske podkasttilbodet skal vidareutviklast i 2025 med nye lulesamiske journalistar rekrutterte gjennom NRKs eige talentprogram. Det samiske podkastinnhaldet er utvikla på grunnlag av kva unge samar har uttrykt at dei har behov for og ønsker seg. *Hævvvi* og *Gozuid Alde* blir også publisert som videopodkastar i NRK TV og NRK Radio. Målet til NRK er å opne for at fleire enn dei som beherskar de samiske språka, kan få med seg innhaldet.



Programleiarane frå podkasten *Hævvvi*, Nelly Engstrøm og Jonna Dunfjeld-Mølnvik, kommenterer bidraga til deltakarane i *Sámi Grand Prix* saman med Johan Sandberg McGuinne og programleiar Natalie Carrion. Foto: NRK

I sendingane utanfor programflatene med direktesendingar tilbyr NRK *Sápmi* regelmessige livssynsprogram og musikkflater med samisk, norsk og internasjonal musikk. I 2024 blei den

²³ Omlegginga blei reflektert i programstatistikken for NRK *Sámi* radio ved at talet på timar med aktualitetar blei nær halvert frå 2022 til 2023, frå 2121 timar og 24,2 prosent av innhaldet til 1345 timar og 13,4 prosent. Sendetid til nyheiter blei redusert frå 82 til 57 timar i same periode. Samtidig auka innhaldet innan kultur og underhaldning frå 1305 timar og 14,5 prosent i 2022 til 2345 timar og 26,8 prosent i 2023. Ut frå forklaringa til NRK legg Medietilsynet til grunn at reduksjonen kom av at nyheits- og aktualitetsstoffet ikkje blir registrert på same måte som før. Programstatistikken for 2024 stadfester dette.

faste radioandakten *Ruhkos* erstatta av eit breiare livssynsprogram med tittelen *Ozus*. NRK fortel at ulike delar av det mangfaldige og organiserte kristenlivet i det samiske samfunnet kjem til orde i dette nye, samiskspråklege livssynsprogrammet, inkludert nokre formidlarar som ikkje er ein del av ein organisert kristen livstru. NRK Sápmi lanserte også ei ny samisk humorsatsing med tittelen *Hurri*, der samiske humortalent får prøve seg gjennom ein sketsj-serie i kortformat.

NRK forklarar at det er tett samarbeid mellom NRK Sápmi og NRK Kultur om innhaldstilbodet om litteratur, kunst, teater, musikk og liknande. Tilsettinga av ein eigen meldar med samisk språk- og kulturforståing som formidlar og kommenterer samisk kunst og kultur, har etter NRKs erfaring bidratt til å eksponere og synleggjere dette innhaldet på radio og nett. NRK gjer greie for at *Sámi Grand Prix* er blitt ei viktig scene for samiske musikarar, komponistar og joikarar frå Noreg, Sverige og Finland, og at det er eit mål for produksjonen å skape større rom og forståing for samisk musikk. I 2024 blei *Sámi Grand Prix* send direkte i NRK1, NRK3 og NRK TV, i tillegg til i SVT i Sverige og YLE i Finland. Programmet blei også sendt på NRK Radio. I 2024 lanserte NRK Sápmi eit nytt joikeprogram, *Luodis Luohái*, som også blir publisert som podkast og ifølge NRK har høg oppslutning blant dei unge. NRK Sámi radio tilbyr i tillegg desse automatiserte musikkprogramma: *Luohteboddu* (samiske joikar), *Ođđaseamos sámí musihkka* (den nyaste samiske musikken), *Vahkkoloahppa sámí musihkka* (samisk helgemusikk), *Álgoálbmotmusihkka* (urfolksmusikk) og *Idjarávga musihkka* (musikk for natteramnar). NRK viser til at samisk musikk over fleire år også har blitt fremma i *Stjernekamp*, ein musikkkonkurranse der artistane blant anna får prøve seg i joik. NRK har i 2024 arbeidd for ein felles musikkstrategi for samisk og norsk musikk. Les meir om dette i punkt 2.9.3.

I 2024 sende NRK direkte med samiskspråklege kommentatorar frå CONIFAs fotballkampar i Bodø, der Sápmi stilte med lag. NRK opplyser at CONIFA (The Confederation of Independent Football Associations) er eit internasjonalt fotballforbund for landslag som ikkje kan vere med i FIFA (Fédération Internationale de Football Association). Nokre innkjøpte program på samisk i 2024 var dokumentarane *Historjá – Stygn för Sápmi* om tekstilkunstnaren Britta Marakatt-Labbas kamp for rettane til samane, *Luossamoraš – Laksesorg* om at forbodet mot å fiske laks i Tanavassdraget truar gammal samisk fangstkultur og *Snøskuter er livet* om skuterentusiastar som lever av og med skuteren sin.

Den samiske nasjonaldagen 6. februar blei markert med ei tv-sending frå Bodø med lule- og nordsamiske programleiarar. Bodø var kulturhovudstad i 2024, og NRK viser til at sendinga bidrog til å styrke det samiske i dette kulturprosjektet. Fleire av NRK Sápmis innhaldsproduksjonar var involverte, slik som Blime!, *Juŋká* og *Binnabánnaš*. NRK opplyser at NRK Sápmi løpande leverer aktuelt innhald og innslag til andre programflater i NRK, både på radio og tv. Alt det samiske innhaldet som blir sendt på NRK1, blir tilgjengeleg som valbart innhald i NRK TV, og tilsvarende blir alt direktesendt innhald på DAB-kanalen NRK Sámi radio tilgjengeleg som valbart innhald i NRK Radio.

NRK har på førespurnad frå Medietilsynet om dei store variasjonane i programstatistikken for NRK Sámi Radio dei tre siste åra forklart at det i 2023 skuldast omlegging til flytradio og i

2024 at automatavvikla musikkssendingar ikkje blir registrert på riktig måte i statistikken.²⁴ Medietilsynet legg på denne bakgrunnen til grunn at programstatistikken ikkje i tilstrekkeleg grad reflekterer den reelle breidda i innhaldstilbodet på radio i 2024. Det er derfor naudsynt og viktig at NRK no jobbar med å etablere betre løysingar og prosedyrar for registrering og kategorisering av dette radiotilbodet.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 gjennom tilbodet på radio, tv, nett og mobil oppfylte krava til å styrke dei samiske språka, samisk identitet og kultur. NRK har i 2024 sendt innhald på både nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. NRK oppfylte også kravet om å ha daglege sendingar for den samiske befolkninga. Medietilsynet ser positivt på korleis NRK utviklar tilbodet basert på innsiktsarbeid i dei ulike målgruppene. Medietilsynet vil også framheve tiltaka NRK gjer med omsyn til å rekruttere, motivere og utvikle samiskspråklege journalistar som har ein meirverdi med omsyn til samisk representasjon og språkutvikling utover at det styrker NRKs evne til å oppfylle oppdraget sitt som allmennkringkastar.

NRK oppfylte også kravet om å fremme musikk av samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar i 2024. Les meir om vurderinga i punkt 2.9.3. NRK gjer greie for at *Sámi Grand Prix* er blitt ei viktig scene for samiske musikarar, komponistar og joikarar frå Noreg, Sverige og Finland, og at det er eit mål for produksjonen å skape auka rom og forståing for samisk musikk. I 2024 blei *Sámi Grand Prix* send direkte i NRK1 og NRK3 i tillegg til i SVT i Sverige. NRK har i 2024 arbeidd for ein felles musikkstrategi for samisk og norsk musikk. Les meir om dette i punkt 2.9.3.

²⁴ I fjorårets rapport peikte Medietilsynet på at omlegginga til flytradio truleg var årsaka til at «*talet på timar med aktualitetar blei nær halvert frå 2022 til 2023, frå 2121 timar og 24,2 prosent av innhaldet til 1345 timar og 13,4 prosent. Nyheiter blei reduserte frå 82 til 57 timar i same periode. Samtidig auka innhaldet innan kultur og underhaldning frå 1305 timar og 14,5 prosent i 2022 til 2345 timar og 26,8 prosent i 2023. Ut frå forklaringa til NRK legg Medietilsynet til grunn at reduksjonen kom av at nyheits- og aktualitetsstoffet ikkje blir registrert på same måte som før.*» I 2024 har talet på timar med aktualitetar auka til 3 322 og 37,9 prosent, mens talet på timar kultur og underhaldning berre er 3 og 0 prosent.




2.7.1 Programstatistikk NRK Sápmi

Tabell 9 – tv-tilbudet til NRK Sápmi i 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

Kategori	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Barn og ungdom	116	49,2 %	129	54,4 %
Nyheiter	103	43,6 %	101	42,6 %
Musikk	2	0,8 %	5	2,1 %
Kultur	2	0,8 %	2	0,8 %
Underhaldning	8	3,4 %	0	0 %
Val	5	2,1 %	0	0 %
Sum	236	100 %	237	100 %

Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 11 – tv-tilbudet til NRK Sápmi i 2024 (tal i prosent)



Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk




Tabell 10 – radiotilbudet til NRK Sápmi i 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Musikk	4 914	56,1 %	5 079	58,0 %
Aktualitetar	1 345	15,4 %	3 322	37,9 %
Religion	59	0,7 %	63	0,7 %
Nyheiter på samisk	57	0,7 %	46	0,5 %
Kultur, underhaldning	2 345	26,8 %	3	0,0 %
Anna	39	0,4 %	247	2,8 %
Sum	8 760	100 %	8 760	100 %

Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Figur 12 – radiotilbudet til NRK Sápmi i 2024 (tal i prosent)



Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

2.8 Norsk språk, identitet og kultur og det kulturelle, språklege og religiøse mangfoldet

Vedtektene:

§ 16 NRK skal styrke det norske og de samiske språkene, og styrke norsk og samisk identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha forankring i og speile det kulturelle mangfoldet i Norge. [...] NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter samt innhold for tegnspråklige. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra med kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

§ 18 NRKs tilbud skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet.

§ 19 NRKs tilbud skal i hovedsak ha innhold på norsk. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk. NRK skal også tilby innhold på samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og tegnspråk.

§ 32 NRK skal formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. NRK skal skape arenaer for debatt og informasjon om Norge som et flerkulturelt samfunn.

§ 35 [...] I tillegg skal NRK fremme musikk av [...] samt talenter fra nasjonale minoriteter i Norge.

2.8.1 Norsk språk, identitet og kultur

Vurderinga av korleis NRK oppfyller kravet om å styrke norsk språk, identitet og kultur, bygger på ei samla vurdering av korleis NRK oppfyller fleire av dei spesifikke krava i innhaldstilbodet. Ved behandlinga av dei fireårige styringssignala for 2023–2026 slutta Stortinget seg til ei justering av ordlyden i § 16 frå at ein stor andel av tilbodet skal ha «norsk forankring og speile det kulturelle mangfoldet i folket», til «forankring i og speile det kulturelle mangfoldet i Norge». Eit krav om at NRK skal ha innhald for teiknspråklege blei også lagt til krava i § 16. Medietilsynet legg til grunn at endringa ikkje inneber ei realitetsendring i allmennkringkastaroppdraget. Hensikta med endringa er å tydeleggjere at NRK som allmennkringkastar skal vere ein norskspråkleg fellesarena som reflekterer at Noreg rommar eit mangfald av identitetar og kulturar – også språkleg. Ved revideringa av NRK-plakaten blei samtidig språkansvaret til NRK i § 19 utvida og tydeleggjort gjennom krav om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk og teiknspråk, i tillegg til innhald på norsk og dei samiske språka.

Etter språklova som tredde i kraft 2022, er norsk teiknspråk eit offisielt språk i Noreg, og det er språkleg og kulturelt jamstilt med norsk.²⁵ NRK har lenge vore pålagde å ta omsyn til personar med funksjonsvariasjonar i utforminga av tilbodet sitt, og dette kravet går fram av NRK-plakaten og § 15 i vedtektene til NRK. Meir konkrete og spesifikke krav til universell utforming av bildeprogram, som teksting og krav om teiknspråk og teiknspråktolking, er

²⁵ Les meir i lov om språk på <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>

lovfesta i kringkastingsregelverket.²⁶ NRK har meir omfattande plikter enn dei kommersielle tv-kanalane og skal blant anna tilby daglege tv-program på norsk teiknspråk og tv-program med teiknspråktolking. Den nemnde vedtektsendringa om at NRK skal tilby teiknspråk, inneber at kravet om å ta omsyn til funksjonsvariasjonar i utforminga av innhaldstilbodet er presisert i vedtektene, men ho inneber inga realitetsendring i pliktene til NRK. Presiseringa inneber likevel ei anerkjenning av at teiknspråk er noko meir enn eit verktøy for å gjere innhald tilgjengeleg; det er eit eige sjølvstendig og jamstilt språk i Noreg, som NRK skal bidra til å gjere synleg og styrke gjennom allmennkringkastingsoppdraget.

I 2024 sende NRK den nye teiknspråklege miniserien *Dette er norsk tegnspråk*, som gjennom samtalar med yngre og eldre teiknspråkbrukarar og med forskarar gav sjåarane svar på kva teiknspråk er. Tema som språkutvikling, grammatikk, dialekter og sosiolekter innanfor norsk teiknspråk blei formidla på teiknspråk. NRK fortel at serien hadde premiere på NRK1 og i strøymetenesta NRK TV på den nasjonale teiknspråkdagen 25. mars 2024. På NRK1 blei nyheitssendinga *Tegnspråknytt* sendt alle kvardagar i 2024. NRK fortel at sendinga summerer opp dei viktigaste hendingane i Noreg og verda, og at nyheitene blir formidla på norsk teiknspråk. I tillegg blir sakene lesne opp på norsk, og sendinga blir direkteteksta. Tv-kanalen NRK Tegnspråk har i 2024 sendt *Tegnspråknytt* i reprise alle kvardagar og eit variert programtilbod i helgene. Nokre eksempel på slike program i 2024 er *Ål inn*, *Ikke bare meg*, *Undringstårnet*, *Undringsskogen*, *Mitt Norge*, *Gode venner*, *Mia Aimée* og *Matheo*, *En julefortelling* og *Mads og sauemysteriet*. Dokumentarserien *Ål inn* følger elevane og lærarane ved Ål folkehøgskole, der all undervisning skjer på teiknspråk. NRK har tidlegare gjort greie for at produksjonen er basert på ønske frå Norges Døveforbund og Norges Døveforbunds Ungdom, og at serien både speglar samhaldet blant elevane og skildrar utanforskapet i samfunnet som mange døve kjenner på. I 2024 sende NRK også dei teiknspråklege programma *Fredriks kjøkken* og *La oss snakke om*. Desse programma på svensk teiknspråk er eit resultat av utvekslingsavtalen mellom dei nordiske kringkastarane (Nordicom). Programma blei sende på kanalen NRK Tegnspråk og er tilgjengelege i NRK TV. Les meir om korleis NRK tar vare på krava til universell utforming, i punkt 2.10.1.

NRK gjer greie for at språkarbeidet er organisert for å verke på tvers av organisasjonen, og at NRK har tatt fleire overordna grep for å auke språkmangfaldet. NRK har eit eige språknettverk og forklarar at alle redaksjonelle og ikkje-redaksjonelle område i NRK har ein språkkontakt, ein enkeltperson som har eit særskilt ansvar for språkarbeidet i kvar sin del av NRK. I 2024 har språkkontaktane i NRK hatt månadlege samlingar der tema som til eksempel klarspråk, krimspråk og utviklinga av kj-lyden har vore diskuterte. NRK har også gjennomført fleire språkkurs, for eksempel om nynorsk, klarspråk, kommareglar og anglisismar.

Medietilsynet legg vekt på at NRK har ein omfattande eigenproduksjon på radio, tv, nett og mobil, som samla omfattar ein stor variasjon av tema og sjangrar. Den breie lokale

²⁶ Les meir i § 2-19 om tilrettelegging for personar med funksjonsvariasjonar i lov om kringkasting og audiovisuelle bestillingstenester på https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-12-04-127/KAPITTEL_2#KAPITTEL_2 og § 2A-1. Universell utforming av NRKs bildeprogrammer forskrift om kringkasting og audiovisuelle bestillingstenester på <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1997-02-28-153>

forankringa i distriktdekninga og tilbodet til ulike minoritetsgrupper bidrar til å spegle ulike sider av norsk verkelegheit og eit mangfald av identitetar i det norske samfunnet. Tematikken i dramaseriane til NRK bidrar også til å spegle mangfaldet i det norske samfunnet. Les meir i punkt 2.9.3.

NRK har eit tilbod til ulike aldersgrupper, blant anna eigne nyheiter for barn og unge. NRK har eit breitt og variert kulturtilbod og oppfyller dei ulike krava knytte til norsk musikk, norsk drama og ein variasjon av norske kulturuttrykk. Les meir i punkt 2.9.1 og 2.9.4 nedanfor.

I 2024 har NRK ifølge allmennkringkastarrekneskapen lagt stor vekt på samisk språk og kultur internt i organisasjonen. Dette blei blant anna markert under opninga av NRKs fagdag, der samisk song som forteljarkunst stod sentralt og blei presentert i ein eigen sesjon. I tillegg arrangerte NRK ein eigen samisk fagdag, som løfta fleire tema knytte til kva det inneber å vere same, og korleis det samiske blir integrert i nyheitsoppdraget og i andre innhaldstilbod. NRK viser også til at samisk har spelt ei sentral rolle i fleire av programtilboda i 2024. Kringkastingssjefens språkpris gjekk i 2024 til språkkonsulenten Else Turi i NRK Sápmi, som fekk prisen for over 20 års arbeid med å styrke og utvikle det nordsamiske språket i NRK. NRK fortel at sjølv om språkprisvinnaren har hatt Karasjok og NRK Sápmi som arbeidsstad, har resultata av arbeidet hennar strekt seg utover NRK og vidare utanfor NRK. Ansvaret NRK har for å styrke samisk identitet, kultur og språk, har i mange år vore jamstilt i allmennkringkastingsoppdraget. NRK Sápmi publiserer innhald på nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk og bidrar samla sett til eit breitt samisk innhaldstilbod. NRK tilsette både ein språkkonsulent for lulesamisk og ein språkkonsulent for sørsamisk i 2024, noko som gjer at NRK nå har ein språkkonsulent for kvart av dei tre samiske språka som allmennkringkastaren har eit særskild ansvar for. Alle dei tre språkkonsulentane vil ifølge NRK jobbe for å styrke og utvikle samiske språk i heile NRK. Les meir om vurderinga av korleis NRK innfrir dei samiskspråklege krava i punkt 2.7.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte det overordna kravet om å styrke norsk språk, identitet og kultur. Vurderinga er vidare at ein stor del av programtilbodet til NRK er forankra i og speglar det kulturelle mangfaldet i befolkninga. Sjå elles vurderinga i punkt 2.8.3.

NRK har ein stor norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og nett. Medietilsynets vurdering er at NRK i 2024 oppfylte kravet om at tilbodet i hovudsak skal ha norskspråkleg innhald.

Medietilsynet vurderer at NRK oppfylte det presiserte språkoppdraget knytt til innhald for teiknspråklege og på teiknspråk i 2024.

2.8.2 Bruk av nynorsk

NRK har aldri oppfylt kravet om minst 25 prosent nynorsk på alle plattformer, men i 2024 er kravet for første gong på fem år oppfylt for både radio- og tv-plattformar. Bruken av nynorsk var høgare enn nokon gong tidlegare både på radio, tv og nett i 2024, og NRK rapporterer at arbeidet med å løfte bruken av nynorsk på nett vil fortsette framover. For å forstå utviklinga er prosenttala for dei siste seks åra frå 2019 til 2024 illustrerande, jamfør figur 13. Gjennom

denne tidsperioden har prosentkravet for tv-plattformene vore oppfylt, og særleg NRK2, NRK3 og NRK Super har høge nynorskprosentar. På radio var nynorskprosenten mellom 22,5 og 23 prosent i perioden frå 2020 til og med 2023, og var dermed under kravet og utan positiv utvikling. Nynorskandelane i NRK P2 og NRK P3 har trekt ned totaltalet for radioplattformene, mens NRK P1 har levert stabilt godt over minimumskravet på 25 prosent. I 2024 auka nynorskprosenten i NRK P3 med heile 10 prosentpoeng frå 2023. Dette bidrog til at kravet om minst 25 prosent nynorsk på radioplattformene ble oppfylt med god margin. Dermed oppfylte NRK nynorskkravet på radio for første gongen sidan 2019. Fram til og med 2018 låg andelen nynorsk på nett stabilt lågt med rundt 16 prosent. Men i den siste seksårsperioden frå 2019 til 2024 har nynorskprosenten vore høgare, og trenden er positiv. Med 23,2 prosent nynorsk på nett i 2024 er NRK nærmare ved å oppfylle kravet om minst 25 prosent nynorsk på nett enn nokon gong tidlegare.

Medietilsynet har i fleire år etterlyst systematiske tiltak og evaluering av effektane desse tiltaka har for nynorskandelen. NRK har sett i verk ulike tiltak for å auke nynorskandelen og rapporterer jamleg i redaktørmøte med kringkastingssjefen om tiltaka og resultata. I 2024 har NRK jobba vidare med å auke kompetansen på språkteknologi og vidareutvikle rutineane for å kvalitetssikre språket. For å auke andelen nynorsk i nettproduksjonen er språkteknologi ein sentral del av planen, og det er oppretta ei prosjektgruppe der representantar frå dei innhaldsproduserande divisjonane samarbeider og deler kompetanse, innsikt og tiltak med kvarandre. NRK har tidlegare gjort greie for ein fast avtale om å bruke nynorskroboten til NTB, at det er etablert ein eigen støtteressurs hos NRK Vestland, og at det er innført eigne delmål for nynorsk i dei redaksjonelle områda på nett. I 2024 gjennomførte NRK kurs for vaksjefane både for nrk.no, innhaldsdivisjonen og nyheitsdivisjonen knytt til nynorskarbeidet. Statistikken over nynorskbruken har vore viktig i planlegginga av ressursbruk og rekruttering. Vidare har NRK utvikla analyseverktøya med fleire funksjonar som gir fleire moglegheiter for å analysere korleis, kvar og når nynorsk blir brukt. Dette har gitt NRK betre innsikt i kva tiltak som vil auke bruken av nynorsk.

Eit anna overordna tiltak for NRK er rekruttering av nynorskbrukarar. NRK Nynorsk mediesenter i Førde, som er samlokalisert med redaksjonen i Vestland, er eit tiltak for å rekruttere og lære opp journalistar med nynorsk språkkompetanse. Senteret tar årleg inn ti praktikantar som får opplæring og praksis i nyheitsjournalistikk på nett, sosiale medium, radio og tv. NRK forklarar at praktikantane får lage og publisere mykje av stoffet i NRK Vestland før dei har praksis i andre redaksjonar i NRK. NRK Utanriks, NRK Vestfold og Telemark, NRK Trøndelag, NRK Rogaland, NRK Vestland, NRK Urørt, NRK Kultur, NRK DM i Trondheim, NRK P3 nett og NRK Direkte fekk nynorskpraktikantar frå senteret i 2024. Totalt 200 nynorskpraktikantar har blitt opplærte via Nynorsk mediesenter sidan oppstarten i 2004. NRK opplyser at blant dei som har vore praktikantar, jobbar 68 prosent framleis i media. 50 prosent av desse jobbar i NRK, og 18 prosent jobbar i andre mediehus, som TV 2 og VG. NRK opplyser vidare at fem praktikantar frå kullet i 2024 fekk forlengt kontraktane sine med nyheitsredaksjonar i NRK, og fire andre fekk faste jobbar i Vest-Telemark Blad, Vårt Land, Avisa Nordhordland og nettavisa iTromsø. NRK opplyser at alle journalistane får bruke nynorsk i redaksjonane sine.

NRK Nynorsk mediesenter bidrar også med kurs og andre tiltak. I 2024 arrangerte Nynorsk mediesenter i samarbeid med språksjefen og nyheitsdivisjonen kurs i nynorsk for

toppleiargruppa i NRK og fleire titals medarbeidarar i Tønsberg, Porsgrunn, Lillehammer og Fredrikstad. Senteret står også for ei nynorsk fadderordning, der medarbeidarar i NRK får ein fadder som les gjennom, kvalitetssikrar og gir tilbakemeldingar på tekstar på nynorsk. Målet er ifølge NRK å vekke «sovande» nynorskbrukarar og støtte gjenopptakinga av nynorsk som arbeidsspråk. Nynorsk mediesenter bidrog i 2024 også med å omsette spørsmål i *Klassequizen* til nynorsk. NRK viser til at Nynorsk mediesenter bidrar til det langsiktige og strategiske arbeidet med å styrke og utvikle nynorsken internt i NRK. Nynorskhuset i Førde er ei klynge av medie- og kulturverksemder som husar NRK Nynorsk mediesenter og NRK Vestland saman med avisa Firda, Nynorsk avissenter og Teater Vestland. NRK fortel at det er eit mål at denne klynga av medie- og kulturverksemder skal vere eit kraftsenter for nynorsk. NRK opplyser også at mediesenteret er sekretariat for Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar.

Tabell 11 viser at andelen nynorsk på NRK P3 har auka markant frå 19,3 prosent i 2023 til heile 29,8 prosent i 2024. Nynorskandelen i NRK P3 er dermed over 25 prosent for første gong sidan 2019. NRK P2 er med 20,9 prosent framleis langt under 25 prosent, men likevel på det høgaste nivået kanalen har vore dei siste seks åra. NRK P1 hadde heile 32,2 prosent nynorsk i 2024 og er radiokanalen med den stabilt høgaste andelen nynorsk. På tv har NRK2 den stabilt høgaste andelen nynorsk over tid, med 33,4 prosent i 2024. NRK3 hadde i 2024 ein nynorskprosent på 31,5 prosent. NRK3 er etter ein periode på to år med noko lågare nynorskbruk tilbake på same nivå som i 2021, da andelen var 31,2 prosent. NRK1 hadde 26,5 prosent nynorsk i 2024, og vidarefører den styrkte nynorskbruken frå 2023 samlikna med den føregåande fireårsperioden, da andelane var på mellom 22 og 24 prosent. Nynorskandelen på nrk.no har auka jamt sidan 2020, da han var på 17 prosent. I 2024 hadde nrk.no 23,4 prosent nynorsk. Tala viser at med unntak for nrk.no og NRK P2, hadde alle kanalane i kanaluniverset til NRK høgare nynorskandelar enn 25 prosent i 2024.

Tabell 11 – andel nynorsk på alle kanalar og totalt frå 2019 til 2024 (tal i prosent)


	2019	2020	2021	2022	2023	2024
NRK1	23,9	22,0	24,2	23,5	25,2	26,5
NRK2	26,5	30,6	32,2	31,7	32,1	33,4
NRK3	26,4	26,5	31,2	28,4	27,2	31,5
NRK Super	25,7	29,9	28,6	26,9	26,5	26,3
NRK P1	30,4	28,7	28,1	29,7	29,5	32,2
NRK P2	18,5	17,5	19,1	20,2	19,4	20,9
NRK P3	28,8	21,1	20,9	19,6	19,3	29,8
nrk.no	18,1	17,0	18,8	20,9	22,4	23,2
NRK totalt	25,2	24,2	25,4	25,1	25,2	27,9

Kjelde: NRK (dialekt blir fordelt 50/50 mellom nynorsk og bokmål i statistikken)

For å oppfylle nynorskkravet må NRK ha minst 25 prosent nynorsk på kvar enkelt medieplattform, altså på både på tv, radio og nett. Dermed er det gjennomsnittet av nynorskandelen i dei ulike kanalane per plattform som er grunnlaget for å ta stilling til om NRK oppfyller kravet til at minst 25 prosent av innhaldet som blir publisert, skal vere på nynorsk.

Figur 13 viser at kravet om minst 25 prosent nynorsk er oppfylt både på tv og radio, men at NRK heller ikkje i 2024 oppfylte kravet til nynorskandel på nett. I 2024 var andelen nynorsk på tv i gjennomsnitt 29,4 prosent, ein liten auke samanlikna med dei to føregåande åra og på same nivå som i 2021. På radio var gjennomsnittet 25,2 prosent, ein markant auke frå 2023, da snittet var 22,7 prosent.²⁷ I allmennkringkastarrekneskapen gjer NRK greie for ei rekke konkrete tiltak dei har sett i verk for å auke bruken av nynorsk i radio, særleg i NRK P3. Statistikken viser at tiltaka har gitt resultat ved at NRK for første gong sidan 2019 oppfyller kravet om nynorsk på radio. På nett har NRK aldri oppfylt nynorskkravet, men utviklinga dei siste seks åra er positiv. Mellom 2018 og 2021 var nynorskandelen på nett mellom 16,3 og 18,8 prosent. Frå 2022 var nynorskandelen for første gong over 20 prosent, og i dei påfølgande åra har han auka jamt til 23,2 prosent i 2024. Som nemnt ovanfor er det også på nett at NRK har sett inn dei fleste tiltaka for å løfte bruken av nynorsk dei siste åra. Nett er plattformen som historisk har hatt lågast nynorskprosent, og NRK vil også framover særleg jobbe med å løfte nynorskbruken på nett.

Figur 13 – andel nynorsk på plattformene NRK tv, NRK radio og nrk.no frå 2019 til 2024 (tal i prosent)



Kjelde: NRK

Konklusjon: Medietilsynet konstaterer at NRK oppfylte kravet til minst 25 prosent nynorsk både for radio og tv i 2024. NRK oppfyller framleis ikkje kravet til nynorsk på nett, men andelen er jamt stigande. Med 23,2 prosent nynorsk på nett i 2024 var NRK nærmare kravet enn nokon gong tidlegare.

²⁷ NRK har gjort greie for at snittet for kanalane ikkje kan reknast flatt med utgangspunkt i prosentane for dei einskilde kanalane, men at snittet på tvers av kanalane er vekta både for tid og ulike storleikar på utvala. Tala er tilgjengelege på www.nrk.opoint.com.

NRK gjer greie for systematisk arbeid for å oppfylle nynorskkravet på alle plattformer og har særleg sett i verk tiltak for å auke bruken av nynorsk på nett. Medietilsynet ser positivt på at den plattforma som historisk sett har hatt lågast bruk av nynorsk, nå jamt aukar nynorskprosenten år for år. Utviklinga i nynorskandelen på nett indikerer at tiltaka har ein positiv effekt, og dersom utviklinga held fram, synest kravet å vere innanfor rekkevidde i nær framtid. I 2024 har NRK også sett i verk rekke tiltak for å auke nynorskandelen på radio, og særleg på NRK P3, blant anna med fleire nynorsk- og dialekttalande programleiarar og nye jinglar med nynorsk normert språk. Tiltaka har gitt resultat, og nynorskbruken i NRK P3 var i 2024 på høgde med NRK P1. Det er også positivt at NRK har fått på plass struktur og system som gir jamne oppdateringar om status for nynorskbruken og betre innsikt i kva tiltak som fungerer for å auke han. Dette kan også vere med på å gjere at språkarbeidet blir for mindre sårbart framover.

2.8.3 Nasjonale og språklege minoritetar

NRK har ei rolle som fellesarena som reflekterer at Noreg rommar eit mangfald av identitetar og kulturar. Pliktene NRK har overfor nasjonale og språklege minoritetar, inneber at NRK skal tilby eigne program for desse gruppene, formidle kunnskap om ulike minoritetsgrupper og spegle mangfaldet i det norske samfunnet. Språkoppdraget til NRK er frå 2023 styrkt med eit krav om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk, jamfør § 19 i vedtektene til NRK. Musikkoppdraget til NRK er samtidig styrkt med eit krav om å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg, jamfør § 35.

Dei nasjonale minoritetane omfattar grupper som har langvarig tilknytning til eit land. I Noreg er dette jødar, kvener/norskfinnar, skogfinnar, romar og romanifolk/taterar. Dei nasjonale minoritetsgruppene er relativt små, og det finst inga oversikt over kor mange som sjølv definerer seg som ein nasjonal minoritet, ettersom Noreg ikkje har offentleg registrering av etnisk tilhørrelse. Krava om at NRK skal ha program for nasjonale minoritetar og tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk, er eitt av dei statlege tiltaka for å fremme det minoritetspolitiske målet om at nasjonale minoritetar deltar aktivt og kan uttrykke og vidareutvikle språket sitt og kulturen sin.

Medietilsynet meiner krava om eigne program og innhald på minoritetsspråk er formålstenlege for å nå dei minoritetspolitiske måla, og det sistnemnde særleg for å verne minoritetsspråka. Dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg er kvensk, romani og romanes, jamfør språklova § 6. Medietilsynet legg vidare til grunn at NRK kan fremme kunnskap om dei fem nasjonale minoritetane i Noreg og bidra til representasjon og deltaking gjennom programma sine slik at den kulturelle identiteten og språka til desse gruppene blir synleggjorde. Medietilsynet held fast ved at omfanget av eigne program må vere på eit visst nivå dersom dei skal fungere som eit verkemiddel for å representere og synleggjere minoritetar. Europarådet har blant anna gitt fleire anbefalingar som gjeld auka innsats og direkte tiltak for kvener og kvensk språk. Auka nærvær i media er trekt fram som eit slikt direkte tiltak for å sikre at personar som høyrer til den kvenske minoriteten, kan oppretthalde og utvikle den kulturelle identiteten sin og bruke det kvenske språket aktivt i det offentlege rommet.



I allmennkringkastarrekneskapen viser NRK til at av dei tre nasjonale minoritetsspråka er det berre kvensk som er eit normert og offisielt språk, mens dette ikkje er tilfellet for romani og romanes. NRK forklarar at romani og romanes framfor alt har vore talespråk, og at det er få skrivne kjelder i Noreg. Manglande normering og fastsette standardar gjer det derfor vanskeleg for NRK å lage innhald på desse to minoritetsspråka, og for 2024 rapporterer NRK at det framleis er nødvendig for NRK å ha dialog med kultur- og ressurscenteret Romano kher og Språkrådet. NRK starta dialogen med desse miljøa i 2023 for å orientere seg om språksituasjonen for romanifolket. Dialogen med Romano kher førte ifølge NRK til innkjøp av kortfilmen *Lavina*, som hadde premiere i strømmetenesta NRK TV på den internasjonale rom- og romanidagen 8. april 2024. NRK fortel at norske romar spelar alle hovudrollene i filmen, og at det er første gongen romanes er brukt som hovudspråk i ein heil film. Gjennom NRK Skole er det også å bruke filmen i undervisningssamanheng. NRK har på førespurnad frå Medietilsynet opplyst at Språkrådet framleis er i planleggingsfasen knytt til ei større kartlegging av kva variasjonar og dialekter som finst for dei to språka i Noreg. NRK opplyser også at språkrådet til romanifolket har starta eit normerings- og innsamlingsarbeid for romani.²⁸ NRK har tidlegare gitt uttrykk for at begge desse tiltaka kan bidra i NRKs eige arbeid med å utvikle innhald på minoritetsspråk.

NRK har gitt bestemte regionredaksjonar eit særskilt ansvar for å spegle bestemte minoritetskulturar og halde dialogen med dei respektive miljøa. Som i 2022 og 2023 har NRK også i 2024 sett søkelys på korleis dei nasjonale minoritetane kvener og skogfinnar og det samiske folket har blitt utsette for fornorskings- og assimileringspolitikk. Både i tilknytning til høyringa av rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen og da Stortinget offisielt beklaga og vedtok 17 tiltak for å bøte på skadane frå fornorskingspolitikken, har NRK dekt tematikken journalistisk på tv, radio og nett.

Tilbodet til nasjonale minoritetar

NRK gjer greie for at NRK Kvensk/Kvääni er eit tilbod og ein redaksjon med innhald til den kvenske/norskfinske befolkninga. Innhaldet blir publisert på nettsida nrk.no/kvensk, gjennom NRK radio-appen og i strømmetenesta NRK TV. NRK opplyser at delar av innhaldet når ut til publikum lokalt og nasjonalt gjennom distriktskontora i Troms og Finnmark og andre redaksjonar i NRK. NRK Kvensk/Kvääni tilbyr innhald om kvensk språk og kultur og kvenskelaterte nyheiter gjennom artiklar, videoar, bilde og lydklipp. NRKs mål er at nettsida skal vere eit dialogpunkt med kvensk publikum og andre som er interesserte i kvensk kultur. NRK har også eit mål om å spreie kunnskap om kvensk kultur og identitet til andre i befolkninga, spesielt gjennom innhaldet som blir gjort tilgjengeleg på forsida til NRK. NRK opplyser at ei av dei mest lesne sakene på nrk.no/kvensk er *Kampen for det tapte språket*, som skildrar korleis ein familie har tatt det kvenske språket tilbake, og samtidig set søkelyset på utdanningstilbodet for kvensk. Saka blei publisert på forsida av nrk.no og fekk mange lesarar. NRK opplyser at saker frå NRK Kvensk/Kvääni-redaksjonen nådde over 270 000 sidevisningar i 2024.

²⁸ Les meir om prosjektet her: <https://www.vandriane.no/sprak/>.



I *kampen for det tapte språket* fortel tvillingane Elisabeth og M at dei var tenåringer da det gjekk opp for dei at ein del av familiehistoria hadde blitt rive bort. Foto: Tomi Vaara / NRK

NRK Kvensk/Kvääni-redaksjonen bestod i 2024 av to heiltidstilsette journalistar som jamleg publiserte videoinnhald og artiklar skrivne og teksta på kvensk. I tillegg er det også publisert innhald i radio og tv med kvensk tale. Den kvenske nyttårstalen blei for sjette år på rad send på riksdekkande tv i 2024 og teksta på kvensk. Talen blei i tillegg gjord tilgjengeleg på nrk.no/kvensk. NRK opplyser om gode sjåartal for tv-sendinga, både lineært og digitalt. Kvenfolkets dag i mars fekk omfattande redaksjonell dekning med publisering av innslag på forsida av nrk.no, i *Dagsrevyen* på NRK1, i regionale radio- og tv-flater og i *Helgemorgen* i NRK P2 og NRK2. NRK sende også forestillinga *Bjørnedans* på kvenfolkets dag, der den unge dansaren Astrid Serien Hoel forsøker å finne tilbake til den opphavlege kvenske dansen. I 2024 løfta Kringkastingsorkesteret (KORK) musikk frå nasjonale minoritetar gjennom ein konsertserie, med blant anna urframføringa av *Kvenofoni* i Store Studio. Stykket var skapt av trompetisten Arve Henriksen, som har kvenske røter.

NRK Kvensk/Kvääni-redaksjonen arbeidde tett med NRK Sápmi om dekninga av sakene knytte til Stortingets behandling av rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen. NRK opplyser at NRK Kvensk/Kvääni oppsummerer både det nasjonale og det internasjonale nyheitsbildet på kvensk (tale og tekst) kvar veke på nrk.no/kvensk. Vidare rapporterer NRK at det er laga mange saker om utdanningsfeltet, opplæringslova og kvenkspråkleg tilbod til barn og unge, og at dette er tematikk som særleg engasjerer dei unge. NRK har i 2024 også laga fleire quizar om og på kvensk språk, og desse har treft godt i yngre målgrupper, rapporterer NRK.

Stortingets behandling av rapporten frå Sannings- og forsoningskommisjonen ligg også til grunn for NRKs redaksjonelle dekning av konsekvensar for skogfinnane med tap av kultur og språk som følge av fornorsking. NRK rapporterer om ei omfattande dekning både på nasjonale og regionale flater i 2024. NRK Innlandet laga fleire reportasjar om det skogfinske

miljøet i 2024, blant anna om skogfinnedagen, historia om skogfinnen og felespelaren Ola Porkkala, og den nyoppretta organisasjonen for unge skogfinnar i Noreg. Andre innslag frå NRK Innlandet i 2024 handla om musikaren Stine Bogsveens oppdaging av dei skogfinske røtene sine, om kva dei gamle jordkjellarane på Finnskogen betyr i beredskapssamanheng, om det skogfinske museet Grue og om kulturtradisjonane på Finnskogen. Som ein del av det nasjonale minoritetar-prosjektet til Kringkastingsorkesteret (KORK), skal KORK vere med på opninga av det nye skogfinske museet på Svullrya i 2025.

I tilbodet om og for den jødiske minoriteten i 2024 skildra NRK både jødiske tradisjonar og korleis det er å vere norsk jøde i dag – i tillegg til historia til jødane med forfølgjing, deportasjon og utsletting og korleis historia pregar norske jødar i dag. NRK gjer også greie for at den betydninga konflikten mellom Israel og Hamas har for norske jødar, har vore eit tema i dekninga også i 2024 i lys av den pågåande krigen i Gaza/Israel. NRK rapporterer om fleire innslag som belyser uro og frykt blant jødar og hevinga av trusselnivået mot jødiske mål i Noreg. Da regjeringa la fram handlingsplanen mot antisemittisme, dekte NRK både framlegginga og korleis tiltaka blei tatt imot i dei jødiske trussamfunna. Livssynsmagasinet *Kompass* tok opp temaet antisemittisme i eit historisk perspektiv og diskuterte grensene mellom antisemittisme og Israel-kritikk. Tematikken gjekk igjen i fleire ulike program i 2024, slik som i *Norsken, svensken og dansken* og *Tro, håp og Lillesæter*. NRK rapporterer også at NRK Trøndelag har hatt innslag om møte med jødiske, muslimske og kristne leiarar om fred, og at livssynsprogrammet *Kompass* har invitert jødiske vegvisarar til å fortelje om arbeidet deira for dialog og kunnskap. NRK markerte dei jødiske høgtidene jom kippur (forsoningsdagen) og påskefeiringa pesach i fleire sendingar i 2024, der også det skjerpa sikkerheitsnivået var eit tema. KORK framførte to konsertar med jødisk musikk som ein del av prosjektet med å løfte musikken til nasjonale minoritetar i 2024. Blant anna spelte KORK musikken til to av offera i konsentrasjonsleirane under andre verdskrig, Lászlo Weiner og Viktor Ullmann, komposisjonar av Gustav Mahler og kammermusikk av dei norsk-jødiske komponistane Bjørn Kruse og Issay Dobrowen. NRK sende i 2024 fleire innslag som belyste jødeforfølgjingane under andre verdskrig og dekte Oslos markering av at det var 86 år sidan Krystallnatta. Serien *Svenskegrensa* i aktualitetsmagasinet *Studio 2* skildra korleis jødiske familiar blei smugla frå Noreg til Sverige under andre verdskrigen.

NRK markerte i fleire innslag den internasjonale rom- og romanidagen i 2024. KORK framførte ein konsert med romanifolket sin talsperson og frontfigur Elias Akselsen og dottera Veronica og andre romanimusikarar. Konserten var éin av tre konsertar i serien der KORK løftar fram norske nasjonale minoritetar, og dei to andre konsertane formidla string swing, gypsyjazz og klassisk musikk. I 2024 sende NRK tv-dokumentaren *Folket som forsvann* om dei båtreisande som er ein del av romanifolket. Dokumentaren skildra korleis fornorskingspolitikken førte til tap av språk, kultur og livsform for dei båtreisande. Episoden *Romanimannens desperate kamp* i podkastserien *Gamle greier* fortalde historia til taterguten som blei lærar etter ein vanskeleg oppvekst som fosterheimsbarn. Eit innslag frå NRK Stor-Oslo fortalde om podkasten til romske Palermo Hoff, som blir sendt frå eit studio på kultursenteret Romano kher. *Oððasat* dekte den musikalske førestillinga «Nomad», til samiske Sofia Jannok og romske Salamanke Taikon Gonzales. NRK formidla også to svenske produksjonar om romar og romanfolk i 2024. Fleire gjester i det svenske talkshowet *Et møte med* hadde tilknytning til romar og romanifolket, og SVTs Nordvisjonsserie *Holocaust og romane* fortalde om norske, svenske og finske romar som blei drepne i

konsentrasjonsleirar under andre verdskrigen, og om etterkommarane deira. NRK rapporterer også om fleire nyheitsinnslag om romar og romanifolk i 2024, for eksempel om det nye kultursenteret for romanifolk i Lillesand, kartlegging av kulturminne knytte til romanifolk i Eidsvoll og Ullensaker og nedlegginga av romleiren i Fredrikstad.

Mangfald i organisasjonen

Når det gjeld kravet om å formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfaldet i det norske samfunnet, viser NRK til at mangfald og inkludering er eit strategisk innsatsområde. NRK meiner det er nødvendig å lukkast med dette for å levere på allmennkringkastingsoppdraget. NRK definerer mangfald ut frå alder, kjønn, funksjonsgrad, språk og dialekt, livssyn, utsjånad, seksuell orientering, kjønnsidentitet, utdanning, kompetanse, erfaring, interesse og familiesituasjon – i tillegg til geografisk, sosial, etnisk og kulturell bakgrunn. NRK jobbar ut i frå visjonen «Sammen skaper vi et Norge dere alle hører til» og gjer greie for at dei fire prioriterte områda i mangfaldsarbeidet framover er språk, fleirkulturell bakgrunn, kjønn og LHBT+. NRK har tidlegare forklart at det språklege mangfaldet omfattar å styrke språka som NRK har eit særskilt ansvar for, det vil seie bokmål, nynorsk, dei samiske språka, teiknspråk, kvensk, romanes og romani.



I serien *Lett å hate* snakkar Noman Mubashir om det å vere muslim og homofil. Foto: NRK

NRK har eit eige mangfaldsteam med brei representasjon frå organisasjonen, og det er utarbeidd eit rammeverk for arbeidet med mangfald som skal sikre ei felles retning og fart i arbeidet. NRK opplyser at teamet også bidrar med rådgiving til produserande miljø og leiarar og held introduksjonar for nytilsette. Mangfaldsteamet har gjennomført fleire arbeidsmøte i eigen organisasjon for å dele erfaring og kompetanse i 2024.²⁹ NRK har også ein intern

²⁹ Meir om det interne mangfaldsarbeidet blir publisert i årsrapporten og årsrekneskapen til NRK for 2024.

mangfaldspris som i 2024 gjekk til KORK, som gjennom målretta arbeid har bidratt til å gjere mangfald synleg og sjølv sagt. I 2024 har KORK løfta nasjonale minoritetar, samisk og afrikanskamerikansk musikk, Pride og Demenskontoret i tillegg til at orkesteret jobbar med å auke andelen kvinnelege komponistar, dirigentar, arrangørar og bandmusikarar. NRK deltar også i internasjonale nettverk som fremmar mangfald i organisasjonen, som «Valuable 500», som har som formål å få eit større funksjonsmangfald blant tilsette i dei største og viktigaste bedriftene i verda. I 2024 deltok NRK saman med ei rekke andre norske bedrifter i mangfaldsnettverket «Moving the Needle», som blir drifta av Big Enough Global.

NRK har eit eige brukarråd som består av representantar frå Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar, Dysleksi Norge, Hørselshemmedes Landsforbund, Foreningen for Muskelsyke, Norges Blindforbund, Norges Døveforbund, ADHD Norge, Norsk Forbund for Utviklingshemmede, Norges Handikapforbunds Ungdom og Pensjonistforbundet. Mandatet til brukarrådet er at dei med mangfaldskompetansen sin kan gje innspel til korleis NRK kan gjere tenestene og innhaldet sitt tilgjengeleg for alle, og korleis NRK kan spegle funksjonsmangfald både i innhald og i organisasjon.

NRK gjer greie for at eigne talentordningar som rekrutterer og utviklar medarbeidarar med særleg viktig kompetanse på språk, nettverk og mangfaldsperspektiv, er viktige for å nå måla og oppfylle oppdraget. Eigne sider er etablerte for desse talent-, lærings- og praksisordningane på nrk.no/karriere. NRK vil halde fram arbeidet med å synleggjere og skape engasjement rundt desse tilboda. Les meir om talentprogrammet hos Nynorsk mediesenter i punkt 2.8.2 og det samiske talentprogrammet i punkt 2.7.

Stipendiatorordninga for journalistar og innhaldsprodusentar med fleirkulturell kompetanse, FleRe, er eit langsiktig tiltak i NRKs arbeid med mangfald. Fleirkulturell kompetanse blir definert som språk, nettverk og perspektiv frå store innvandrargrupper frå land utanom Vest-Europa. NRK har tidlegare gjort greie for at programmet varer i ti månader, med fem månader opplæring og fem månader praksis. Ordninga kom i gang i 2008 og vil fram til og med vinteren 2025 ha utdanna 103 stipendiatar. Seks nye talent starta på programmet hausten 2024 og fullfører sommaren 2025. NRK fortel om høge søkartal. Av dei som har gjennomført opplæringa, jobbar 44 prosent i NRK per i dag, og 78 prosent jobbar i mediebransjen. I 2024 har NRK og Mediebedriftenes Landsforening (MBL) hatt eit pilotprosjekt der to av FleRe-stipendiatane har praksisen sin i andre mediehus enn NRK, og dei første to fekk praksisplass i TV 2 og Dagbladet. Eit anna nytt tiltak i 2024 var NRKs pilotprosjekt for opplæring av journalistar som lever med funksjonsvariasjonar, som vil bli sett i drift frå 2025. Opplæringsprogrammet har same oppbygging som FleRe.

Prosjektet «Nye stemmer» blei vidareført i 2024 og gjer det mogleg for NRK å leite aktivt etter uetablerte medietalent med mangfaldsbakgrunn gjennom idépresentasjonar og gruppearbeid. Les meir om prosjektet i punkt 2.2.1.

Mangfald i innhaldet

NRK jobbar målretta for at mangfald skal bli ein naturleg og sjølv sagt del av alt innhald som blir produsert og publisert. Eitt av tiltaka er å stille krav i både til interne og eksterne programbestillingar om at NRKs innhald skal spegle eit mangfaldig og fleirkulturelt Noreg.

NRK jobbar aktivt for at kjeldebruken skal representere mangfald i erfaringar og perspektiv, og alle produksjonar skal legge vinn på å ha ei mangfaldig «casting». NRK fortel at programleiarane i *Supernytt*, profilane i NRK P2, deltakarane i *Dama til* og gjestene i *Nytt på Nytt* speglar eit mangfald, noko som også er eit moment i dekninga av Paralympics og i valet av programskaparar som bidrar med nye historier og perspektiv. NRK gir fleire eksempel på titlar som speglar mangfald i innhaldstilbodet i 2024. Nokre eksempel er podkasten *Med all respekt*, andre sesong av dramaserien *Cammo*, serien *Lett å hate*, *A-laget*, *Gigantene* og dokumentarfilmen *Ola – en helt vanlig uvanlig fyr*.



Som Noregs første fotballandslag for kortvaksne deltok *Gigantene* i VM i Tyskland.
Foto: Teddy TV / NRK

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å ha program for nasjonale og språklege minoritetar. NRK tilbyr program og nettsaker på kvensk og oppfylte dermed delvis det nye kravet om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk i 2024. Medietilsynet har forståing for at manglande normering av skriftspråka til romani og romanes utfordrar innhaldsproduksjonen, og ser positivt på initiativet NRK har tatt for å kartlegge språksituasjonen med sikte på å utvikle innhald på desse to minoritetsspråka. Medietilsynet merkar seg at dialogen med miljøa har ført til at NRK har kjøpt og publisert innhald i 2024. Vidare meiner Medietilsynet at NRK gjennom val av tema og gjennom utforminga av program som handlar om dei nasjonale minoritetane eller har desse som målgruppe, viser mange eksempel på å synleggjere og fremme kulturen og språka deira. Dette bidrar også til å oppfylle formålet om at nasjonale minoritetar deltar aktivt og kan uttrykke og vidareutvikle språket sitt og kulturen sin. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK, gjennom for eksempel konsertserien til KORK, oppfylte kravet om å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg i 2024.


Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte krava om å formidle kunnskap om ulike grupper, om mangfaldet i det norske samfunnet og om å skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn. Medietilsynet meiner at den generelle

innhaldsstrategien og arbeidet med å rekruttere og bygge mangfaldskompetanse gjer at NRK på ein god måte bidrar til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfald av identitetar.

2.8.4 Nordiske samfunnsforhold, kultur og språk

Dei nordiske allmennkringkastarane har eit samarbeid gjennom Nordvisjon. Figur 14 viser at samarbeidet genererer tusenvis av programepisodar årleg, gjennom både utveksla og samproduserte program. NRK rapporterer om eit aktivt samarbeidsår i Nordvisjon i 2024 med 1769 samproduksjonar og 2413 programutvekslingar, om lag på same nivå som i 2023. At talet på program og seriar varierer noko frå år til år, er ifølge NRK naturleg ut frå produksjonen og drifta til dei nordiske allmennkringkastarane.

Figur 14 – samproduksjonar og programutveksling i Nordvisjon frå 2014 til 2024



Kjelde: NRK

I 2024 blei det arrangert ni utvekslings- og samproduksjonsmøte for at dei nordiske kringkastarane skulle få tilgang på fleire seriar og program. Nokre av titlane som NRK valde å framheve i 2024, var *Utan skam*, *Karin og Carl Larsson* og *Inga Strumke – KI på liv og død* frå SVT, *Nordiske kulturskandaler* frå YLE, og *Min ødelagte hjerne*, *Mennesenes paradys* og *Ukjent arving* frå DR. NRK opplyser at samarbeidet også inneheld seriar for og om livssyn, urfolk og minoritetar. Blant desse var *Guddommelig mat* (DR), *Holocaust og romane* (SVT) og den samiske serien *Snøskuter er livet* (SVT). *Kunstskolen Bifrost* (DR) handlar om danske kunstnarar med utviklingshemming som viser kor mangfaldig kunsten kan vere.

NRK, Sveriges Radio og Danmarks Radio samarbeider om det skandinaviske talkshowet *Norsken, svensken og dansken*, som løfter samfunnsdebatten frå nasjonalt til nordisk nivå og har som mål å auke forståinga mellom dei skandinaviske landa ved å snakke om kulturelle likskapar og forskjellar mellom dei tre nabolanda.

NRK har saman med allmennkringkastarane SVT, YLE, DR og RÚV avtalt å produsere tolv dramaseriar per år, og desse skal bli distribuerte til dei ulike allmennkringkastarane. NRK skal levere tre av titlane, mens dei resterande ni blir leverte frå dei andre nordiske landa. I 2024 resulterte dramasamarbeidet N12 i følgjande åtte nordiske seriar på NRK: *Orkesteret* sesong 2, *Mysteriet på Nornholm* sesong 2 og *Bak enhver mann* (DR), *Mordene på Solkysten* sesong 3 og *Sekunder* (YLE) og *The Pirate Bay*, *Den tynne blå linjen* og *Smertepunktet* (SVT). Grunnen til at det ikkje nødvendigvis blir vist ni titlar i året, er ifølgje NRK at lisensstart og premierar på seriane kan bli utsette. Dei åtte seriane NRK viste i 2024, utgjorde om lag 35 timar nordisk drama, mot 42,5 timar i 2023 og 55,6 timar i 2022.

I 2023 gjekk NRK inn i eit tilsvarande samarbeidsprosjekt (New8) med sju andre europeiske allmennkringkastarar inkludert dei nordiske. Les meir om dette i punkt 2.9.2.

Allmennkringkastarane i Nordvisjon samarbeider også om dramainnhald for barn og unge. Både DR, SVT og NRK skal kvart år bidra med fire seriar, YLE med to seriar og RÚV med éin serie årleg. Utvekslingsavtalen B15 bidrar til ein føreseieleg og sterk portefølje av nordisk innhald for barn. Seriar for barn og unge som NRK fekk frå dei andre nordiske allmennkringkastarane i 2024, er blant anna *Press* (SVT), og *Trøbbel i Eplerud* og *Hundebanden* (DR). NRK har tidlegare presisert for Medietilsynet at det kan vere forskjellar mellom når ein produksjon i B15-samarbeidet blir levert, og når han blir send på NRK, slik som i N12-samarbeidet.

NRK tilbyr også nordiske program innanfor ulike programkategoriar, som for kunst og kultur, dokumentar og underhaldning.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å formidle innhald frå Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, nordisk kultur og språk. Slik Medietilsynet ser det, bidrar medlemskapet i Nordvisjon og dei langsiktige produksjonsavtalane med dei andre nordiske allmennkringkastarane til at NRK oppfyller dette kravet.

2.8.5 Mangfald i religion og livssyn

For å oppfylle kravet om å spegle Noregs religiøse arv og mangfaldet av livssyn og religionar i det norske samfunnet har NRK i 2023 tilbydt både eigenproduserte livssynsprogram, andaktar og overføringar av gudstenester og innkjøpt materiale. I tillegg publiserer NRK mange artiklar om livssyns- og verdispørsmål på nrk.no. NRK opplyser at distriktskontoret NRK Trøndelag har eit særleg ansvar for religions- og livssynsinnhaldet.

På tv sende NRK i 2024 til saman 151 timar med livssynsprogram og gudstenester på NRK1, NRK2 og NRK3. Dette er ein nedgang samanlikna med 2023 og 2022, da timetala var høvesvis 184,2 og 191 timar, og nærmare nivået i 2021, da dei sende totalt 140 timar livssyn

på tv. NRK har i 2024 vidareført dei faste kamerainstallasjonane i seks ulike kyrkjer i Noreg, som gjer det mogleg å overføre gudstenester kvar søndag både på radio og tv. NRK fortel at dei seks kyrkjene er utvalde på bakgrunn av formidlingsevne, kyrkjebygg, geografi, kjønn og kyrkjelyd.³⁰ NRK gjer greie for at tv-overføringa av gudstenestene bidrar til å gjere dei meir tilgjengelege for høyrselshemma, som kan følge tekstinga i tv-sendinga. NRK formidla i tillegg gudstenester under dei kristne høgtidene og overførte katolske midnattsmesser frå Roma til påske og jul. NRK produserte også gudsteneste frå Festspillene i Nord-Norge, frå olsok i Nidarosdomen og frå song- og musikkfestivalen Skjærgårdssang i Langesund.

På radiokanalane NRK P1 og P2 formidla NRK til saman 1074 timar religion og livssyn i 2023. Det er ein liten nedgang frå 1127 timar i 2023 og på same nivå som 1072 timar i 2022. Nivået er langt høgare enn i 2021 og 2020, da timetala var høvesvis 696 og 519 timar. Dei etablerte, faste livssynsprogramma *Tro, håp og Lillesæter*, *Kompass* og *Verdibørsen* blei vidareførte i 2024. NRK beskriv *Tro, håp og Lillesæter* som eit portrettprogram med kristen profil og popmusikk, der tema som tru, håp og nestekjærleik blir diskutert. Programmet blir sendt på søndagar i NRK P1. Radioprogrammet *Kompass* blir sendt alle kvardagar i NRK P2 og gir ifølge NRK nye perspektiv på aktuelle tema, fenomen og daglegliv ved å utforske tru, verdissyn og livssyn. Redaksjonen i *Kompass* lagar også seriar om viktige hendingar, slik som krigen i Gaza/Israel og det amerikanske valet, og sender direkte frå det årlege kyrkjemøtet og frå Olavsfest i Trondheim. Podkasten *Etikketaten*, der tre gjester med ulike syn på livet gir råd om etiske dilemma som oppstår i kvardagen, blir produsert som ein del av *Kompass*. NRK forklarar at eit mangfald av stemmer blir inviterte til *Kompass* og *Etikketaten*, noko som bidrar til å vise spennet i tru- og livssyns-Noreg. *Kompass* og *Etikketaten* blir sende tre gonger dagleg i P2 og høgdepunkt frå programma blir sende på NRK P1 kvar søndag. *Verdibørsen* drøftar ulike tema som etikk, moral, filosofi og livssyn ut frå eit verdisynspunkt og har vore eit fast program på NRK P2 sidan 1991. *Kveldstanker* er ifølge NRK eit livssynsmangfaldig program i eit format som liknar andakten, og som slepper til ulike perspektiv og livsopplevingar. Programmet blir sendt i flata *Kveldsåpent* på NRK P1 alle kvardagar, og ofte i *Frokostradioen* i NRK P1+. Programmet *Salmer til alle tider* blei i 2024 sendt på NRK P1+ og formidlar ifølge NRK alle sjangrar av kristen musikk. NRK P1+ formidlar også *Morgenandakten* alle kvardagar. Andakten byr ifølge NRK på velsigninga og fadervår, i tillegg til at eit stort mangfald av kristne stemmer blir inviterte for å fortelje om korleis bodskapen i Bibelen stadig er relevant. Alle livssynsprogramma er tilgjengelege i strømmetenesta NRK Radio som ikkje-lineært og valbart innhald, og NRK rapporterer at fleire av programma er populære.

I 2024 produserte NRK 14 saker om livssyn til nrk.no. Det er om lag på same nivå som i 2023 og 2021 da omfanget var høvesvis 17 og 18 saker. I 2022 var talet noko høgare med 23 saker. NRK forklarar at mange av nettsakene om livssyn blei svært godt lesne og er i samsvar med strategien: færre, men betre saker. NRK opplyser at dei 14 artiklane hadde dryge to millionar sidevisningar, noko som saman med at fleire av historiene også blir formidla i radio, bidrar til at NRK når eit breiare publikum og set verdispørsmål på

³⁰ NRK har tidlegare forklart at to av kyrkjene blir skifta kvart halvår, og i allmennkringkastarrekneskapsen for 2024 fortel NRK at alle dei seks kyrkjene som var med frå starten i 2022, nå er skifta ut.

dagsordenen. NRK gjer greie for ei brei tilnærming i kva som blir rekna som livssynssaker som omfattar refleksjon om tru, tvil, eksistens og verdispørsmål på tvers av religionar. Målet til NRK er å nå eit breitt publikum med desse sakene, og NRK erfarer at innhaldet når eit yngre publikum enn snittet for alle artiklane på nrk.no. NRK har eit mål om å nå fleire unge under 30 år med det visuelle innhaldet sitt, og at dette journalistiske formatet skal bidra til å fjerne fordommar og tabu, spreie kunnskap om ulikskap og skape fellesskapskjensle, overraske og bidra til nysgjerrigheit og refleksjon. Nokre av artiklane om livssynsinnhaldet på nrk.no i 2024 dekte tema som ordneringa av den første opne ikkje-binære presten i Noreg, debatten om å tillate skolegudstenester eller ikkje, det auka trusselnivået overfor jødar og ei skildring av korleis det var å vekse opp som misjonærbarn i Etiopia.

NRK markerte den muslimske høgtida id al-fitr med ei stor direktesending i 2024 og publiserte ei rekke innslag om ramadan og id i nyheitssendingane. I 2024 har NRK også sendt fleire innkjøpte tv-program om livssyn. Programmet *Trygve Skaug i Nidarosdomen* formidla konserten med verket «Messe underveis» frå domkyrkja i Trondheim. Nokre andre eksempel er dokumentarane *Hvem skrev Det nye testamentet*, der arkeologar, historikarar og teologar diskuterer opphavet til dei heilage skriftene, og *Livet etter Jesus*, som følger ei gruppe menneske som har brote med strenge, kristne trussamfunn. NRK sende også den norske dokumentarfilmen *Praying for Amerika* under paraplyen *Trygdekontoret*, som gav innsikt i korleis ytterleggåande kristne grupper i USA jobbar for å framskynde dommedag.

Konklusjon: NRK har gjennom overføringar frå gudstenester og religiøse høgtider, faste programpostar og seriar samla sett formidla og belyst eit breitt spekter av religiøse perspektiv og livssyn i 2024. NRK har eit tyngdepunkt i kristne tradisjonar i tilbodet, men formidlar også frå islamske høgtider. Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å spegle den religiøse arven i Noreg og mangfaldet av livssyn og religionar i det norske samfunnet.



Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film

2.9 Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film

Vedtektene:

§ 17 NRK skal formidle norsk kultur og en bred variasjon av kunstuttrykk fra mange ulike kunstnere, uavhengige miljøer og kulturinstitusjoner i Norge. NRK skal formidle norsk musikk, film og drama og stimulere norske produksjonsmiljøer.

§ 35 NRK skal bidra til å fremme nye talenter og lokale artister, komponister og tekstforfattere. Minst 40 pst. av musikken som spilles på NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk skal være norsk, med vekt på norskspråklig eller norskkomponert musikk. I tillegg skal NRK fremme musikk av samiske artister, komponister og tekstforfattere samt talenter fra nasjonale minoriteter i Norge. NRK skal holde et fast orkester som dekker et bredt repertoar fra underholdningsmusikk til symfonisk musikk.

§ 36 NRK skal legge ut minst 40 pst. i gjennomsnitt for de siste tre årene av det frie programbudsjettet for TV til eksterne produsenter.

§ 42 NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen.

§ 38 NRK skal ha sportssendinger som dekker både bredden i norsk idrettsliv, herunder funksjonshemmedes idrettsutøvelse, og store idrettsbegivenheter.

§ 50 NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- kunst og kultur
- sport og underholdning

2.9.1 Brei kulturformidling til ulike publikumsgrupper

Kulturformidlinga til NRK skal romme både ei variert formidling og ei journalistisk behandling av ulike kulturtema. Ifølge vedtektene til NRK skal kulturformidlinga vere brei, variert og omfatte kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og kulturinstitusjonar. Ved endringa av vedtektene til NRK som gjeld frå 1. januar 2023, blei ordet «offentlege» framfor «kulturinstitusjonar» fjerna. Medietilsynet legg til grunn at dette i praksis ikkje inneber ei særleg endring i kulturoppdraget til NRK, men at den nye ordlyden understrekar forventninga til at NRKs dekning av kultur skal vere brei og variert. Tilbodet skal ta omsyn til både breie og smale publikumsgrupper, spegle mangfaldet i befolkninga og appellere til alle aldersgrupper. I kravet er det presisert at NRK skal tilby eigne kulturprogram i dekninga av kulturfeltet. NRK skal også ha eit løpande oppdatert tilbud av kunst, kultur og underhaldning på nett. Det følger av utforminga og ordlyden at kulturoppdraget står sentralt i allmennkringkastingsoppdraget og har ein viktig demokratisk funksjon på lik linje med

nyheiter og aktualitetar. NRKs samfunnsoppdrag er utforma slik at det gir NRK plikter overfor både publikum og skapande og utøvande kunstnarar.³¹



Tv-serien *So long, Marianne* handlar om forholdet mellom Leonard Cohen (Alex Wolff) og norske Marianne Ihlen (Thea Sofie Loch Næss). Foto: Nikos Nikolopoulos / Redpoint / NRK

Medietilsynet har i tilsynet dei seinare åra vore særleg opptatt av korleis NRK varetar det breie kulturoppdraget sitt. Bakgrunnen er den viktige rolla NRK har som kultur- og språkpolitisk verkemiddel, at det er marknadssvikt i kulturdekninga i norske medium og den verdien kulturformidlinga har både for befolkninga og aktørar på kulturfeltet. I rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet i 2021 anbefalte Medietilsynet at NRK i større grad bør synleggjere kulturinnhaldet på alle plattformene sine ettersom dette er ein type innhald som

³¹ Dette blei skildra i forarbeida da allmennkringkastingsoppdraget til NRK blei utvida til å gjelde alle medieplattformer frå og med 2009, der blant anna krava til kulturformidling blei presiserte. Departementet uttrykte at punktet om å formidle norsk kultur og ein brei variasjon av norske kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og offentlege kulturinstitusjonar skal understreke at «NRK har plikter andsynes skapande og utøvande kunstnarar, i tillegg til pliktene andsynes publikum. Dette gjeld blant anna musikk, litteratur, teater og dans.» (St.meld. nr. 6 (2007–2008) *NRK-plakaten* – «*Noe for alle. Alltid*»). Ansvarer NRK har for å dekke kulturfeltet, blei ikkje omtalt i stortingsbehandlinga av meldinga, men i behandlinga av Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst* uttalte familie- og kulturkomiteen at «med et mediemarked i rask endring er det viktig med en allmennkringkaster som tilbyr både det brede og det smale tilbudet». Vidare understreka komiteen den viktige rolla til NRK som formidlar av norsk språk og kultur, og peikte på «sender og produksjoner som favner bredt» og «smalere tilbud det ikke er rom for i andre medier».

dei kommersielle aktørane formidlar mindre av.³² NRKs rolle på område med marknadssviikt er svært viktig for å bidra til auka innhaldsmangfald og bruksmangfald.

Hovudleverandøren av kulturinnhald i NRK er kulturavdelinga, men kulturoppdraget blir løyst på tvers av ulike avdelingane i NRK. I allmennkringkastarrekneskapen for 2024 går det fram at den største utfordringa for NRK er å nå ut med kulturinnhaldet til breie og smale grupper i ei tid der publikum sjølv vel innhaldet dei vil konsumere. NRK tar derfor ulike grep for å gjere kulturinnhaldet meir synleg og lettare å velje, med mål om å gi fleire tilgang til kulturinnhaldet. Som ein del av publiseringsstrategien har NRK samla alt aktuelt innhald om kultur frå NRK på éin stad (nettstaden nrk.no/kultur), i tillegg til at det er eigne kulturkategoriar som «kunst og scene», musikk og litteratur i begge strøymetenestene NRK TV og NRK Radio. NRK gjer greie for at det blir jobba med såkalla smart publisering for å skape meirverdi på tvers av plattformene. Nokre eksempel på smart publisering som nådde breiare ut enn dei enkelte tv-programma i 2024, er *Familien Nerdrum* og *Dette er humor*, der NRK både formidla innhald via podkastane *Seriesnakk*, *Kladden har dævv*a og *Trygdekontoret* og publiserte nettsaker og kortvideoformat på nrk.no og tredjeparts plattformer. Andre eksempel er artikkelserien som faktasjekka dramaserien *Lykkeland*, og *Seriesnakk om Leonard Cohen* som bidrog med kontekst til dramaserien *So long, Marianne*.



Henrik Fladseth og Jonis Josef frå serien *Dette er humor*. Foto Ida Kippersund Bringslid / NRK

Familien Nerdrum er ein dokumentarserie som følger kunstnaren Odd Nerdrum og familien hans gjennom eit år og var ei ny satsing frå NRK med premiere i desember 2024. Serien gav eit innblikk i livet og arbeidet til kunstnaren, belyste både Nerdrums rolle i norsk samtidskunst og løfta kontroversielle sider som skatteunndraging og familiære utfordringar. Ein annan ny

³² Les meir om dette i punkt 6.4.4 i Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet*, som er ein analyse av NRKs bidrag til innhalds- og bruksmangfaldet, NRKs samarbeid med andre medieaktørar og konkurransemessige verknader av NRKs nyheits- og aktualitetstilbod på nett.

dokumentarserie frå 2024, *Dette er humor*, samla totalt 67 norske komikarar i ulike aldrar for å diskutere kva rolle humoren har i samfunnet, og korleis han har utvikla seg. NRK beskriv at serien har tatt for seg tema som kjønnsroller i humor, pinleg humor, kontroversielle stunt og humor som provokasjon. NRK forklarar også den nyskapande forma til programmet ved at komikarane kombinerer rolla som ekspertar og kulturformidlarar, der serien blir til eit historisk dokument om norsk humor. NRK publiserte også den nye tv-serien *Jazzeventyret*, som gjennom møte med fleire toneangivande og nyskapande norske jazzmusikarar skildra korleis Noreg har blitt eit stort jazzland. Musikarar som Karin Krog, Arild Andersen, Sidsel Endresen, Nils Petter Molvær, Bugge Wesseltoft, Håkon Kornstad, Hedvig Mollestad og Paal Nilsen Love blir intervjuar i serien, som tar for seg musikk, institusjonar og aktivitetar som har bidratt til å formidle delar av norsk jazz som allereie er i verdsklasse.



I serien *Kunstnerliv* fortel Leander Dønne om den mørke oppveksten sin i Jehovas vitne og hans forbilde, kunstnaren Lars Hertevig. Foto: NRK

I allmennkringkastarrekneskapen rapporterer NRK også om fleire nye episodar av etablerte satsingar som bidrar til å oppfylle det breie kulturoppdraget i 2024. Sesong tre av tv-serien *Kunstnerliv* portretterte fem unge samtidskunstnarar og forholdet dei har til dei kunstnariske forbilda sine. Blant anna handla ein av episodane om installasjonskunstnaren Sandra Mujinga, som hentar inspirasjon frå Tori Vrånes når ho skaper den alternative verkelegheita si, og ein annan episode skildra forfattaren og bildekunstnaren Leander Dønne og kva som gjer målarar som Lars Hertevig til forbildet hans. I 2024 tok podkasten *Leseklubben* for seg fleire bøker, blant anna «1984» av George Orwell, «Heroin Chic» av Maria Kjos Fonn og «Doppler» av Erlend Loe. Podkasten er interaktiv ved å oppfordre lyttarane til å lese dei ulike delane av den aktuelle boka før kvar enkelt episode og sende inn spørsmål og refleksjonar. Programleiarane Kristoffer Olsen og Christine Lossius Thorin inviterer ein kjend bokelskar til å diskutere og analysere bøkene og tar også med innspel frå lyttarane. NRK gjer greie for at *Leseklubben* byr på både djuptgåande analysar og lettare element som quizar, og det inkluderande formatet bidrar til å skape eit fellesskap og å gjere kompleks litteratur tilgjengeleg for eit breitt publikum. NRK sende også to sesongar av *Brenner deler dikt*, der

den siste sesongen hadde eit særleg fokus på mannsrolla med gjester som Tani Dibasey, Erling Kagge, Ghulam Abbas og Jo Almaas Marstein. NRK forklarar at målet med programmet er å gi ei fin diktoppleving til lyttaren og inspirere til deling av dikt, og at det intime formatet bidrar til å senke terskelen for å dele poesi og nå breiare ut med dette innhaldet. Gjennom fleire sesongar har NRK formidla norsk kulturarv til nye generasjonar, blant anna ved å invitere unge stemmer som oppdagar fleire hundre år gammal poesi.

I 2024 blei det sendt 43 nye episodar av den etablerte podkastserien *Sommer i P2*, som ifølge NRK er ein viktig arena for formidling av norsk musikk, kultur- og samfunnsliv. I 2024 gjesta blant andre Cato Zahl Pedersen, Mari Kjos Fonn, Metteson, Mimmi Tamba og Erling Fossen *Sommer i P2* og fortalde om liva sine og delte favorittmusikken sin. I 2024 blei det også produsert eit eige program på sørsamisk med gjesten Nelly Anna Engström, som også finst i ein norsk versjon. Sesong to av *Seriesnakk* følgde publiseringa av dramaserien *Makta* og *So long, Marianne* og gav publikum høve til å både faktasjekka episodane i serien og få meir kunnskap om perioden og forholda som seriane skildrar.

I 2024 har NRK fortsett den særskilde satsinga på den aktuelle og dagsordensettande kulturjournalistikken. Programmet *Arena* er vidareutvikla sidan lanseringa i januar 2022 og er nå ein aktuell kulturpodkast som ifølge NRK behandlar dei viktigaste kultursakene og kulturdebattane i Noreg og i verda elles. NRK rapporterer vidare at aktuelle kulturuttrykk blir løfta og utforska kvar veke i podkasten *Åpen bok*, der aktuelle og vesentlege bøker blir drøfta med eit mål å bidra til auka kunnskap og innsikt. Det faste, daglege kulturprogrammet *Studio 2* i NRK P2 inneheld ifølge NRK aktuelt kulturinnhald og går i djupna på enkelte saker. Programmet og podkasten *Drivkraft* er ifølge NRK eit anna populært tilbod der programleiaren møter unike menneske med drivkraft over gjennomsnittet og søker svara på kvifor nokon har så store visjonar og stor giv og lidenskap. Programmet hadde fleire kulturprofilar som gjester i 2024. I 2024 kåra NRKs lyttarar «Odel» av Dordi Strøm til å vere den beste norske romanen, og NRK fortel at målet med å arrangere lyttarane sin romanpris er å auke leselysta og merksemda om nyare norsk skjønnlitteratur.


NRK rapporterer at prosjektet «Kulturfeature» i 2024 leverte faste djupnesaker til nrk.no på sjette året. Gjennom prosjektet blir det laga langlesing frå kulturfeltet kvar veke, og dette bidrar til å bygge kompetanse knytt til formidlinga av både breie og smale kultuttrykk. Nokre eksempel frå djupnesakene i 2024 er artiklane om korleis kunst og scenekunst kan nyttast til å behandle traume, om Nerdrumskolen, om korleis Venezia-charteret har påverka arkitekturen, og om 14-åringen Maximus Dørje, som har skapt ein nisje i kunstverda og selt teikningar for ein halv million kroner.

NRKs kulturkritikarar bidrar ifølge NRK jamleg med kritikk og fagleg kulturformidling til alle NRK-plattformene. NRK peiker på at kulturmeldingar er eit viktig bidrag til oppdraget NRK har på kulturfeltet. Kulturkritikarane deler og publiserer innsikt og meldingar om verk innan litteratur, spel, musikk, arkitektur, film, seriar, kunst og teater på nrk.no og radioflata *Nyhetsmorgen* kvar veke. Med eit mål om å tydeleggjere innhaldet og invitere fleire lesarar til å lese meldingane publiserte NRK terningkast i kunst-, litteratur- og teatermeldingane i 2024. I tillegg har NRK publisert meldingar om samisk kultur både på samisk og norsk. NRK rapporterer om ein positiv effekt når det gjeld talet på lesarar, lesetida og auka andelen yngre lesarar.

I kulturtilbodet til NRK inngår også innkjøpt innhald, og nokre av titlane NRK løftar fram for 2024, er dei norske dokumentarane *Den siste filmen* om filmskaparduoen Wam og Vennerød og *Draumkvedet – ein thriller frå mellomalderen*. NRK sende også dokumentaren *Eg har ord* om Runar Gudnason frå Side Brok som rappar på sunnmørsdialekt. Andre dokumentarar om kultur er *Brev til Håkon Banken* om musikaren som fortalde om utfordringar med mental helse og kunstnarportretta av Anders Svarstad, Anna-Eva Bergmann og Oddvar Torsheim. Nokre eksempel på temattikkar i internasjonale kulturdokumentarar som er sende i 2024, er musikken og liva til ABBA, Cornelis Vreeswijk og Leonard Cohen, om diskobølga på 70-talet og moderne kultur i Afrika.

Programstatistikken frå NRK viser at kunst og kultur samla har auka markant dei siste fire åra, frå 2021 til 2024, etter ein periode der omfanget blei redusert. Sjå figur 15. For dei enkelte kanalane er utviklinga noko ulik, men det er naturleg ut frå NRKs profilering av kanalane. Les meir om dette i punkt 2.3.2 og meir detaljert om tala i programstatistikken i punkta 2.3.3, 2.3.4 og 2.3.5.

Figur 15 – utviklinga for totalt antal timar kunst og kultur i NRKs «kjernekanalar» i perioden 2011 til 2024



Kjelde: NRK

Heilt frå NRK etablerte fleire kanalar på radio og tv, har programlegginga i dei ulike kanalane vore orientert mot ulike målgrupper med tydelege profilar.³³ NRK1 og NRK P1 er dei allment orienterte breiddekanalane, mens for eksempel NRK2 og særleg NRK P2 er kultur- og

³³ NRK etablerte den andre radiokanalen sin (NRK P2) i 1984 og den tredje kanalen (NRK P3) i 1993. I løpet av 2017 blei det nasjonale bakkenettet digitalisert, og NRK sender til saman 15 radiokanalar i den såkalla «Regionblokk». På tv etablerte NRK den andre tv-kanalen sin (NRK2) i 1996 og den tredje (NRK Super / NRK3) i 2007.

samfunnsorienterte, og NRK P3 og NRK Super/NRK 3 er orientert mot yngre målgrupper. I tillegg kjem eit titals nisje- og spesialkanalar på radio. Allmennkringkastarrekneskapen for 2024 stadfestar at NRK P2 er kanalen med ein tydeleg profil som kulturformidlar i NRKs innhaldsunivers, jamfør statistikken for dei tre «kjernekanalane» på radio og tv for dei siste åra. NRK formidlar også kulturinnhald på nett, og i 2024 var 3,2 prosent av dei 21 453 publiserte artiklane på nrk.no om kultur.

Utgreiinga til NRK viser at kulturoppdraget blir løyst gjennom å publisere program i mange ulike format og programflater og på alle plattformer. Vidare viser NRK at analyse, kritikk og kunnskapsformidling står sentralt i kulturdekninga, men at også anbefalingar og omtalar er viktige fordi NRK meiner desse formata er ein sentral veg inn til kultur og musikk for svært mange. NRK publiserer kultur- og musikkstoffet saman med anna innhald gjennom dagen, men har også fleire spesialprogram, særleg i NRK P2 og som podkast i NRK Radio. Les meir om program og tilbod som dekkjer ulike musikkssjangrar, i punkt 2.9.3.

NRKs utgreiing viser samla sett at NRK tilbyr ei sjangerbreidde i kulturdekninga medrekna dekninga av musikk.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 hadde eit variert og breitt kulturtilbod som retta seg mot ulike publikumsgrupper og oppfylte krava i vedtektene. Kulturdekninga famnar både norsk og internasjonalt kulturliv, og NRK gir den norske kulturen ulikt rom og ulik profilering i dei ulike kanalane. Målgruppeinnretninga i hovudkanalane på radio- og tv-plattformene bidrar, saman med nisje- og spesialkanalane på radio, til ein variasjon i kva publikumsgrupper tilbodet rettar seg til – også ulike aldersgrupper.

Kulturtema som ofte har eit smalare publikumspotensial, er også ein del av tilbodet til NRK. Spesialkanalane på radio, som NRK Jazz, NRK Klassisk, NRK Folkemusikk, NRK P13 og NRK Urørt, bidrar til dette. Sjå også Medietilsynets vurdering og konklusjon i punkt 2.9.3. Underholdnings- og humorprogram på ulike plattformer bidrar dessutan til variasjon og breidde i kulturformidlinga til NRK, blant anna gjennom å dekke populærkulturelle tema. NRKs utgreiing viser at det er ei breidde i kulturformidlinga, der ein brei variasjon av kunstuttrykk frå mange ulike kunstnarar, uavhengige miljø og kulturinstitusjonar i Noreg, er representerte i formidlinga.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å tilby kulturstoff, inkludert eigne kulturprogram, til både smale og breie grupper. NRK oppfylte i 2024 også kravet om å ha eit løpande oppdatert tilbod innanfor kunst, kultur og underhaldning på nett.

2.9.2 Norsk drama og film

I 2024 publiserte NRK 20 dramaseriar for tv som til saman utgjorde rundt 123 timar norsk drama. Talet inkluderer både nye produksjonar og nye sesongar av etablerte seriar. NRK opplyser at sju av seriane blei produserte internt i NRK,³⁴ og 13 blei laga av ulike eksterne

³⁴ NRK opplyser at dei dramaproduserande avdelingane til NRK er NRK Drama, NRK Super, NRK Underhaldning og NRK P3.

produksjonsselskap. NRK forklarer at drama er ein viktig sjanger for å ta opp eit breitt utval samfunnsaktuelle tema, og at dramatilbodet er retta mot ulike målgrupper inkludert barn og unge. Ansvar NRK har for å stimulere det norske produksjonsmiljøet, resulterer i ein blandingsmodell av både interne og eksterne produksjonar som NRK meiner skaper eit større og meir variert innhaldstilbod til publikum. NRKs rapportering viser at dramaseriane dekkjer ein brei tematikk som bidrar til å spegle mangfaldet i det norske samfunnet. Det går også fram at NRK har som mål å bygge sterke relasjonar med publikum og skape gode sjåarvanar, noko NRK opplever med seriar med mange episodar og fleire sesongar, som *VGS*, *Familien Lykke*, *Makta*, *Lik meg* og *Lykkeland*.



Pia Tjelta speler Ingrid Nyman i serien *Lykkeland*. Foto: Majpo Film / NRK

Fleire av seriane til NRK er også nominerte til og heidra med prisar nasjonalt og internasjonalt i 2024. Serien *Dates in Real Life* fekk fleire internasjonale prisar, og dei tre barne- og ungdomsseriane *Fantus Musikantus*, *Superheltskolen* og *Lik meg* vann også ulike internasjonale prisar. Manusforfattarane Johan Fasting, Silje Storstein og Kristin Grue vann Nordisk Film & TV Fonds pris for *Makta* i 2024.

NRK bidrar til at nye stemmer får sleppe til, ved å arrangerer møteplassar for nye og uetablerte talantar. I 2024 samla arrangementet «Nye stemmer» rundt 40 deltakarar som fekk knyte kontakt med etablerte bransjefolk og mediehus. Les meir om dette i punkt 2.2.1 om «Nye stemmer». NRK Drama arrangerte også «Seriedagene» for niande gong i 2024 i samarbeid med Aftenposten Event, TV 2, Discovery, NFI, Produsentforeningen, Dramatikerforbundet og Filmforbundet. Under arrangementet fekk NRKs dramaavdeling 230 innspel til nye dramaseriar frå eksterne produksjonsmiljø, og 19 av desse var lyddrama. NRK opplyser at 26 dramaproduksjonar var under utvikling ved utgangen av 2024 – 19 eksterne og sju interne.

NRK har over fleire år hatt ein ambisjon om å stimulere det samiske produksjonsmiljøet og å utvikle samiskspråklege dramaseriar. Fleire divisjonar og avdelingar i NRK har samarbeidd om dette målet – i hovudsak NRK Drama, NRK Sápmi og eksternavdelinga. I 2024 hadde NRK premiere på tv-serien *Oro Jaska* som skildrar det å vere ung i Karasjok, og som NRK forklarer er den første ungdomsserien på nordsamisk. NRK viser til at *Oro Jaska* er eit

samarbeid mellom NRK Sápmi og NRK Drama, og serien er produsert av Alfred Film og TV og Feelgood SFT for NRK. NRK gjer greie for at *Oro Jaska* er basert på grundig utgreiing og djupneintervju med samisk ungdom og belyser kor mykje det kostar å snakke opent om overgrep og å vere skeiv i det samiske samfunnet. Les meir om denne serien i punkt 2.6.4 om tilbodet til unge på samisk. Eit anna nordsamisk tv-drama som har vore i produksjon i 2024, er *Heajastallan (Bryllupsfesten)*, som har premiere i 2026 og er produsert av dei eksterne produsentane Mer Film / Tordenfilm.

Av NRKs dramaseriar på tv i 2024 var *Bablo* (sesong 13–14), *Lik meg* (sesong 7 del 2), *Superkrim*, *Superheltskolen*, *Gnist*, *Cammo* (sesong 2), *Hellerudsvingen* og *Hjerte til hjerte* (sesong 3) laga internt i NRK. *Oro Jaska* er produsert av Alfred Film og TV og Feelgood SFT, *Våre beste år* er produsert av Feelgood SFT, *So long, Marianne* er produsert av Redpoint Productions, Connect 3 Media og Tanweer Productions, *Makta* (sesong 2) er produsert av Motlys og Novemberfilm, *Karsten og Petra* er produsert av Cinenord, *Klassen* (sesong 8) og *VGS* (sesong 13 og 14) er produsert av BBC Studios Nordic Norway, *Rykter* (sesong 3) er produsert av Mothership Entertainment, *Campingplassen* (sesong 2) er produsert av Monster Scripted, *Familien Lykke* er produsert av Seefood TV, og *Lykkeland* (sesong 3) og *Dates In Real Life* er produsert av Maipo Film.



Frå *Våre beste år*. Pernille Sørensen spelte mora (Siri Ihle), Cala Holmboe spelte dottera (Simone) og Tobias Solli Kaarfald spelte sonen (Ole Martin). Foto: Feelgood/NRK

NRK publiserer også lyddrama som ikkje-lineært og valbart innhald i NRK Radio. I 2024 produserte NRK internt ein ny påskekrim i seks episodar med tittelen *Rød løype*, noko som gav litt over to timar lyddrama totalt. NRK fortel at serien blei publisert i strøymetenesta NRK Radio, og at han blei nominert til fleire internasjonale prisar. Ein annan intern lyddramaproduksjon, *Nødsamtaler*, har også vore i produksjon i 2024, og serien er ifølge NRK inspirert av serien *Life Lines* på BBC 4. Den nye serien har premiere i NRK Radio i 2025. NRK har tidlegare gjort greie for at mens få lyttar til radioteater på lineær radio, veks interessa for gode historier på podkast. NRK opplyser at det i tillegg blei publisert

lyddramainnhald frå arkivet i NRK Radio i høgtider og feriar i 2024. Til saman blei det publisert 65 titlar i NRK Radio, 17 av produksjonane var for barn, ti var kriminaldrama og 38 var andre typar lyddrama. NRK publiserer all lyddrama under kategorien «høyrespel» på nrk.no.


NRK viser til nordiske og europeiske samarbeid om dramaproduksjonar. I 2024 hadde NRK premiere på åtte N12-seriar frå dei andre nordiske landa. Les meir om dramasamarbeidet N12 mellom NRK, YLE, RUV, DR og SVT i punkt 2.8.4. Det nye europeiske samarbeidet som skal gi åtte samproduserte dramaseriar årleg (New8), omfattar NRK, SVT (Sverige), DR (Danmark), YLE (Finland), RÚV (Island), VRT (Belgia), NPO (Nederland) og ZDF (Tyskland). NRK rapporterer at ein New8-serie frå Tyskland med tittelen *Pust!* blei publisert i 2024. I tillegg publiserte NRK to internasjonale samproduksjonar: det ukrainske dramaet *Vi som ble igjen* om tida etter invasjonen frå Russland og det tyske dramaet *Informant* om eit terrorangrep i Hamburg.



Den ukrainske dramaserien *Vi som ble igjen* skildrar ulike skjebnar frå dei første vekene av Ukraina-krigen. Foto: FILM.UA GROUP / NRK

NRK skal ifølge vedtektene legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet for tv til eksterne produsentar. Delen skal reknast ut frå rullerande treårsperiodar og som eit snitt over tre år. Det frie programbudsjettet for tv omfattar all investering i tv-innhald i eitt år, sett bort frå investering i nyheiter, sport, distriktssendingar, innhald frå NRK Sápmi og kjøp av visningsrettar til internasjonale produksjonar. Kravet blei tatt inn i NRKs oppdrag frå 2018, og i den første perioden frå 2018 til 2020 var snittet 42 prosent – altså godt over minstekravet. I den andre måleperioden frå 2019 til 2021 var snittet 43,8 prosent, i den tredje perioden frå 2020 til 2022 var snittet 45,2 prosent, og i den fjerde måleperioden frå 2021 til 2023 var snittet 46,8 prosent. I den femte måleperioden frå 2022 til 2024 ligg snittet på 49,7 prosent. Rapporteringa viser at NRK har auka utsettinga av produksjonar eksternt, og NRK opplyser at verksemda vil fortsette å kombinere eksterne og interne produksjonar for å levere eit sterkt og variert innhaldstilbod til publikum.

Figur 16 – kostnader til eksterne produsentar og andel av samanliknbar tv-ramme



Kjelde: NRK

NRK investerer også i andre eksterne produksjonar som ikkje er medrekna i oversiktene ovanfor, for eksempel eksternt produsert radio og podkast. I perioden 2020–2023 rapporterer NRK årlege investeringar i storleiken 25 til 29 millionar i radio- og lydinnhald.³⁵ Vidare nyttar ei rekke større NRK-produksjonar kompetanse frå eksterne produksjonsmiljø, som for eksempel *Mesternes mester* og *Stjernekamp*. NRK viser til at eksterne produksjonsmiljø i Noreg leverer innhald av høg kvalitet, og at det eksternt produserte innhaldet saman med det internt produserte bidrar til breidde og variasjon i samsvar med NRKs oppdrag og strategi. I perioden frå 2010 til 2024 har NRK meir enn dubla investeringane sine i eksterne produksjonar.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte krava om å formidle norsk drama og film og å stimulere norske produksjonsmiljø. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK oppfylte kravet om å legge ut minst 40 prosent av det frie programbudsjettet på tv i rullerande treårsperiodar frå og med 2018, med eit snitt på 49,7 prosent i den femte måleperioden frå 2022 til og med 2024.

2.9.3 Norsk og samisk musikk

NRKs breie musikkansvar blei styrkt i den siste endringa av vedtektene til NRK ved at det norske musikkoppdraget blei utvida til å gjelde for fleire av NRKs radiokanalar, og at

³⁵ 25,1 millionar kroner i 2020, meir enn 29 millionar kroner i 2021, 25,1 millionar i 2022 og 27,2 millionar kroner i 2023.

oppdraget om å fremme samisk musikk blei presisert.³⁶ Ansvarer NRK har for å fremme lokale komponistar og tekstforfattarar blei samtidig presisert.

Det er § 35 i vedtektene som rommar desse endringane og presiserer at NRK skal bidra til å fremme nye talent og lokale artistar, komponistar og tekstforfattarar. Vidare er det slått fast at minst 40 prosent av musikken som blir spelt på NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk, skal vere norsk med vekt på norskspråkleg eller norskkomponert musikk. Ansvarer NRK har for å fremme musikk frå samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar, er tatt inn i § 35, noko som er ei tydeleggjering av det etablerte kravet NRK allereie har hatt i mange år om å styrke dei samiske språka og samisk identitet og kultur. Krava til samisk musikk blir behandla i dette kapitlet, mens vurderinga av korleis NRK oppfyller dei andre krava til det samiske tilbodet, går fram av punkt 2.7. Ved vedtektsendringa fekk NRK også presisert ansvarer for å fremme musikk av talent frå nasjonale minoritetar i Noreg, og denne delen av § 35 er vurdert under punkt 2.8.3. Ansvarer NRK har for å ha eit fast orkester, blir vurdert i punkt 2.9.4.

I allmennkringkastarrekneskapen gjer NRK greie for at norsk og samisk musikk har vore løfta fram i 2024 gjennom ein overordna visjon om at «NRK elsker norsk og samisk musikk». Utgreiinga viser at både norske og samiske artistar, solistar, utøvarar og band er synleggjorde i tilbodet til NRK. Organisatorisk har NRK etablert ei musikkrådgivingsteneste i 2024 som skal løfte norsk og samisk musikk i tv- og podkastproduksjonane. I tillegg er det ifølge NRK etablert ein komponistpool i samarbeid med Norsk komponistforening, der norske komponistar kan melde kandidaturet sitt til å levere spesialkomponert musikk til NRKs produksjonar.

NRK leverer solid på kravet til norsk musikk i 2024 – som i 2023. NRK reknar norsk musikk som musikk av norske artistar/utøvarar, komponistar eller tekstforfattarar, eller som musikk med norsk språk. Tabell 12 viser at alle dei ti radiokanalane som er omfatta av krava, innfrir kravet om å spele minst 40 prosent norsk musikk. Norskandelen i NRK P1 var 55 prosent i 2024, eit nivå som har vore stabilt dei fem siste åra med 55,2 prosent i 2023, 54,8 prosent i 2022, 55 prosent i 2021 og 55,9 prosent i 2020. NRK P2 spelte 47 prosent norsk musikk i 2024, noko som tyder på at den positive trenden frå dei siste åra flatar litt ut etter toppåret 2023 med 49,5 prosent norsk musikk, mot 47,5 prosent i 2022 og 42,9 prosent både i 2021 og 2020. I NRK P3 var andelen norsk musikk 58 prosent, på same nivå som i 2023, 2022 og 2020, da andelane var høvesvis 57,7 prosent, 57,1 prosent og 57,8 prosent, og noko lågare enn 59,3 prosent i 2021.

For dei resterande sju radiokanalane starta tidsserien med målingar i 2023, og sett bort frå to av kanalane er andelane norsk musikk i 2024 prega av stabilitet samanlikna med året før. NRK Super og NRK Folkemusikk utmerkar seg med særleg høge norskandelar på høvesvis 90 og 98 prosent i 2024, stabilt med året før med høvesvis 89,5 og 96,6 prosent norsk musikk.

³⁶ Punkt 12.4.5 i Prop. 1 S (2022–2023) Kultur- og likestillingsdepartementet, jf. punkt 1.3, 6.4 og 6.5 i Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet*, som er ein analyse av NRKs bidrag til innhalds- og bruksmangfoldet, NRKs samarbeid med andre medieaktørar og konkurransemessige verknader av NRKs nyheits- og aktualitetstilbod på nett.

NRK Nyheter spelte 54 prosent norsk musikk i 2024, stabilt med året før da andelen var 53,3 prosent. I NRK P1+ og NRK mP3 var om lag halvparten av musikken norsk både i 2024 og i 2023, men andelen styrker seg noko i NRK P1 og er meir stabil i NRK mP3. Både NRK Sport og NRK P13 styrker leveransen av norsk musikk frå 2023 til 2024. I NRK Sport auka andelen frå 43,6 til 51 prosent norsk musikk, og i NRK P13 auka andelen frå 40,2 til 47 prosent.

Tabell 12 – andelen norsk musikk på NRKs kanalar i 2024 (tal i prosent)

Kanal	Norsk musikk	Norsk på norsk	Norsk komponist	Norsk tekstforfattar	Norsk utøvar
NRK P1	55	62	54	54	56
NRK P2	47	32	38	25	46
NRK P3	58	45	58	58	57
NRK P1+	52	81	37	41	50
NRK Super	90	92	73	77	88
NRK Nyheter	54	58	52	51	52
NRK mP3	49	44	50	48	47
NRK Folkemusikk	98	18	92	21	96
NRK Sport	51	57	52	51	51
NRK P13	47	30	46	45	48

Kjelde: NRK

I tillegg til kravet om at 40 prosent av musikken som blir spelt, skal vere norsk, har NRK ei plikt til å legge vekt på musikk som er norskspråkleg eller norskkomponert, i radiokanalane som er omfatta av kravet. NRK rapporterer spesifikke tal for norsk musikk på norsk, norsk komponist, norsk tekstforfattar og norsk utøvar. Tabell 12 viser kor stor andel av den norske musikken som er norskspråkleg på dei ti NRK-kanalane som er omfatta av kravet. Tabellen viser også kor stor andel av den norske musikken som har norsk utøvar. Tabellen viser vidare kor stor andel av musikken totalt som er norskkomponert, og kor stor andel av musikken totalt som har ein norsk tekstforfattar, på dei ulike radiokanalane.³⁷

³⁷ NRK har sidan 2021 nytta ein ny målemetode som skil mellom komponist og tekstforfattar, noko som gir betre innsikt i formidlinga NRK har av norsk musikk. Tidlegare rapporterte NRK eit totaltal for andelen som enten er norskkomponert eller har norsk tekstforfattar. Det er dette talet som i tidlegare tilsynspraksis er lagt til grunn for vurderinga av om NRK oppfyller kravet om å vektlegge norskkomponert musikk. Å registrere komponist (den som skaper musikkverket) og tekstforfattar (den som set eventuell tekst til musikken) kvar for seg, gir det ei betre innsikt i formene for norsk opphav i musikken som blir formidla. Utan samletalet er det likevel ikkje mogleg å ta stilling til kor mykje av den norske musikken som enten har norsk komponist eller tekstforfattar. For dei fleste musikksjangrane vil det førekomme både at den som komponerer musikken, også lagar teksten, og at dei som komponerer og lagar tekst, ikkje er dei same personane. Det vil også førekomme at musikk blir laga av personar med opphav i ulike land. Dei to prosentandelane for norsk komponist og norsk tekstforfattar kan derfor ikkje summerast, ettersom det ikkje ligg føre informasjon om eventuell overlapp i norsk opphav for dei to kategoriane. NRK har tidlegare rapportert om stabilt svært høge andelar for norsk komponist eller tekstforfattar for NRK P1 og NRK P3, på rundt 95 prosent eller meir. I NRK P2 har andelen av den norske musikken som var norskkomponert eller hadde norsk tekstforfattar, samla sett lege mellom 76 og 80 prosent sidan 2020 og fram til og med 2022. Sjå Medietilsynets tidlegare allmennkringkastingsrapportar på <https://www.medietilsynet.no/fakta/rapporter/kringkasting/allmennkringkastingrapporter-2004-dd/>

NRK P1 hadde ei hovudvekt av norsk språk i den norske musikken som blei formidla, med 62 prosent i 2024. Omfanget er relativt stabilt samanlikna med dei tre siste åra, med 60 prosent norskspråkleg musikk både i 2023 og i 2022. Meir enn halvparten av musikken som blei spelt i NRK P1, var norskkomponert i 2024. 54 prosent av NRK P1-musikken var norskkomponert, og 54 prosent hadde norsk tekstforfattar. 56 prosent hadde norsk utøvar. Fordelinga er relativt stabil samanlikna med dei to føregåande åra 2023 og 2022. NRK P2 hadde 32 prosent norskspråkleg musikk i 2024, noko som er ei utflating samanlikna med 34 prosent i 2023 etter ein auke frå 28,6 prosent i 2022. 38 prosent av musikken som blei spelt i NRK P2 i 2024, hadde norsk komponist, og 25 prosent hadde norsk tekstforfattar, noko som er svært stabilt samanlikna med 2023 og 2022. 46 prosent av musikken hadde norsk utøvar i NRK P2 i 2024, mot 49,2 prosent i 2023 og 47 prosent i 2022. 45 prosent av den norske musikken som blei spelt i NRK P3 i 2024, var norskspråkleg, ei lita styrking samanlikna med 2023 og 2022, da andelen var 43 prosent. Med 58 prosent var majoriteten av NRK P3-musikken i 2024 norskkomponert, og 58 prosent hadde norsk tekstforfattar. 57 prosent hadde norsk utøvar. Tala er stabile frå 2023 og svakt styrkte samanlikna med 2022.

NRK Super og NRK P1+ har dei høgaste andelane norskspråkleg musikk med høvesvis 92 og 81 prosent i 2024. Ettersom NRK Super har barn som målgruppe, er det naturleg å forvente at ein stor del av musikkinnhaldet blir formidla på norsk av norske utøvarar, og i 2024 var 88 prosent av utøvarane norske. Hovuddelen av musikken som blei spelt i NRK Super, nærmare bestemt 73 prosent, var norskkomponert, og 77 prosent hadde norsk tekstforfattar. Fordelinga er svært stabil samanlikna med 2023. NRK P1+ er kanalen i NRKs radiounivers som rettar seg mot ei godt vaksen målgruppe, og i overkant av halvparten av musikkutøvarane var norske. 37 prosent av musikken som blei spelt i NRK P1+, var norskkomponert, og 41 prosent hadde norsk tekstforfattar. Fordelinga er stabil samanlikna med 2024.

I NRK Nyheter og NRK Sport var nær 60 prosent av den norske musikken som blei spelt i 2024, norskspråkleg med høvesvis 58 og 57 prosent. Det er ein auke i den norskspråklege andelen av den norske musikken i begge kanalane samanlikna med 2023, da andelane var høvesvis 52 og 46 prosent. I NRK Nyheter var 52 prosent av musikken i 2024 norskkomponert, og 51 prosent hadde norsk tekstforfattar. I tillegg hadde 52 prosent norsk utøvar. Fordelinga er stabil samanlikna med 2023. I NRK Sport var 52 prosent av musikken som blei spelt i 2024, norskkomponert, mens 51 prosent hadde norsk tekstforfattar og 51 prosent hadde norsk utøvar i 2024 – mot høvesvis 43 prosent norskkomponert, 43 prosent norsk tekstforfattar, og 43 prosent med norsk utøvar i 2023. I NRK mP3 var 44 prosent av den norske musikken norskspråkleg i 2024, litt lågare enn i 2023, da andelen var 48 prosent. I NRK mP3 var 50 prosent av musikken i 2024 norskkomponert, og 48 prosent hadde norsk tekstforfattar – om lag på same nivå som i 2023. 47 prosent av musikken hadde norsk utøvar i 2024, mot 49 prosent i 2023.

Dei lågaste andelane norskspråkleg musikk hadde NRK P13 med 30 prosent og NRK Folkemusikk med 18 prosent. I NRK Folkemusikk var samtidig heile 92 prosent av musikken norskkomponert i 2024, og 96 prosent hadde norsk utøvar. Berre 21 prosent av musikken hadde norsk tekstforfattar i NRK Folkemusikk. Den låge andelen norske tekstforfatarar har NRK Folkemusikk til felles med NRK P2. Ei av årsakene er at mykje av musikken som blir spelt, er instrumentalmusikk. I NRK P13 var 46 prosent av musikken norskkomponert i 2024,

og 45 prosent hadde norsk tekstforfattar. Det er ein auke frå 2023, da både andelen norskkomponert musikk og andelen musikk med norsk tekstforfattar var 39 prosent. 48 prosent av musikken som blei spelt i NRK P13 i 2024, hadde norsk utøvar, mot 40 prosent i 2023.

NRKs statistikk viser samla at NRK la vekt på norskspråkleg og norskkomponert musikk i NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk i 2024.

NRK gjer greie for korleis dei seks timars sendeflatene med direktesend radio morgon og ettermiddag på NRK P1 alle kvardagar er viktige for formidlinga av lokal kultur og musikk. Desse sendeflatene byr ifølge NRK på intervju med lokale artistar og komponistar som er aktuelle i nyheitsbildet eller som deltar i lokale arrangement. Lokale artistar er også ein del av musikkmixen i dei ulike distriktssendingane, rapporterer NRK. Lokal musikk blir i tillegg formidla direkte frå aktuelle hendingar eller arrangement i dekningsområda eller ved omtale av enkelte artistar. Dei to distriktskontora NRK Vestland og NRK Buskerud arrangerte kvar sine lokale musikkåringar i 2024. Saman med lokale aktørar i Sogn og Fjordane delte NRK Vestland ut Luttprisen, og NRK Buskerud deltok i eit felles tiltak for «Hjerte for Buskerud», der eit av arrangementa var ei kåring av den beste låten frå fylket.



I serien *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu* treffer vi Brage Bjørnebekk som bur aleine på ein aude familiegard i Trysil. Foto: Torje Bjellaas / NRK

Lokale artistar blei også formidla i fleire nasjonale programproduksjonar i 2024. NRK nemner serien *Her lukter det fesk*, som blei produsert av region Nord, der programleiaren i programmet Bilal Saab hadde med seg ulike artistar som gjester, og i hovudsak lokal musikk frå desse artistane blei brukt. 2024-sesongen av serien *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu*, produsert av region Vest, brukte musikk frå ein sogndalsmusikar. NRK forklarar at det over mange år er nytta eigenkomponert musikk frå lokale musikarar i denne serien. Region Vest produserte også *TV-aksjonen* i 2024 med musikk laga av den lokale bergensmusikaren

Kato Ådland. Lokal musikk og lokale utøvarar blei i 2024 løfta fram i nokre av podkastane frå distriktskontora. Nokre eksempel frå NRK er seriane *Bibelen* og *Mysterier fra Norge* og podkasten om *Vassendgutane*.

NRK gjer greie for at prosjektet *NRK-scenen* bidrar til direkte overføringar frå eit breitt spekter av konsertar og arrangement over heile landet. NRK-scenen fekk i 2024 produsere musikk frå Slottet med blant anna kommersiell pop med Arif og Gabrielle og klassisk musikk med cellisten Amalie Stalheim. Andre musikalske direkteoverføringar var *Fay Wildhagen med venner i samarbeid med P3 Gull*, *Gjenfødt kultur med Ravi* frå Øyafestivalen og Deramerikanske og afrikanske rytmar med Gabba. I 2024 rapporterer NRK i tillegg om fleire musikalske samarbeidsprosjekt som *Jazzeventyret*, *Gratulerer med dagen* (17. mai), *Kvelden før kvelden*, *P3 Gull*, og *Her lukter det fesk*.



Programleiar Nadia Hasnaoui leidde oss gjennom 17. mai-programmet *Gratulerer med dagen* saman med Kirsti Falch-Nilsen og Noman Mubashir. Foto: Ole Kaland / NRK

Både NRK P3 og NRK mP3 løftar fram nye låtar frå norske artistar kvar veke og løftar også fram samiskspråkleg musikk gjennom radiolisting. NRK rapporterer at 31 av dei 50 mest spelte låtane på NRK P3 var frå norske artistar i 2024. Ella Maries song «Gii Gielista» var på A-lista i 2024, og i fjerde kvartal var den femte mest spelte låta på NRK P3 samiskspråkleg. Den etablerte musikkonkurransen *P3 Gull* har gjennom dei siste tolv åra fremma nye norske artistar, i 2024 tok NRK prosjektet bort frå lineær tv-sending. NRK forklarar at *P3 Gull* blei formidla gjennom heile november månad i fleire ulike format gjennom konsertar, direkte- og førehandsinnspelte videoar og publikumsavstemmingar på sosiale medium og kulminerte med direktesend finale og prisutdeling. NRK erfarer at *P3 Gull 2024* på denne måten gav ei meir heilskapleg oppleving framfor ein enkelt kveld. Det blei også laga ein «bakomfilm» som

følgde artistane gjennom heile hausten. Den etablerte satsinga *Urørt* fremmar nye norske artistar kvar veke med over 400 låtar kvart år. Det er ei brei sjangerspreiing frå pop, rock, metal, hiphop, jazz, elektronika, R&B, soul, visesong med meir. NRK gjer greie for at redaksjonen har eit mål om å løfte artistar frå heile landet. Kvart år blir *Urørt*-finalen formidla i ei direktesending, og i 2024 blei trønderrapparen Anakin Justin kåra til Årets *Urørt*. *Urørt* hadde også fleire eksterne samarbeid i 2024, som med X2 Festival i Volda, by:Larm i Oslo, Trondheim Calling, Vill Vill Vest i Bergen, Høllafæst i Svolvær, Stavernfestivalen ved Larvik, Neon i Trondheim, SPOT i Århus i Danmark, og Eurosonic i Groningen i Nederland.

NRK P3 var ifølge NRK også til stades på ei rekke festivalar i 2024, og NRK gir fleire eksempel på dette. NRK har laga reportasjar og sendt konsertopptak frå blant anna Hamsundagene, Oslo Kirkemusikfestival, Festspillene i Bergen, NM i janitsjar i Trondheim, Vossa Jazz, Moldejazz og Bodø Jazz Open i 2024. Kringkastingsorkesteret (KORK) har bidratt med fleire produksjonar i samarbeid med NRKs musikkavdeling i 2024. NRK beskriv samarbeidet mellom KORK, musikkavdelinga og Urix-redaksjonen hausten 2024 om Nobelsendinga. Konserten *Vi hyller Nobels fredsprisvinner* blei send direkte frå NRKs Studio 2, der KORK spelte saman med japanske Karin Nakagawa på koto, Karoline Krüger, Jarle Bernhoft og den fleirkulturelle barnegruppa Fargespill. Målet med konserten var å bidra med kunnskap om fredsprisvinnaren Nihon Hidyankyo, som er ein japansk organisasjon som arbeider for dei overlevande atombombeofra frå Hiroshima og Nagasaki. KORK hadde fleire urframføringar frå andre orkester i sitt program i 2024, eksempelvis «Brent» av Eivind Buene, «Et hav av stemmer» med Solistkoret som framførte musikkstykke av Bente L. Thorsen, Lars Petter Hagen og Gunnar Eriksson, og Terra Incognita av Erlend Apneseth Trio og BIT20 Ensemble. Les meir om programmet og konsertane til Kringkastingsorkesteret i punkt 2.9.4

I 2024 har NRK vidareført satsinga frå 2023 med å gi folkemusikksjangeren eit løft på alle plattformer, da i anledning Folkemusikkens år og det at organisasjonen FolkOrg fylte 100 år. NRK fortel at det har vore ei auka interesse for folkemusikk over heile landet, og tilskriv dette engasjementet tv-serien *Trollstermt* som gjennom portrett av unge folkemusikkutøvarar nådde eit breitt og ungt publikum. I 2024 har det også vore meir folkemusikk i NRKs tilbod, der folkemusikkredaksjonen har arbeidd tett med folkemusikkmiljø over heile landet. NRK produserte 43 nye *Folkemusikktimen*-program til NRK P2 og strøymetenesta NRK Radio i 2024. Seks av programma var via konseptet *Min folkemusikk*, der kjende folkemusikarar deler og fortel historier om folkemusikken som betyr mest for dei. Landskappleiken på Gol, Folkelarm i Oslo og Landsfestivalen i gammaldansmusikk i på Vestnes blei dekte i *Folkemusikktimen*, som også laga temaprogram om folkemusikken til ungdommen, kappleikhistorie i USA og den norske og den amerikanske gammaldansen, og program om tonalitet på gamle langeleikar, reinlendersafari og folkemusikksafari på Helgeland. Den reine musikk-kanalen NRK Folkemusikk spelar nesten berre norsk og samisk musikk og er oppdatert med nye utgivingar og meir mangfald med formaterte flater for gammaldans og for ny norsk folkemusikk. Eigne temasendingar er laga gjennom 2024 med tolv ulike utgåver av Draumkvedet i løpet av ein dag, samisk musikk på nasjonaldagen til samane, kvensk musikk på kvenfolkets dag og markeringar av dei eigne dagane til skogfinnane og rom- og romanifolket. Engasjementet til ein eigen frilans folkemusikkmeldar er forlengt i 2024 og styrker slik den kritiske dekninga av denne sjangeren.

NRK P2s faste jazzprogram *Jazzklubben* dekker norske jazzutøvarar, nye plateutgivingar og norske jazzfestivalar. NRK forklarar at den journalistiske dekninga tar omsyn både til at ung norsk jazz skal vere ein del av dekninga, og til kjønnsbalanse, og omfattar viktige hendingar både frå Noreg og utlandet. Programmet fekk auka oppslutninga si med over 25 prosent i 2024 samanlikna med føregåande år, rapporterer NRK. Festivalane Nattjazz i Bergen, Oslo Jazzfestival, Moldejazz, Kongsberg Jazzfestival, Sildajazz i Haugesund, Polarjazz i Longyearbyen og Vossa Jazz blei dekte med journalistisk nærvær og overføringar i 2024. Redaksjonen NRK Jazz bidrar gjennom eit breitt nettverk til eit heilskapleg bilde av jazzen i Noreg i dag, og i mai 2024 var seks timar i NRK P2 vigde til formidling av norsk jazzhistorie. Redaksjonen i *Jazzklubben* er ifølgje NRK ein del av NRK P2-programmet *Musikklivet* og bidrar til at norsk og internasjonal jazz også blir dekt i dette aktualitetsprogrammet.

Musikkaktualitetsprogrammet *Musikklivet* blei sendt kvar veke på NRK P2 i 2024 og la ifølgje NRK mest vekt på norsk musikkliv. I programmet blir gjester inviterte inn for å fortelje om nye plateprosjekt, festivalsatsingar og større samarbeid. NRK forklarar at musikkjournalistane i NRK P2 fortel om og vurderer musikksgangane jazz, klassisk, samtidsmusikk, global musikk og norsk folkemusikk i tillegg til aktuell populærmusikk. Musikkmeldarane i NRK vurderer jamleg operapremierar, norske urframføringar av symfoniorkestra og plateutgivingar, og det blir lagt vekt på å dekke yngre norske artistar i desse musikkmeldingane. NRK viser til at det er eit mål at programmet *Musikklivet* dekker viktige hendingar i heile landet. I tillegg til ei brei dekning av dei særskilde satsingane i kulturhovudstaden Bodø i 2024, har programmet dekt fleire festivalar, som Festspillene i Bergen og Oslo World.

Kvar veke sender NRK P2 *Bluesasylet* som formidlar tema knytte til blues, soul og tilgrensande sjangrar. I 2024 hadde *Bluesasylet* 42 nyproduksjonar, og det er laga eigne versjonar av nokre av temaa som har blitt formidla i programmet *Musikklivet*. NRK opplyser at *Bluesasylet* legg vekt på formidling av norske musikarar og norske gjester.



Pianisten Jon Balke besøker Knut Reiersrud i *Blues-asylet*. Foto: NRK

Programmet *Musikkreisen* dekker den globale musikken og følger det fleirkulturelle musikkfeltet i Noreg. I 2024 løfta programmet fram fleire samiske musistar, blant anna gjennom dekninga av nytt album frå Mari Boine, nytt album og julekonsert med Kaja Balto og musikken til Katarina Barruk. I samband med at Bodø var europeisk kulturhovudstad i 2024, dekte *Musikkreisen* Hamsundagene på Hamarøy med særleg vinkling på korleis Hamsun speglar den nordnorske minoritetskunsten. I *Musikkreisen* blei hovudverket under Hamsundagene, der ny samisk musikk akkompagnerte stumfilmen «Markens grøde» frå 1921, belyst gjennom både intervju og musikk. Det blei også gjort fleire intervju med kvenske artistar under Hamsundagene, rapporterer NRK. *Musikkreisen* formidla også fleire artistar som deltok på festivalar som det verdsomspennande bransjetreffet Womex, Roskilde-festivalen og Oslo World. NRK fortel at tema og musikk frå land som ikkje blir sette på dagsordenen så ofte, har ein naturleg plass i *Musikkreisen*. I 2024 har programmet formidla musikk frå Mali, Elfenbeinskysten og Guatemala, i tillegg til musikk frå eksempelvis Ukraina, Palestina og Libanon. NRK forklarar at programmet også har formidla stemmer frå israelsk og russisk musikkliv.

NRK P2s *Spillerom* er eit samtidsmusikkprogram som dekker nye musikalske uttrykk og som blei sendt kvar veke i 2024. Programmet byr ifølge NRK på intervju, reportasjar og meldingar av nye verk og legg vinn på å løfte nye generasjonar og ha ein god kjønnsbalanse. I 2024 har redaksjonen løfta fram komponistane Egil Hovland og Edvard Fliflet Bræin i eigne portrettprogram og fleire norske urframføringar. *Spillerom* dekte også dei to samtidsmusikkfestivalane Borealis i Bergen og Ultima i Oslo, komponistsatsingane til Festspillene i Bergen og KODE-museet med både redaksjonelle innslag og musikkutdrag frå konsertane. I tilknytning til samtidsfestivalane Borealis (Bergen) og Ultima (Oslo) formidla *Spillerom Søndag* fleire reportasjar og intervju. Programma dekte også dei viktigaste musikkprisane i Noreg, som komponistprisane til TONO, Spellemannsprisen og Nordisk Råds musikkpris.

NRK gjer samla sett greie for ei brei dekning av ulike klassiske musikkfestivalar i 2024 med konsertopptak og reportasjar. NRK forklarar vidare at innhaldet har blitt publisert i eit eller fleire av programma i radiokanalen NRK Klassisk eller i programma *Musikklivet* og *Spillerom Søndag*. Programmet *Klassisk vorspiel* var ifølge NRK på fleire reportasjereiser i 2024, til årets europeiske kulturhovudstad Bodø og til Festspillene i Bergen. *Klassisk vorspiel* blei i 2024 sendt både i NRK Klassisk og i NRK P2 kvar veke, og bydde ifølge NRK på ei musikalsk sjangerbreidde frå pop til klassisk og intervju med aktuelle gjester frå norsk teater, musikal, opera og musikkliv. Radiokanalen NRK Klassisk sender ifølge NRK brei, tilgjengeleg klassisk musikk på kvardagane og journalistisk utarbeidd program i helgane når lyttarane har betre tid til fordjuping. NRK rapporterer at populære program i kanalen er *Rebus*, *Ring inn musikken* og *Min favorittmusikk*. Dei to førstnemnde programma bygger på interaktivitet med lyttarane, og i *Min favorittmusikk* deler musikk- og samfunnsprofilar opplevingane sine av den klassiske musikken. NRK Klassisk har ei fast konsertflate der det kvar veke gjennom heile året blir sendt konsertopptak frå Oslo, Bergen, Stavanger, Bodø, Kristiansand og Trondheim. NRK fortel at urframføringar har blitt prioriterte i 2024, og at KORK har hatt ei eiga flate med konsertar kvar veke. Redaksjonen i NRK Klassisk var i 2024 til stades på fleire av dei norske musikkfestivalane, for eksempel Oslo internasjonale musikkfestival, Festspillene i Bergen og festivalar under paraplyen Europeisk Kulturhovudstad Bodø. Under julehøgtida la NRK Klassisk hovudvekta på tradisjonsrike

norske julesongar, og NRK fortel at juleinnhaldet gav kanalen eit publikumsløft i desember 2024. NRK Klassisk hadde også temadagar knytte til valentinsdagen og halloween i 2024 der musikken var tileigna høvesvis kjærleik og skrekk.

Hovedscenen er NRKs viktigaste tv-program for klassisk musikk og tilbyr norske og internasjonale klassiske konsertar og dokumentarar – både gjennom innkjøp og gjennom eigenproduksjonar av KORK. I 2024 blei 17 nye produksjonar med norsk orkester eller norsk solist viste i *Hovedscenen*. NRK nemner urframføringa av den samiske komponisten Jakob Janssønns verk «Tilbakeføreren» med Arktisk Filharmoni og Ibsens «Vildanden» med Nasjonalballetten som to av høgdepunkta i 2024. Redaksjonen til *Hovedscenen* formidla også store internasjonale arrangement med klassisk musikk på NRK1 i 2024, slik som Nyttårskonserten frå Wien (ORF), Last Night of the Proms (BBC) og Festkonsert for Notre-Dame (France Télévisions).

I samarbeid med Bodø2024 dekte NRK festopninga av året som europeisk kulturhovudstad i februar med overføring frå førestillinga og intervju på kaia med programleiar Silje Nordnes på NRK1. NRK samarbeidde også med Bodø2024 og EBU om å arrangere den europeiske finalen av musikkonkurransen Eurovision Young Musicians, som er ein konkurranse for unge musikarar mellom 17 og 21 år. I 2024-finalen deltok musikarar frå elleve europeiske land, og KORK bidrog under førestillinga som ifølge NRK blei kringkasta i alle landa som hadde deltakarar med i konkurransen. NRK gjer også greie for fleire store konsertformidlingar i 2024, slik som utandørskonserten til Oslo Filharmoniske Orkester på Slottsplassen, festkonserten med KORK og fleire artistar i Operaen i anledning markeringa av 50-årsjubileet til Oslo Pride, 25-årsfeiringa til rapgruppa Tungtvann med KORK frå Operaen, 60-årsfeiringa av Ole Ivars og KORK i Oslo Spektrum og Kari Svendsens visekonsert frå Riksscenen.

2024 spelte NRK Sámi radio både eldre og ny samisk musikk gjennom heile døgnet, og det går fram at det i tillegg blir spelt sjangerrelevant samisk musikk i andre flater på NRK. NRK gjennomførte Sámi Grand Prix saman med SVT i 2024, og det er andre gongen musikkonkurransen blei direktesend. Sámi Grand Prix er ifølge NRK ei viktig scene for Sápmis musikk, der finske, norske og svenske deltakarar konkurrerer med heilt nye bidrag i dei to kategoriane song og tradisjonell joik. Årets julekonsert på NRK var i 2024 for første gong på samisk og kom i stand gjennom eit samarbeid mellom NRK, KORK, den samiske artisten Kajsa Balto og Den Norske Opera og Ballett. Les meir om julekonserten i punkt 2.9.4.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK bidrog til å fremme nye talent og lokale artistar i 2024. NRK oppfylte også det utvida kravet om at minst 40 prosent av musikken i NRK P1, P2 og P3, NRK P1+, NRK P13, NRK mP3, NRK Nyheter, NRK Sport, NRK Super og NRK Folkemusikk skal vere norsk. Samla vurderer Medietilsynet at dei ti radiokanalane la vekt på norskspråkleg og norskkomponert musikk i den musikken som blei formidla i 2023.

Medietilsynet vurderer også at NRK oppfylte kravet om å fremme musikk frå samiske artistar, komponistar og tekstforfattarar i 2024.

2.9.4 Eit fast orkester

NRK har krav om å ha eit fast orkester som skal dekke alt frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk. Ifølge NRK er målet, ambisjonen og strategien for Kringkastingsorkesteret (KORK) forankra i visjonen «heile landets orkester». Dette inneber at samarbeid med interne og eksterne aktørar er avgjerande både teknisk, økonomisk og musikalsk. For å nå målet inngår KORK samarbeid med lokale aktørar, som konserthus, festivalar og kommunar, og orkesteret har bidratt til mange konsertproduksjonar for radio og tv. Nokre eksempel på eksterne samarbeid i 2024 er Kongsbergs 400-årsjubileum på Glogerfestspillene med Beethovens 9. symfoni, samtidsmusikk på Interpuls og Only Connect-festivalane i Oslo og 1000-årsjubileet for kristninga av Noreg. KORK har også vore orkester i finalen av Eurovision Young Musicians for unge klassiske talantar, i 25-årsferinga av norsk hiphop i Operaen i Oslo og med Ole Ivars' siste konsert i Oslo Spektrum. Ei rekke andre norske artistar innanfor ulike musikalske sjangrar har også samarbeidd med KORK i 2024. NRK forklarar at prosjekt for barn og unge er viktige for KORK. I 2024 samarbeidde KORK med Den kulturelle skolesekken, De Unges Orkesterforbund og Noregs musikkhøgskole. Eit anna eksempel på eksternt samarbeid er at *Nyttårskonserten* med KORK blei formidla både gjennom NRKs og Aftenpostens redaksjonelle plattformer.



Kringkastingsorkesteret i Store studio juni 2024. Foto: Turi Grønbech / NRK

Samtidig har KORK først og fremst eit utstrekt samarbeid med andre avdelingar i NRK. 2024 er det tredje året KORK er med i ein samredaksjon mellom musikkredaksjonen i KORK og NRK Musikk, noko NRK rapporterer at styrker og tydeleggjer musikk samarbeidet og aukar samhandlinga om program. I 2024 samarbeidde KORK med NRK Sport om ein konsert med klassisk musikk knytt til ulike sportsgreiner, med Urix om Nobels fredspriskonsert, med *Abels Tårn* og forskningseininga RITMO ved Universitetet i Oslo som målte pulsen, hjarterytmen og augerørslene til musikarane mens dei spelte, og med *Etikketaten* om ein konsert som omkransa ein debatt om dei sju dødssyndene.

NRK forklarer at mangfold og identitet har vore førande for programlegginga til KORK i 2024, og at KORK fekk NRKs mangfaldspris for dette. I 2024 vidareførte NRK konsertserien om nasjonale minoritetar med *Kvenfoni*, med symfonisk musikk av Arve Henriksen og diktlesing av den kvenske skodespelaren Ivar Beddari. I samarbeid med Den Norske Opera og Ballett og Oslo Pride løfta KORK også afroamerikansk klassisk musikk, og den årlege konserten på Ultimafestivalen var dedikert til sensurerte og forfølgde kunstnarar. Den årlege julekonserten vigde KORK til samisk musikk med Kajsa Balto. Nokre av dei andre tv-sende konsertane i 2024 var *Virtuos*-finalen frå Store Studio, *Jaga Jazzist 30 år*, *Reinspikka – 25 år med hip hop på norsk*, og Trondheimsnatt med Åge Aleksandersen og Sambandet frå Sverresborg.

NRK viser til at alt KORK gjer, skal sendast og gjerast tilgjengeleg for eit størst mogleg publikum, og helst på fleire plattformer. I 2024 laga KORK 206 produksjonar og heldt 50 konsertar og 9 urframføringar. Dei 50 konsertane fordelte seg med følgande musikksgjangerar: 29 klassisk, 12 pop og ni blanda klassisk og pop. 34,3 timar blei produserte for tv, 213 timar for radio og ti timar for strøyming. Det var fire albuminnspelingar. KORK hadde 132 interne samarbeid og 33 eksterne samarbeid i 2024. Blant faste programflater nemner NRK *Meloditimen* i NRK Radio og på P1+, *På konsert med KORK* i NRK Radio og på NRK Klassisk, *KORK – hele landets orkester* i NRK TV og på NRK2 tolv laurdagar i året og *KORK – hele landets orkester spesial*.

Ved utgangen av 2024 tilsette NRK ein ny kvinneleg sjefsdirigert, Holly Hyun Choe, som tiltrer i 2026.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å ha eit fast orkester som dekker eit breitt repertoar frå underhaldningsmusikk til symfonisk musikk.

2.9.5 Ei brei sportsdekning

NRK har krav om å ha sportssendingar som dekker store idrettshendingar og breidda i norsk idrettsliv, inkludert idrettsøvingar for personar med funksjonsvariasjonar. NRK skal også ha eit løpande oppdatert sportstilbod på nett.

Strategien til NRK Sport er å skal skape dei store fellesopplevingane for det norske folket gjennom levande bilde og lyd. Nyheitsoppdraget skal oppfyllast gjennom kontinuerleg nyheitsdekning på nett og gjennom sendingar på radio og tv. NRK Sport har som eit strategisk mål peikt ut vinteridrett, fotball, friidrett og paraidrett og breiddeidrett som sentrale satsingsområde. NRK oppgir at både rettsporteføljen og organiseringa av NRK Sport blei justert med omsyn til dei nemnde satsingsområda i 2024.

NRK viser til eit omfattande samarbeid med kommersielle mediehus om deling av rettar til fleire ulike sportshendingar. Eit par eksempel på avtalemessige samarbeid i 2024 var EM i fotball for menn, der NRK og TV 2 delte rettar og samarbeidde redaksjonelt om dekninga av sjølve meisterskapet. NRK, TV 2 og Amedia delte rettane til norsk fotball og samarbeidde redaksjonelt om promotering og eksponering av norsk fotball. Amedia og NRK hadde eit samarbeid om produksjonar og visning frå fleire friidrettsstemner i Noreg. NRK og TV 2 delte rettane til verdscuprenn i nordiske greiner i Noreg og alle verdscuprenn i skiskyting frå heile verda. Vidare kjøpte NRK ut friidrett og magasinrettar til OL i Paris frå Warner Bros.

Discovery. NRK fekk gjennom eit samarbeid med VG høve til å sende VM på skøyter, enkeltdistansar.

NRK skal dekke store idrettshendingar, og i 2024 sende NRK blant anna VM i skiskyting, Diamond League (friidrett), friidrett frå OL i Paris og EM i fotball for menn.

NRK skal vidare dekke breidda i norsk idrettsliv, inkludert idrettsøvingar for personar med funksjonsvariasjonar. NRK viser til at breiddeidrett og paraidrett er definert som to av dei særskilde strategiske innhaldsområda for NRK. NRK hadde sendingar frå para-øvingar under NM-veka og i sesongopninga på ski på Beitostølen. Vidare hadde NRK eit stort team som følgde dei paralympiske leikane i Paris, med nyheiter på nett og fleire timar lange direktesendingar kvar dag på radio og tv.

Innanfor både paraidretten og breiddeidretten satsa NRK også i 2024 på NM-veka, som blei arrangert på vinterstid, der andre del av norgesmeisterskapet på ski blei inkludert. NRK valde også å framheve nye OL-greiner som buldring, randoné og breaking. Vidare sende NRK frå NM-finalane i badminton, flugekasting, bordtennis, hundekøyring, kortbane-skøyter og hiphop. NRK sende direkte på tv frå EM i sykling og sende Tour de France og VM i sykling direkte på radio.



I *Bakrommet* møter Emil Gukild, Andrine Hegerberg, Kristoffer Løkberg og Åge Hareide dei største fotballstjernene. Her er Ole Gunnar Solskjær på besøk. Foto: Fredrik Saltbones / NRK

I 2024 sende NRK Sport 2135 timar sport, ein nedgang på 148 timar frå 2283 timar i 2023. NRK Sport er ein døgntinuerleg radiokanal som også sender musikk. På NRK1 blei det i 2024 sendt 749 timar med sport. Etter at antal timar sport i 2021 og 2022 låg på eit stabilt nivå tilsvarande nivået før pandemien (der det var ein stor nedgang i talet på sendetimar

med sport), var det i 2023 ein nedgang på 141 timar frå 938 timar i 2022 til 797 timar i 2023. Nedgangen fortsette med 48 timar frå 2023 til 2024. Det blei blant anna vist fotball, friidrett, langrenn, sjakk og motorsport på NRK1 i 2024. Totalt ti prosent av sendeflata for sport på NRK1 bestod av sendingar knytte til paraoppdraget.

NRK peiker på at publikumsvanar endrar seg i retning av digitalt og ikkje-lineært innhald, noko som gjer at NRK har intensivert arbeidet med auka nærvær på dei digitale plattformene nrk.no, NRK TV og NRK Radio. NRK Sport la vekt på nyheitsoppdraget på nrk.no. Samtidig rapporterer NRK at dei store sportshendingane sommaren 2024 bidrog til å auke bruken av NRK TV og NRK Radio, sjølv om det ofte er lågare bruk av desse på sommaren. Slik sett nådde NRK også ut med anna innhald på desse plattformene gjennom sesongen. Vidare la NRK vekt på djupnejournalistikk og avslørande historier på alle plattformer gjennom podkastane *Skiklubben* og *Bakrommet*. *Bakrommet* blei lansert hausten 2024 og handlar om fotball. NRK trekker fram at spesielt episoden med Ole Gunnar Solskjær som gjest fekk stor merksemd, da dette var første gongen han snakka med norske medium etter at han fekk sparken som manager for Manchester United i 2021.

NRK viser til at dei i aukande grad også legg vekt på å interagere med publikum. Blant anna hadde NRK nyvinninga *Gjettekongen*, der publikum kunne delta i spørsmåls- og gjettekonkurransen under verdsmeisterskapet i lyn- og hurtigsjakk romjula 2024. For dekninga av dette meisterskapet vann NRK prisen «Årets LIVE» under Sportsjournalistkonferansen i Bergen.


Undersøkande journalistikk er eit satsingsområde for NRK Sport, som har etablert ei eiga dedikert gruppe til dette. NRK leiar også eit redaksjonelt fordjupingssamarbeid bestående av journalistar i Sveriges Television, Danmarks Radio og finske YLE. NRK publiserte ei rekke saker i 2024 der temaa blant anna var fysiske og psykiske helseproblem i kvinneidrett, ytringsfridom for muslimske utøvarar, rommet for å stå fram som homofil i ishockeymiljøet og dopingavsløringar i norsk fjelløping. I slike saker publiserte NRK på alle plattformer, og fleire av sakene var eit resultat av det nordiske samarbeidet.

Tabell 13 – dekning av sport på NRK 1 i 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Fotball	167	21,0 %	127	16,9 %
Friddrett	103	12,9 %	96	12,8 %
Langrenn	103	12,9 %	59	7,9 %
Skiskyting	81	10,2 %	56	7,4 %
Hopp	46	5,8 %	29	3,8 %
Alpint	17	2,2 %	22	2,9 %
Sjakk	32	4,0 %	21	2,8 %
Kombinert	31	3,9 %	13	1,8 %
Skøyter*	-	-	6	0,8 %
Motorsport	6	0,7 %	3	0,4 %
Annan sport og sportsnyheiter	192	24,1 %	254	33,9 %
Diverse program om sport	18	2,3 %	63	8,5 %
Sum	797	100 %	749	100 %

Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk (*Skøyter var ikkje eigen kategori i 2023)

Figur 17 – dekning av sport på NRK 1 i 2024 (tal i prosent)




Kjelde: Kantar Media, TVOV-undersøkinga og NRK Statistikk

Tabell 14 – dekning av sport på NRK Sport i 2023 og 2024 (tal i timar og prosent)

	Timar 2023	Prosent 2023	Timar 2024	Prosent 2024
Fotball	786	34,4 %	916	42,9 %
OL i Paris	0	0 %	204	9,6 %
Langrenn	179	7,8 %	194	9,1 %
Friidrett	89	3,9 %	124	5,8 %
Skiskyting	104	4,6 %	103	4,8 %
Sykkel	81	3,5 %	61	2,9 %
Handball	60	2,6 %	60	2,8 %
Paralympics	0	0 %	56	2,6 %
Hopp	79	3,5 %	45	2,1 %
Alpint	47	2,1 %	21	1,0 %
Kombinert	28	1,2 %	15	0,7 %
Diverse program om sport	830	36,4 %	336	15,7 %
Sum	2 283	100 %	2 134	100 %

Kjelde: Nielsen, PPM

Figur 18 – dekning av sport på NRK Sport i 2024 (tal i prosent)



Kjelde: Nielsen, PPM

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 har hatt sportssendingar som oppfyller kravet om å dekke både breidda i norsk idrettsliv og store idrettshendingar. NRK har også dekt idrettsøvingar for personar med funksjonsvariasjonar. Ut frå NRKs framstilling av leveransen av sportsnyheiter på nett vurderer Medietilsynet at NRK også oppfylte kravet om ei løpande oppdatert dekning av sport på nett.



Tilgjengeligheit og beredskap i NRK

2.10 Tilgjengelegheit og beredskap

Vedtektene:

§ 15 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være tilgjengelig for hele befolkningen. NRK skal ta hensyn til funksjonshemmede ved utformingen av sitt tilbud.

§ 23 NRK skal ha et særlig beredskapsansvar. NRK skal legge til rette for at styremaktene kan nå ut til befolkningen med informasjon ved nasjonale kriser. NRK skal i slike situasjoner også tilstrebe å opprettholde en omfattende nyhetsdekning og et bredt allmennkringkastingstilbud som dekker befolkningens behov for oppdatert informasjon.

§ 24 NRK skal være til stede på, og utvikle tjenester på, alle viktige medieplattformer, herunder Internett, for å nå bredest mulig ut med sitt samlede programtilbud.

§ 30 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være gratis tilgjengelig for hele befolkningen på minst én distribusjonsplattform. NRK skal ikke kreve betaling fra befolkningen for allmennkringkastingstilbudet. Dette er likevel ikke til hinder for at den enkelte selv må dekke egne kostnader til teknisk utstyr og/eller tilgang til distribusjonsplattformer.

§ 31 NRK bør så langt som mulig benytte åpne standarder, så fremt ikke økonomiske eller kvalitative hensyn taler imot dette.

§ 37 NRK skal formidle kulturarven i Norge. Arkivene til NRK er en del av denne. NRK skal arbeide for å digitalisere og tilgjengeliggjøre disse arkivene for befolkningen. NRK skal tilgjengeliggjøre informasjon om arkivmaterialet. NRKs arkivmateriale skal så langt det er praktisk og juridisk mulig, samt presseetisk forsvarlig, være tilgjengelig for viderebruk. NRK kan kreve dekket kostnadene ved å gjøre arkivmateriale tilgjengelig for slik viderebruk av andre.

§ 51 NRK skal gjøre flest mulig av sine radio- og fjernsynsprogrammer tilgjengelig på Internett, både ved samtidig distribusjon og som arkivtjeneste for nedlasting og/eller individuell avspilling. NRK skal herunder gjøre tilgjengelig hele sin egenproduserte sendeflate som arkivtjeneste, forutsatt at dette ikke innebærer uforholdsmessig høye kostnader. NRK skal etterstrebe at også mest mulig av den øvrige sendeflaten fra siste sju dager gjøres tilgjengelig som arkivtjeneste.

2.10.1 Eit tilgjengeleg allmennkringkastingstilbud for alle

NRKs allmennkringkastingstilbud skal vere tilgjengeleg for heile befolkninga, noko som inneber at tilbodet skal vere universelt utforma og at alle skal kunne ta imot tilbodet. NRKs vedtekter slår fast at allmennkringkastingstilbudet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éi distribusjonsplattform. Kvar enkelt må sjølv dekke kostnadene til teknisk utstyr og tilgang til distribusjonsplattformer.

Ved vedtektsendringa frå 2023 blei kravet i § 24 om at NRK skal vere til stades på alle viktige medieplattformer, presisert ved å legge til at dette inkluderer internett. Endringa inneber inga materiell endring, men stadfestar anbefalinga Medietilsynet gav i forkant av utforminga av dei fireårige styringssignala for 2023–2026 i rapporten om NRKs bidrag til mediemangfaldet i 2021. I anbefalinga peikte Medietilsynet på at det ikkje er grunnlag for å avgrense det digitale handlingsrommet til NRK, og at ei slik avgrensing kunne redusere høvet NRK har til å utøve allmennkringkastingsoppdraget sitt for å nå grupper som ikkje bruker dei andre plattformene

til NRK.³⁸ Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 har tatt i bruk alle dei store medieplattformene for å nå breitt ut med programtilbodet. NRK viser til at det stadig blir arbeidd med å vidareutvikle NRKs nettsider og appar for mobil og smart-tv.

Vidare er NRKs tv- og radiosendingar, kanalar og program fritt tilgjengelege ved både samtidig distribusjon og ved individuell avspeling gjennom strøyming på internett i strøymetenestene NRK TV, NRK Super og NRK Radio. Alle NRKs lineære radio- og tv-kanalar er fritt tilgjengelege over det nasjonale digitale sendarnettet for radio (DAB) og det digitale bakkenettet for tv (DTT). Sendingane blir tilbydde «free-to-air», som betyr at sendingane kan bli tatt imot fritt med antenne og digitalmottakar, og det er inga form for tilgangskontroll eller betaling. Alle norske primærhusstandar kan ta imot allmennkringkastingstilbodet i form av kanalane på radio og tv gjennom det digitale bakkenettet for tv (DTT). Alle radiokanalane til NRK, inkludert distriktssendingar og vêr- og trafikkmeldingar, blir sende over det regionale DAB-nettet (Regionblokka). Regionblokka dekker 99,7 prosent av befolkninga og kan fritt bli tatt imot med ein DAB+-mottakar.

Innhaldstilbodet på nrk.no er fritt tilgjengeleg på internett. Brukarane må sjølv sørge for tilgang til nett for å kunne bruke tenester over internett. NRK opplyser at programma blir publiserte samtidig som dei blir sende på radio og tv, og stadig oftare tidlegare enn dei blir sende lineært. Aktuelle program innanfor alle sjangrar blir presenterte i tenesta, slik at dei skal vere enkle å finne. Innhaldet er også tilgjengeleg gjennom søk, og det er organisert i ulike kategoriar. NRKs nye eigenproduserte program har tidsavgrensa rettar, mens enkelte innkjøpte og eksterntproduserte program kan sjåast over ulike tidsperiodar etter at dei er sende på radio eller tv.

I NRK-plakaten blir det stilt krav til at NRK i utforminga av tilbodet sitt skal ta omsyn til personar med funksjonsvariasjonar. NRKs uttrykte ambisjon er at innhald og tenester skal kunne brukast av alle, også av personar med redusert syn, redusert høyrsel eller reduserte fysiske og kognitive ferdigheiter.

I kringkastingsregelverket har det i fleire år vore oppstilt ei rekke krav om universell utforming til NRK og kommersielle tv-kanalar med ein sjåarandel på meir enn 5 prosent. Krava til NRK er meir omfattande enn krava til dei kommersielle aktørane. I kringkastingsforskrifta § 2-5 blir det stilt krav til at NRK skal tekste alle program gjennom heile døgnet, også alle direktesende program dersom det er teknisk og praktisk mogleg. Program som har vore teksta på lineær-tv, og alle direktesendingar, skal vere tilgjengelege med teksting når dei blir publiserte i audiovisuell bestillingsteneste, dvs. tilgjengelege for ikkje-lineær avspeling i strøymetenesta NRK TV. Program på samisk skal vere teksta på det samiske språket som er talespråket i programmet, når slike program blir lagde ut i audiovisuell bestillingsteneste, dersom det er teknisk og praktisk mogleg. NRK skal også sende program dagleg med teiknspråktolking og på norsk teiknspråk, sende program med synstolking kvar veke, tilby lydtekst for alle

³⁸ Medietilsynet (2021) *NRKs bidrag til mediemangfoldet – Rapport fra Medietilsynet til Kulturdepartementet*.

ferdigproduserte program med teksting der det blir snakka eit anna språk enn norsk – og for alle direktesende program dersom det er teknisk og praktisk mogleg.

I 2024 rapporterer NRK at alle førehandsproduserte program og alle direktesendingar blei teksta for tv. Medietilsynet gjennomførte våren 2024 eit tilsyn i form av ein stikkprøver for å kontrollere om NRK etterlevde utvalde reglar i kringkastingsforskrifta § 2-5 om tilrettelegging for personar med funksjonsvariasjonar. Tilsynet viste ingen brott på regelen om teksting av direktesende program.

Vidare viser NRK til at distriktssendingane blei lagde ut med tekst i NRK TV same kveld. Også dei aller fleste programma som blei direkteteksta på fjernsyn, blei lagde ut med tekst i NRK TV. Vidare var dei aller fleste videoane som blei publiserte på nrk.no, teksta. NRK viser dessutan til at i 2024 blei designet i nyheitsflatene endra slik at det blant anna ikkje lenger er kollisjon mellom grafisk tekst, som namnesuper, og undertekst. Dette har vore etterspurt av brukarrådet til NRK over lengre tid.

NRK teksta totalt 23 066 sendetimar i 2024. Det er ein auke frå 22 803 timar i 2023. Andelen norsk innhald som blei teksta, auka frå 15 401 timar i 2023 til 15 981 timar i 2024.

For å kunne oppfylle kravet i kringkastingsforskrifta om at program på samisk skal vere teksta på det samiske språket som er talespråket i programmet, må NRK blant anna kunne tilby fleire tekstespor i NRK TV. NRK rapporterer at ei slik løysing var på plass mot slutten av 2024.

Det blir stilt krav til at NRK dagleg skal tilby program både på norsk teiknspråk og teiknspråktolka program. Program på norsk teiknspråk har dette som hovudspråk. I *Tegnspråknytt*, som er ei nyheitssending som blir send måndag til fredag på NRK1 klokka 17.45 til 17.49 og på kanalen NRK Tegnspråk, blir dei viktigaste hendingane i Noreg og verda oppsummerte. I desse nyheitssendingane er det ein programleiar som er døv som formidlar sakene på norsk teiknspråk. Sakene blir lesne opp på norsk, og sendinga blir direkteteksta. I helgene har NRK Tegnspråk andre programtilbod på norsk teiknspråk for ulike aldersgrupper.

I 2024 viste NRK blant anna det teiknspråklege programmet *Ål inn*, som var ein ny produksjon i 2023. I denne dokumentarserien får publikum følge elevar og lærarar ved Ål folkehøgskole gjennom eit år. All undervisning på skolen går føre seg på teiknspråk. Ein ny produksjon i 2024 var *Dette er norsk tegnspråk*, ein miniserie om kva norsk teiknspråk er, i møte med yngre og eldre teiknspråkbrukarar og forskarar.

Ved teiknspråktolking blir det som blir sagt i eit tv-program, omsett frå norsk til teiknspråk av ein tolk til høgre i bildet. Tolkinga blir send på den dedikerte kanalen NRK Tegnspråk. Kanalen blir send over bakkenett, satellitt og kabel. Dersom eit program er direkte eller førehandstolka, er den tolka versjonen tilgjengeleg i strøymetenesta NRK TV under kategorien «Tegnspråk». Om publikum ser eit program i NRK TV i ein nettlesar, kan dei også finne tolking ved å klikke på tekstesymbolet nede til høgre i bildet. Mot slutten av 2024 blei det mogleg å velje både teksting og tolk i NRK TV.

I 2024 tolka NRK blant anna barneprogram, nyheiter, debatt og underhaldning. Medietilsynets stikkprøvekontroll våren 2024 viste at NRK oppfyller krava i kringkastingsforskrifta til program på norsk teiknspråk og teiknspråktolka program.

Sjåarrådet som NRK starta i samråd med Norges Døveforbund (NDF) og Norges Døveforbunds Ungdom hausten 2021, blei oppretta for ein toårsperiode. NRK framhevar at dialogen har gitt nyttig innsikt som NRK tar med seg i arbeidet med teiknspråktolking og innhald på teiknspråk. Rådet var ikkje i funksjon i 2024, men NRK opplyser at et nytt råd skal starte opp i 2025, og NDF skal rekruttere nye deltakarar frå forskjellige lokallag i Noreg.

Synstolking er når ei stemme skildrar viktige visuelle element i bildet som ikkje kan bli oppfatta gjennom lyd. Målgruppa er blinde og sterkt synshemma. Synstolkinga blir send på tv-kanalen NRK1 lydtekst, og ein kan velje synstolka versjonar i NRK TV ved å gå til kategorien «synstolk». Når eit program blir vist i NRK TV via ein nettlesar, kan ein finne synstolking ved å klikke på tekstesymbolet.

NRK skal sende program med synstolking kvar veke, og i 2024 publiserte NRK totalt 76 timar nytt innhald med synstolking. Dette fordelte seg på tolv filmar og 20 seriar. NRK publiserte også seks nordiske seriar med synstolking på svensk eller dansk, noko som utgjorde 26 timar. Totalt synstolka NRK 102,4 timar norsk og skandinavisk innhald. I 2024 publiserte NRK også tre britiske seriar med engelsktalande synstolk. Medietilsynet kontrollerte i tilsynskontrollen at NRK oppfylte kravet om å sende jamlege synstolka program (kvar veke) over ein tilfeldig vald periode våren 2024, og avdekte ingen brott.

Blant filmtitlane i 2024 var *Dancing Queen* og *Alt for Norge*. Ein av dei nye seriane som blei synstolka, var *Brekket*, der ti kjendiseltakarar kjempar om å få delta i eit bankran.

NRK skal tilby lydtekst for alle ferdigproduserte fjernsynsprogram med teksting der det blir snakka eit anna språk enn norsk. Lydtekst er når ei automatisk stemme les opp den norske underteksten når det blir snakka eit framandspråk. Lydtekst er tilgjengeleg på tv-kanalane NRK1 lydtekst, NRK2 lydtekst og NRK Super / NRK 3 lydtekst. Vidare blir lydteksten også lagd ut på radiokanalen NRK Nyheter under sending av dei daglege nyheitsoppdateringane på formiddagen, Dagsrevyen 19 og Dagsrevyen 21. På denne måten kan lyttarane få med seg kva som blir sagt under intervju og innslag der det blir snakka andre språk enn norsk. Innhald som ligg lagra i NRK TV, kan også bli levert med lydtekst.

NRK har ein eigen tilgjengelegheitssjef og har i fleire år hatt eit brukarråd med representantar frå ti forskjellige interesseorganisasjonar for personar med funksjonsvariasjonar og éin representant frå Pensjonistforbundet. NRK viser til at brukarrådet har vore ein viktig bidragsytar til NRKs arbeid med tilgjengelegheit og mangfald. Mandatet til brukarrådet er å gi innspel til korleis NRK kan gjere tilgjengeleg innhald og tenester for alle, og korleis NRK kan arbeide med å spegle funksjonsmangfald både i innhald og organisasjon. I 2024 gjennomførte brukarrådet to møte, og temaa dreidde seg i stor grad om mangfald, men også tilgjengelegheit. Rådet delte refleksjonar med humoravdelinga og snakka med utviklarar av konkrete tv-produksjonar, for eksempel *Team Pølsa*. NRK opplyser at det også blei arrangert eit møte mellom kommentatorane i NRK Sport og representantar frå

brukarrådet, der det blei utveksla erfaringar og gitt innspel om tilgjengelegheit, språk og paraidrett.



Brukarrådet inkludert representantar frå NRK. Bak frå venstre: Sindre Falk, Kristoffer Lium, Adriana Fjellaker, Daniel Lie, Vibeke Fürst Haugen, Erling Due Bergseth og Siri Antonsen. Foran frå venstre: Christine Rehn Jensen, Cato Lie, Kari Kristine Engan, Sverre Fuglerud og Inger Marie Stokke. Foto: Ole Kaland / NRK

Ved vidareutvikling av NRKs nettsider og appar for mobil og smart-tv har NRK også i 2024 lagt vekt på tilgjengelegheit. På nrk.no har blant anna nettsaka «Pensjonskalkulatoren» og spelet «Tvers» hatt tilgjengelegheit med frå starten i utviklinga. Det har også blitt utvikla ein funksjon for nettjournalistar som gjer at dei i førehandsvisninga av sakene som skal publiserast, ser korleis bilda er beskrivne for blinde brukarar. NRKs uttalte mål med dette er skape større bevisstheit og kompetanse for å auke kvaliteten på bildeskildringane til publikum. NRK etablerte i 2024 også eit eige tilgjengelegheitsnettverk som eit pilotprosjekt. Dette skal bidra til å skape best mogleg oppleving av NRK TV, NRK Radio og Yr for heile befolkninga.

NRK framhevar også at høyrbar tale er viktig for NRKs høyrselshemma publikum, og NRK har laga generelle retningslinjer for kva ein bør tenke på når høyrbar lyd skal bli produsert. I 2024 hadde NRK eit prosjekt for ny nyheitsprofil gjennom ei oppdatering av korleis *Dagsrevyen*, *Nyhetsmorgen* og *Dagsnytt 18* skal sjå og høyrast ut. Både vignettar og lydunderlag blei justerte etter lansering på bakgrunn av innspel frå brukarrådet og publikum.

Frå 1. mai 2025 trede nye reglar med strengare krav til universell utforming i kraft. NRK skal gjere alle bildeprogram som har blitt teiknspråktolka eller synstolka på tv, tilgjengelege med teiknspråktolking eller synstolking når bildeprogramma blir lagde ut på NRK TV. Dette kravet kjem i tillegg til dei krava som gjeld frå før. NRK skal også levere ein handlingsplan der dei skildrar korleis den universelle utforminga skal forbetrast utover dei krava som følger av lova

og forskrifta. Handlingsplanen gjeld for tre år om gongen, og NRK skal kvart tredje år rapportere til Medietilsynet om arbeidet med universell utforming.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte krava om å vere til stades og utvikle tenester på alle viktige medieplattformer, inkludert Internett, for å nå så breitt som mogleg ut med det samla programtilbodet.

NRK oppfylte også kravet om at allmennkringkastingstilbodet skal vere gratis tilgjengeleg for heile befolkninga på minst éi distribusjonsplattform. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK gjennom NRK TV og NRK Radio oppfyller kravet om å gjere flest mogleg av radio- og tv-programma tilgjengelege, både for samtidig distribusjon og for individuell avspeling. Heile den eigenproduserte sendeflata og mest mogleg av sendeflata elles er gjord tilgjengeleg som arkivteneste.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte kravet om å ta omsyn til personar med funksjonsvariasjonar ved utforminga av tilbodet sitt. NRK oppfylte også det nye kravet om å tilby innhald på teiknspråk. Les meir om vurderinga og konklusjonen i punkt 2.8.1.

2.10.2 Eit tilgjengeleg arkiv og opne standardar

Det er eit krav at NRK skal formidle kulturarven i Noreg, og NRKs arkiv er ein del av denne. NRK skal vidare arbeide for å digitalisere og gjere desse arkiva tilgjengelege for befolkninga, og NRK skal gjere informasjon om arkivmaterialet (metadata) tilgjengeleg. Dette er viktig for at dei som ønsker å bruke arkivinnhald, kan finne det. Arkivmaterialet skal også, så langt det er praktisk og juridisk mogleg, og presseetisk forsvarleg, vere tilgjengeleg for vidarebruk. NRK kan krevje å få kostnadene dekte ved å gjere arkivmaterialet tilgjengeleg for slik vidarebruk av andre.

NRK viser til at det dei siste åra er gjort ein betydeleg innsats for å gjere radio- og tv-arkivet allment tilgjengeleg. NRK jobbar kontinuerleg med å legge til rette innhald på plattformene, slik at det skal vere enkelt å velje innhald frå heile arkivet. For eksempel er innhaldet i kategorien «NRK-arkivet» i NRK TV oppdelt etter tiår tilbake til 60-talet. I 2024 blei artistar og kunstnarar som Lillebjørn Nilsen og Agnes Buen Garnås heidra på denne sida ved at høgdepunkt frå karrierane deira, som var bevarte i NRK-arkivet, blei lagde ut.

Det er eit mål at så mykje som mogleg av arkivet og eigenproduksjonen til NRK skal vere tilgjengelege for alle, og om lag 240 000 tv-program og 465 000 radioprogram ligg tilgjengeleg i NRK TV og NRK Radio. I tillegg er 62 800 podkastar tilgjengelege. For NRK TV er dette ein auke frå rundt 240 000 tv-program i 2023, mens det for NRK Radio er ein auke frå 420 000 radioprogram og 57 770 podkastar i 2023. NRK viser til at det har vore vanskeleg å bli einige med stiftelsen Music Nest Norway om ein musikkavtale, noko som gjer at ein del lydinnhald der musikk utgjer brorparten av innhaldet, er tatt ut av strøymetenesta.

Strøymetenestene NRK TV, NRK Super og NRK Radio gjer tv- og radiosendingane til NRK tilgjengelege på internett, der publikum sjølv kan bestemme når dei ønsker å sjå dei. Programma blir publiserte samtidig som dei blir sende på radio og tv – eller tidlegare, noko som skjer stadig oftare. Aktuelle program innanfor alle sjangrar blir presenterte i tenesta, slik

at dei skal vere enkle å finne. Innhaldet er også tilgjengeleg gjennom søk og er organisert i ulike kategoriar.

NRK viser til at det lenge var slik at den aller viktigaste oppgåva for arkiva i NRK var å ta vare på programma for ettertida, men dei seinare åra har tilnærminga skifta i stadig større grad frå bevaring til bruk. I 2023 inngjekk NRK og Nasjonalbiblioteket ein samarbeidsavtale der NRK overleverer ein større del av det historiske materialet med bevaringsverdi til Nasjonalbiblioteket – utover det som er omfatta i lov om avleveringsplikt. Nasjonalbiblioteket skal bevare og forvalte samlingane med blant anna originale filmopptak og band, manus og stillbilde, og gjere dei tilgjengelege.



I NRK-arkivet finn du filmar, seriar, konsertar med meir. Her frå *Visekveld på Vålerenga* frå 1976.
Foto: NRK

I NRK TV blir historisk og klassisk tv-innhald løfta fram etter sesong, årstider og hendingar i samfunnet og presentert i ulike kategoriar. I samband med markeringar og hendingar kjem arkivinnhald med oppdatert innpakning i form av nye bilde og programskildringar. For eksempel blir dette gjort i tilknytning til feiringa av 17. mai og den samiske nasjonaldagen 6. februar. I samband med valet i USA blei det lagt ut amerikansk dokumentarhistorie frå radioarkivet i NRK Radio. Titlane blei samla under overskrifta «Amerikansk historie».

NRKs innhaldsportefølje består av eigenprodusert innhald som NRK eig, eksterne produksjonar som NRK investerer i, nordiske samproduksjonar og internasjonale visningsrettar. Kor lenge eit innhald kan vere tilgjengeleg for publikum, er påverka av graden av eigarskap og investering. NRK har sidan 2014–2015 samarbeidd med sentrale rettsorganisasjonar og reforhandla avtalane knytte til eigenproduksjonar, slik at desse nå opnar for strøyming av nytt innhald i mykje større utstrekning enn tidlegare. Desse avtalane gjeld ikkje gammalt NRK-innhald. NRK har tidlegare inngått arkivavtale med Norwaco om rettane til å publisere det mest relevante innhaldet frå den eldste delen av arkivet. Avtalen omfattar NRK-produserte program som er eldre enn frå 1997. I 2022 blei denne avtalen

utvida til å gjelde alle dei eigenproduserte tv- og radioprogramma som er produserte før 1. januar 2015. NRK opplyser at dei aller fleste tv-programma som er omfatta av avtalen med Norwaco, nå er tilgjengelege i NRK TV.

NRK deler eige innhald eller gjer det tilgjengeleg for andre norske redaktørstyrte medium når det er mogleg. NRK krev berre dekning av kostnader knytte til sjølve tilgjengeleggjinga. I 2024 behandla NRK 718 saker, som er ein nedgang frå 850 i 2023. Av ferdigstilte, registrerte saker hos Innholdssalg er 26 prosent deling med andre redaktørstyrte mediehus og produksjonsselskap, som er ein auke frå om lag 10 prosent i 2023 og om lag 17 prosent i 2022. Sidan juli 2024 har Innholdssalg registrert 97 klipp delt utan kostpris med andre redaktørstyrte medium direkte frå nyheitsavdelingane og distriktskontora til NRK.

NRK viser til at Innholdssalg i 2024 har levert dagsaktuelle saker og historisk interessant arkivmateriale til alle sjangrar, som for eksempel til dramaseriar som *Quislings siste dager*, og til fakta og dokumentarar som *Leo og de farlige*. Innholdssalg har også gjentakande og faste leveransar til underholdningsprogram som *Hver gang vi møtes* og *Alle mot 1*. NRK opplyser at arkivet er gjort tilgjengeleg for eksterne produsentar og mediehus for søk i eit påsynsrom. Det er ei uttalt målsetting for NRK å stadig forbetre og legge til rette for enklare tilgang til NRKs arkiv.

I NRK-plakaten går det fram at NRK så langt som mogleg bør nytte opne standardar, så lenge ikkje økonomiske eller kvalitative omsyn taler imot dette. NRK viser til at opne kjeldekodar både blir anvende og delte så langt det er mogleg. NRK nyttar opne kjeldekodar i interne system og i teknologien som inngår i viktige delar av publikumstilboda. Det er utvikla ein policy for deling som gir interne retningslinjer for kva kjeldekodar og system som kan bli delte.

NRK viser til samarbeid om felles standardar for metadata og open kjeldekode internt i Den europeiske kringkastingsunionen (EBU) og mellom NRK og ei rekke bedrifter og offentlege instansar. NRK tilbyr for eksempel i samarbeid med Meteorologisk institutt tilgang til vêrdata gjennom opne data-API-ar frå yr.no. Vidare er NRK i gang med ein overgang av produksjonsinfrastrukturen til audio og video over internettprotokollen (AVoIP). Dette gjer store delar av NRKs produksjonsinfrastruktur mykje meir standardiserte på vanlege dataprotokoller. Det gjer NRK forberedt på overgang til nye tv-format og forenkler samhandling, fjernproduksjon og samproduksjon med eksterne fagmiljø. Eit eksempel er fjernproduksjon frå store sportsarrangement som *Sjakk-VM* og *OL*.

Tv-avviklingssystemet Sofie blei utvikla vidare av NRK basert på open kjeldekode som var gjort tilgjengeleg av SVT. Dei siste åra har for eksempel dansk TV 2, TV 2 i Noreg og BBC tatt i bruk Sofie. NRK viser til at fleire andre selskap er i gang med bruk av systemet eller har det i testfase, nokon med aktive bidrag frå NRK eller dansk TV 2, mens enkelte har tatt det i bruk ved å hente det som open kjeldekode. Fleire selskap bidrar med aktiv forbetring, og NRK har tatt i bruk fleire av disse bidraga.

NRK har også eit samarbeid med Schibsted om bruk av felles produkt innanfor kunstig intelligens-området. Samarbeidet er dessutan i startfasen når det gjeld å utvikle nasjonale grunnmodellar (NorLLM med fleire).

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte krava til å formidle kulturarven, digitalisere arkivet og gjere arkivet og informasjonen om arkivmaterialet tilgjengeleg for befolkninga. Medietilsynet vurderer også at NRK i samsvar med Stortingets føresetnader og presiseringar i vedtektene berre krev å få dekt kostnadene til å gjere arkivmaterialet tilgjengeleg for vidare bruk av andre. Vidare vurderer Medietilsynet at NRK i tilbodet sitt tar sikte på å så langt som mogleg bruke opne standardar, føresett at økonomiske eller kvalitative omsyn ikkje taler mot dette.

2.10.3 Beredskapsansvar

NRK har særlege beredskapsplikter i kraft av å vere ein offentleg finansiert riksdekkande allmennkringkastar. Ansvar er regulert i kringkastingslova § 2-4, som gir alle kringkastarar formell plikt til å sende meldingar frå styresmaktene når det har stor betydning.

NRKs nærmare beredskapsplikter blir regulerte i eiga forskrift om NRKs verksemd under beredskap og i krig,³⁹ som blant anna inneheld reglar om at NRK har plikt til å iverksette særskilde beredskapstiltak for å sikre at informasjon frå regjeringa når ut til befolkninga. Ifølgje forskrifta skal det bli tatt beredskapsomsyn ved utbygging av sendaranlegga til NRK. Etter digitaliseringa av dei nasjonale tv- og radionetta gjeld beredskapsplikta det digitale riksdekkande bakkenettet for tv (DTT) og Regionblokk som er NRKs del av DAB-nettet. Etter digitaliseringa på radio har alle radiokanalane til NRK same dekning, til forskjell frå tidlegare, da NRK P1 hadde ein særleg posisjon som beredskapskanal. I distribusjonsavtalen mellom NRK og Norkring er det stilt krav om 99,8 prosent oppetid i heile sendarnettet på årsbasis.

NRKs særskilde beredskapsansvar er også tydeleggjort i eit krav i NRK-plakaten. Dette inneber at NRK skal gjere greie for korleis kravet er oppfylt i samband med Medietilsynets vurdering av korleis NRK varetar allmennkringkastingsoppdraget sitt. Ved vedtektsendringa i 2023 blei ansvaret NRK har ved nasjonale kriser, presisert ved at NRK i ein slik situasjon skal legge vinn på å oppretthalde ei omfattande nyheitsdekning og eit breitt allmennkringkastingstilbod som dekker behovet befolkninga har for oppdatert informasjon. Ordlyden blei i tillegg endra ved at omgrepet «over kringkastingsnett» ikkje lenger står i kravet, noko som tydeleggjør at informasjonsansvaret er plattformnøytralt. Vidare er omgrepet «katastrofar» fjerna frå den tidlegare ordlyden. Medietilsynet legg til grunn at det ikkje inneber ei materiell endring ut frå at omgrepet nasjonale kriser framleis står og er dekkande.

NRK har i 2024, som i 2023 og 2022, utarbeidd og publisert ei eiga, open trusselvurdering. NRK viser til at trusselvurderinga er ei kjelde i arbeidet med vurderingar av risiko og sårbarheit rundt beredskapsansvaret, og alle miljø i NRK går gjennom trusselvurderinga og har eigne tiltak.

³⁹ Forskrift om NRK under beredskap og i krig, tilgjengeleg 31. mai 2023 på <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1989-10-06-4154>

NRK rapporterer at evna til å vareta det særlege beredskapsansvaret er ytterlegare styrkt i 2024, og det er sett i verk tiltak som gir NRK ei meir robust publiserings- og sendeevne og som gjennom jamleg trening sikrar at kompetanse og rutinar er på plass. På denne måten er NRK betre rusta til å oppretthalde ei omfattande nyheitsdekning – også i ei krise. NRK har elles ytterlegare styrkt sikkerheitstiltak knytte til viktige system.

NRK peiker på tillit i befolkninga, publiseringsevne og oppetid som tre sentrale punkt for å oppfylle beredskapsansvaret. Truslar mot dette som finst i aukande grad, er blant anna misbruk av NRKs merkevare og angrep på truverdet ved digitalt bedrageri. For NRK er det sentralt med ein grunnleggande tillit, slik at tiltrua til informasjonen styresmaktene vil kringkaste ved nasjonale kriser og katastrofar, ikkje blir påverka negativt.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 varetok det særskilde beredskapsansvaret NRK har. Vidare ser Medietilsynet positivt på at NRK i 2024 aktivt har oppdatert innsikt om risikofaktorane i trusselbildet og gjennomført tiltak for å sikre ein meir robust publiserings- og sendeevne. Begge tiltaka er viktige for å vareta beredskapsansvaret i ei eventuell nasjonal krise.



Redaksjonelt uavhengig og reklamefri

2.11 Redaksjonelt uavhengig og reklamefri

Vedtektene:

§ 25 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være reklamefritt og skal ikke inneholde spesielle salgsfremmende henvisninger til konsernets kommersielle tjenester og produkter.

§ 29 NRK skal verne om sin integritet og sin troverdighet for å kunne opptre fritt og uavhengig overfor personer eller grupper som av politiske, ideologiske, økonomiske eller andre grunner vil øve innflytelse på det redaksjonelle innholdet. Virksomheten skal preges av høy etisk standard. Saklighet, analytisk tilnærming og nøytralitet skal etterstrebese, jf. bl.a. prinsippene i Redaktørplakaten, Vær Varsom-plakaten og Tekstreklameplakaten.

§ 45 NRKs redaksjonelle avgjørelser skal ikke være styrt av kommersielle hensyn.

§ 46 NRK skal utvise særlig varsomhet med å tilby innhold som utsetter publikum for kommersielt press. Dette gjelder særlig for programmer rettet mot barn og unge.

§ 47 NRKs allmennkringkastingstilbud skal hovedsakelig finansieres ved tilskudd over statsbudsjettet. Tilskudd over statsbudsjettet og andre offentlige inntekter skal ikke subsidiere kommersielle aktiviteter. Det skal være et klart regnskapsmessig skille mellom NRKs allmennkringkastingsvirksomhet og kommersielle aktiviteter.

§ 48 NRK kan ta imot sponsoring, men bør begrense omfanget.

§ 49 NRK skal kunne videreutvikle kommersielle tjenester som genererer overskudd som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstjenester. NRKs kommersielle tjenester skal ha sammenheng med selskapets redaksjonelle virksomhet. NRK skal tilstrebe et tydeligst mulig skille mellom allmennkringkastingstilbudet og kommersielle tjenester. Den forretningsmessige virksomheten skal være forenlig med de krav til kvalitet og integritet som gjelder for NRK.

Det redaksjonelle sjølvstendet til media er ein grunnleggande føresetnad for den viktige rolla media skal fylle i eit demokratisk samfunn. Dei redaktørstyrte media har ei sentral rolle og har fått særlege ansvarsreglar. Som allmennkringkastar har NRK fått eit særleg ansvar for fri og uavhengig formidling av samfunnsrelevant informasjon og for å avdekke kritikkverdige forhold. NRK viser til at dei jobbar målretta for å halde høg presseetisk standard i det redaksjonelle arbeidet, og for å vere saklege, analytiske og nøytrale i den journalistiske dekninga av saker. NRK er medlem i Norsk Presseforbund og følger det felles etiske regelverket til pressa, som har fleire krav til redaksjonelt sjølvstende, jf. Ver Varsam-plakaten, Redaktørplakaten og dei lovfesta ansvarsreglane på dette området. NRK opplyser at ei eiga etikkhandbok gir ytterlegare avgrensingar for NRKs medarbeidarar på utvalde område med utgangspunkt i Ver Varsam-plakaten. NRK har også ein eigen etikkredaktør som har eit overordna ansvar for å systematisere arbeidet med god redaksjonell etikk i heile NRK. I 2025 vil denne funksjonen bli styrkt ved opprettinga av ei eiga etikkeining, rapporterer NRK.

I 2024 behandla Pressens Faglige Utvalg (PFU) 15 klager mot NRK der utvalet opna for forenkla eller full behandling. PFU behandla totalt 243 klager i 2024, og det går fram av PFU-statistikken frå Norsk Presseforbund at mediet med flest klager var NRK, etterfølgt av TV 2

(13 klager).⁴⁰ PFU konkluderte med at NRK hadde brote god presseskikk i éi av sakene som blei tatt opp til klagebehandling. I dei andre 14 sakene konkluderte PFU med at NRK ikkje hadde brote god presseskikk. Talet på saker som PFU tar til behandling, har gått ned dei siste tre åra, frå 17 i 2023 og 23 i 2022. Saka der PFU konstaterte brott på presseskikken, gjaldt dokumentarserien *Ingen elsker Bamsegutt*, der NRK blei felt på tre punkt i Ver Varsam-plakaten. Dokumentarserien blei publisert 15. november og avpublisert av NRK allereie 19. november 2023. Medietilsynet viser til uttalen frå PFU, der det går fram at utvalet fann at NRK utelét ei sentral opplysning om hovudpersonen i serien, at NRK ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til sonen til hovudpersonen som blei eksponert med namn og bilde, og at programmet inneheldt opplysningar som kunne verke stigmatiserende.⁴¹ Vidare går det fram av uttalen at NRK blei felt for manglande integritet som følge av at programleiaren blei formell part i ei utlendingssak.⁴² NRK opplyser at arbeidet med dokumentarserien er gjennomgått med dei redaksjonelle miljøa og evaluert med eit mål om å finne læringspunkt og tiltak for å redusere risikoen for at noko liknande kan skje igjen. I 2024 har NRK gjennomført omfattande tiltak for å styrke det presseetiske arbeidet i NRK under tittelen «Bedre rustet». NRK opplyser vidare at fleire tiltak er sette i verk for å styrke dei interne prosessane i arbeidet med presseetiske dilemma, som blant anna å tydeleggjere redaktørrolla og redaktøransvaret og utarbeide kompetanseprogram. NRK etablerer også ei eiga etikkeining som vil bestå av etikksefjen og éin til to etikkrådgiavarar. Desse skal bidra med kompetanse til redaksjonane i presseetisk krevjande prosjekt.

NRKs vedtekter har ei rekke krav som skal sikre at allmennkringkastingstilbodet er ikkje-kommersielt, og at NRK har eit klart skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og kommersielle aktivitetar. NRK gjer greie for at allmennkringkastingstilbodet er reklamefritt og ikkje inneheld salsfremmande tilvisingar til NRKs tenester eller produkt. NRK presiserer at redaksjonelle avgjerder og tilbod er styrte av redaksjonelle omsyn med grunnlag i allmennkringkastingsoppdraget, utan kommersiell påverknad. Vidare gjer NRK greie for at dei er varsame med å tilby innhald som utset publikum for kommersielt press i innhaldstilbodet generelt. NRK Super tilbyr først og fremst innhald for barn og unge og er derfor svært varsame med å eksponere merkenamn. Blant anna blir emballasje bytt ut, og merkelappar på klede blir fjerna. I den reine journalistikken som rettar seg mot barn og unge, blir kommersielle produkt i liten grad omtalte. NRK viser til at kvaliteten på innhaldet er avgjerande ved kjøp av internasjonale seriar, men at NRK alltid vurderer om den kommersielle produktporteføljen som følger serien (for eksempel leiker), forsterkar eit kommersielt press på barn.

NRK blir finansiert gjennom ei direkte løyving over statsbudsjettet,⁴³ og Medietilsynet betaler ut tilskottet til NRK. Den statlege løyvinga skal dekke drifta av NRK og utgåande

⁴⁰ Les meir i Norsk Presseforbunds *PFU-statistikk 2023*, tilgjengeleg på <https://presse.no/wp-content/uploads/2024/01/Etikket-2023.pdf>

⁴¹ Sjå fullstendig omtale av PFU-sak 24-011 på nettstaden til Pressens Faglige Utvalg, <https://pfu.presse.no/pfu-basen/24-011>

⁴² Ibid.

⁴³ Finansieringsmodellen til NRK blei endra frå kringkastingsavgift til direkte løyving over statsbudsjettet frå og med 1. januar 2020.

meirverdiavgift. Det er lagt til grunn at NRK arbeider med å effektivisere drifta ytterlegare og å vurdere korleis samfunnsoppdraget kan løysast best mogleg innanfor dei økonomiske rammene.⁴⁴ For åra 2024–2026 vedtok Stortinget etter forslag frå regjeringa å justere tilskottet til NRK i tråd med pris- og lønnsveksten.

Årsrekneskapen og årsmeldinga til NRK viser at dei samla driftsinntektene i NRK AS var 6678 millionar kroner i 2024, ein auke på 245 millionar kroner (3,8 prosent) frå 6432 millionar kroner i 2023.⁴⁵ I 2024 utgjorde det statlege tilskottet 6443 millionar kroner, ein auke på 224 millionar kroner (3,6 prosent) frå 2023. Andre driftsinntekter utgjorde 234 millionar kroner i 2024, ei auke på 21 millionar kroner samanlikna med 2023. NRK forklarar at andre driftsinntekter består av tilskott frå fond til konkrete produksjonar i tillegg til inntekter frå royalties, sponing, utleige av produksjonskapasitet og sal av arkivmateriale og program. Resultatrekneskapen til NRK for 2024 viser at løyvinga over statsbudsjettet finansierer om lag 96,5 prosent av verksemda. Denne inntekta finansierer dermed i all hovudsak verksemda til NRK. Andre driftsinntekter utgjør ein liten del av den samla finansieringa.

NRK driv den kommersielle aktiviteten sin gjennom det heileigde dotterselskapet NRK Aktivum AS, som blir halde åtskilt frå allmennkringkastingsverksemda. Årsrekneskapen viser at selskapet omsette for 85 millionar kroner i 2024, ein reduksjon på 14 millionar frå 2023. Driftsresultatet var positivt, med 7 millionar kroner i overskott, mens det rekneskapsmessige overskottet før skatt var 17 millionar kroner. I 2024 blei 13 millionar kroner overførte frå NRK Aktivum til allmennkringkastingsverksemda i NRK.

NRK har avgrensa høve til å hente sponsorinntekter sidan NRK berre kan få sponsa enkelte programkategoriar. Meld. St. 38 (2014–2015) *Open og opplyst – allmennkringkasting og mediemangfald* og Meld. St. 17 (2018–2019) *Mangfald og armlengds avstand – Mediepolitikk for ei ny tid* slår fast at NRK skal praktisere tilgang til sponing på ein restriktiv måte. NRK opplyser at dei overheld reglane som følger av kringkastingsregelverket og NRK-vedtektene om sponsorfinansiering og visning av sponsorplakatar. Medietilsynet har ikkje avdekt brott på reglane om sponing i NRKs programverksemd i 2024. NRK viser vidare til at forretningsavtalar og -inntekter går gjennom NRK Aktivum og blir handterte med ei armlengds avstand. Samla sponsorinntekter i 2024 var 13,4 millionar kroner, det vil seie ein reduksjon på i overkant av 3 millionar kroner frå 2023 og 2022, da desse inntektene var om lag 16,5 millionar kroner. Nivået på sponsorinntekter ligg med dette framleis lågare enn i 2019, da summen var 29,3 millionar kroner.

NRK har ifølge vedtektene høve til å vidareutvikle kommersielle tenester som har samband med den redaksjonelle verksemda til selskapet. NRK opplyser at NRKs rettar blir forvalta av ei eiga organisatorisk eining som vurderer om det skal bli gitt samtykke til eventuelle kommersielle aktivitetar. I denne vurderinga blir det lagt særleg vekt på om aktiviteten støttar opp om allmennkringkastingsverksemda til NRK, og om publikum får ein

⁴⁴ I rammetilskottet til NRK for 2023 og den kommande fireårsperioden er det tatt omsyn til at kompensasjonen NRK fekk for å drifte og avvikle lisensavdelinga, ikkje skal vidareførast, jf. Prop. 1 S (2022–2023).

⁴⁵ NRKs årsrapport for 2024

meirverdi. Det blir også lagt stor vekt på at produkt og tenester skal ha høg kvalitet. NRK opplyser at det ikkje er utvikla slike kommersielle aktivitetar eller tenester i 2024.

Konklusjon: Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte krava til at allmennkringkastingstilbodet skal vere reklamefritt og ikkje innehalde spesielle salsfremmande tilvisingar til dei kommersielle tenestene og produkta til konsernet. Medietilsynet vurderer også at NRK oppfylte krava om å verne om integriteten og tilliten sin for å kunne opptre fritt og uavhengig.

Utgreiinga frå NRK viser også at NRK legg vinn på å halde ein høg etisk standard, vere sakleg, nøytral og ha ei analytisk tilnærming, jamfør prinsippa i det felles etiske regelverket til pressa. Ei av oppgåvene innanfor allmennkringkastingsoppdraget til NRK er undersøkende journalistikk som bidrar til å avdekke kritikkverdige forhold og beskytte enkeltmenneske og grupper mot overgrep eller forsømmingar frå blant andre offentlege myndigheiter, jamfør NRKs vedtekter § 28. Medietilsynet påpeikte allereie i tilsynsrapporten for 2023 at brota på god presseskikk som PFU fann i dokumentarserien *Ingen elsker Bamsegutt*, var alvorlege. Det er føresett at NRK som offentlig allmennkringkastar har høge etiske standardar og er godt rusta til å handtere presseetiske dilemma, ikkje minst innanfor produksjon og formidling av fakta- og dokumentarstoff. Medietilsynet meiner det er positivt og viktig at NRK har evaluert og følgd opp Bamsegutt-saka med tiltak for å styrke det presseetiske arbeidet i krevjande saker, og at desse tiltaka held fram gjennom fastsetting av rutinar for dei redaksjonelle miljøa, program for kompetanseheving og organisatoriske løysingar.

På grunnlag av utgreiinga frå NRK vurderer Medietilsynet at NRKs redaksjonelle avgjerder ikkje er styrte av kommersielle omsyn. Medietilsynet vurderer vidare at NRK generelt er bevisste på og har etablerte rutinar for bruk av sponning i organisasjonen. Omfanget av sponsorinntekter i 2024 tilseier at NRK har ein avgrensa bruk av sponning.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte krava om at allmennkringkastingstilbodet i hovudsak skal bli finansiert over statsbudsjettet, at tilskott over statsbudsjettet og andre offentlege inntekter ikkje skal subsidiere kommersielle aktivitetar, og at det skal vere eit klart rekneskaps- og driftsmessig skilje mellom allmennkringkastingsverksemda og NRKs kommersielle aktivitetar.

Medietilsynet vurderer at NRK i 2024 oppfylte krava som er knytte til at NRK kan vidareutvikle kommersielle tenester som skaper overskott som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstenester. NRK oppfylte også krava til at dei kommersielle tenestene som NRK utviklar, skal ha samband med den redaksjonelle verksemda til selskapet, og at NRK legg vinn på å skape eit så tydeleg skilje som mogleg mellom allmennkringkastingstilbodet og kommersielle tenester. Medietilsynet vurderer at NRK oppfyller krava om at den forretningsmessige verksemda skal vere i samsvar med dei krava til kvalitet og integritet som gjeld for NRK.

Bildekreditering:

Forsidebilde: Frida Marie Flatland / NRK

Allmennkringkastingsoppdraget og finansieringa av NRK: Anne Liv Ekroll / NRK (side 3)

Vurdering av programverksemda til NRK: Max Emanuelson / Monster / NRK (side 10)

Bidrag til det norske mediemangfaldet: Monster / NRK (side 14)

Høg kvalitet, mangfald og nyskaping: NRK (side 31)

Nyheits- og aktualitetsdekninga: NRK (side 53)

Distriktsdekninga: Øyvind Nordahl Næss / NRK (side 61)

Barn og unge: Ole Petter Hodnungseth / NRK (side 67)

Språk, identitet og kultur: Mads Suhr Pettersen / NRK (side 76)

Norsk kultur, kunst, musikk, drama og film: Agnete Brun / NRK (side 101)

Tilgjengelegheit og beredskap: Tom Balgaard / NRK (side 129)

Redaksjonelt uavhengig og reklamefri: Seefood/NRK (side 140)

Baksidebilde: Tom Øverlie / NRK



Medietilsynet

Nygata 4, 1607 Fredrikstad
post@medietilsynet.no
facebook.com/medietilsynet
twitter.com/medietilsynet

ISBN: 978-82-8428-047-9